


Vold mot barn og unge i nære relasjonar: Forståing, konseptualisering og sosialfaglege perspektiv

Margrete Aadnanes



Avhandling ph.d sosialt arbeid og sosialpolitikk
Fakultet for samfunnsvitenskap
Høgskolen i Oslo og Akershus

Høst 2017

CC-BY-SA Høgskolen i Oslo og Akershus

Avhandling 2017 nr 12

ISSN 1893-0476

ISBN 978-82-8364-067-0

HiOA,
Læringscenter og bibliotek,
Skriftserien
St. Olavs plass 4,
0130 Oslo,
Telefon (47) 64 84 90 00

Postadresse:
Postboks 4, St. Olavs plass
0130 Oslo

Adresse hjemmeside: <http://www.hioa.no/Om-HiOA/Nettbokhandel>

For elektronisk bestilling klikk Bestille bøker

Opplag trykkes etter behov, aldri utsolgt

Trykket hos Allkopi
Trykket på Multilaser 80 g hvit

Forord

Det er mange som skal ha ei takk for å ha bidrege og støtta meg undervegs i arbeidet med denne avhandlinga. Først og fremst ei stor takk til alle deltakarane i studien, dei unge og profesjonsutøvarane, som delte av sine erfaringar. Utan dykk, ingen studie. Takk også til alle fagpersonar og instansar ute i feltet som hjalp meg med rekruttering, og som bidrog med spennande og lærerike faglege innspel! Det har vore svært viktig for utforminga av prosjektet.

Så ei takk til institutt for sosialt arbeid ved Høgskulen i Oslo og Akershus, og PhD-programmet i sosialt arbeid og sosialpolitikk for å ha tilsett meg i stillinga som stipendiat. Takk også til dei to som har vore leiarar ved programmet i mi tilsetjingstid, Randi Wærdahl og Amy Østertun Geirdal, som har bidrege med råd og tilrettelegging undervegs. Takk til Anne Thorsen i fakultetsadministrasjonen, som alltid har svar på det ein stipendiat kan lure på av administrative spørsmål.

Eg vil også rette ei takk til dei fagleg tilsette ved både master- og PhD-programmet på instituttet for godt kollegaskap og eit stimulerande fagleg miljø. Den største takka må naturlegvis gå til hovudveiledaren min, Liv Mette Gulbrandsen. Utan din kunnskap, dine kloke, teoretiske innspel, analytiske finesse og kyndige veiledning hadde ikkje avhandlinga blitt det den no er. Eg set veldig stor pris på at du ville vere min veileidar og for at du har følgd meg tett gjennom heile løpet. Takk for mange gode faglege samtalar og veiledningar, og for at du har inspirert og pusha meg undervegs til å strekkje meg litt lenger. Eg vil også rette ei stor takk til Marianne Rugkåsa, som sa seg villig til å kome inn som medveileidar det siste året. Ditt faglege blikk og dine konstruktive råd i analyse og skriving, særleg i arbeidet med den andre artikkelen, har vore til stor hjelp. Eg har sett utruleg stor pris på at du alltid har vore så positiv og hatt trua på meg og arbeidet mitt.

I tillegg til å ha to dyktige veiledarar, har eg også vore så heldig å få vere med i Oddbjørg Skjær Ulvik si forskingsgruppe Barneliv og profesjonsutøvelse. I denne har eg fått delteke på fleire skriveseminar der eg har fått gode innspel og god skrivetid, noko som har vore svært fruktbart i analyse- og skriveprosessen. Takk Oddbjørg for di rausheit og for å inkludere meg i ei gruppe som har vore ein trygg å god stad å utvikle seg fagleg i. Vidare må eg også rette ei takk til VID høgskole, der eg har vore tilsett den siste tida, og særleg til Inger Oterholm for forståing og tilrettelegging i både innspurten med å ferdigstille avhandlinga og i førebuingar til disputas.

Så til mine kjære stipendiatkollegaer: Tusen takk for å ha gjort desse tre, fire åra uforgløyemelege. Utan den gjengen de er hadde ikkje stipendiattida på langt nær vore så fantastisk som den har vore. Takk for alle heiarop, latterkuler og frustrasjonar me har delt, faglege så vel som private samtalar, og for å ha skapt eit fellesskap som har gitt ei trygg hamn gjennom alle doktorgradens opp- og nedturar. Særleg takk til Edda Stang, Øyunn Syrstad Høydal, Helle Cathrine Hansen, Janne Thu Ilstad, Carolina Ohls og Nina Helene Andersen, de er suverene. Og heilt spesiell takk til Mari Dalen Herland, min gode kollega og veninne, som alltid har hatt trua på meg. Takk til alle gode venner, som har heia på meg og vist både interesse og forståing for ei veninne som til tider har vore nokså fjern på den sosiale fronten. Eg gledar meg til å få meir tid med dykk!

Til slutt må eg rette ei særskild stor takk til familien min, foreldra og systrene mine, for all støtte undervegs. Mamma og pappa, takk for at de alltid har oppmuntra meg til å følgje mine faglege ambisjonar, lytta til og forstått meg når eg har strevd og gleda dykk når eg har lukkast. Takk for at de har gitt meg rom for kvile og avkopling når eg har trengt ein pause. Ei heilt spesielt takk må gå til pappa, som har lese utallige tekstar og utkast, følgd meg med interesse og haldt motet oppe når eg ikkje har hatt stort til mot sjølv. Tusen takk for all forståing i alle fasar eg har vore gjennom med avhandlingsarbeidet, for råd og innspel i skrivinga, og for å aldri bli lei av å lytte til og snakke med meg om mine akademiske sysler. Det har vore ei uvurderleg støtte å ha ein pappa som veit kva dette handlar om. Og sist, men ikkje minst, takk til min kjære Kim-André for at du har vore tålmodig når eg har brukt så mange helger på å bli ferdig med avhandlinga. Takk for at du har gitt meg ro til å skrive, hatt trua på meg og gitt meg ein trygg famn å finne kvile og krefter i. Du er fantastisk.

Samandrag

Denne PhD-studien rettar fokuset mot barn og unge som har opplevd vold i nære relasjonar. Gjennom forteljingane til voldsutsette ungdommar og unge vaksne, samt profesjonsutøvarar, undersøker eg korleis forståingar og fortolkingar av vold er innleira i den gjeldande sosiale og kulturelle konteksten. Den overordna problemstillinga er: *Korleis kan me forstå og konseptualisere vold mot barn og unge i nære relasjonar på måtar som medverkar til kunnskapsutvikling i sosialt arbeid?*

Avhandlinga er teoretisk forankra i sosialt arbeid, og rettar frå ulike nivå fokus på den gjensidig avhengige relasjonen mellom individ og kontekst. Meir presist belyser analysane ulike sider ved den grunnleggjande analyseininga i sosialt arbeid, nemleg ‘personen-i-situasjonen’. Dette blir gjort ved å ta i bruk ei narrativ tilnærming og eit interseksjonalitetsperspektiv, som kvar for seg spesifiserer ulike sider ved og nivå i personen-i-situasjonen. Studien har eit kvalitativt design, der empirien består av intervju med voldsutsette ungdommar og unge vaksne, samt intervju med profesjonsutøvar i ulike delar av hjelpeapparatet (fortrinnsvis barnevernet).

Vidare er avhandlinga bygd opp av tre artiklar. Den første artikkelen analyserer ungdom og unge vaksne si meningsskaping med voldserfaringar som barn og ungdommar, viser korleis dei unge forklarar og definerer volden – og kva dei gjer i møte med den. Her er den narrative inngangen nytta for å undersøkje korleis subjektiv meningsskaping skjer i tett samspel med forståingar og definisjonar av vold på kulturelt nivå. I den andre artikkelen blir profesjonsutøvarar i barnevernet sine perspektiv utforska. Her blir fortolking og definering av voldssaker utforska ved å ta i bruk det interseksjonelle perspektivet. Dei sosiale kategoriane ‘klasse’ og ‘etnisitet’ gjer seg på ulike måtar gjeldande i desse defineringsprosessane, og analysane syner korleis saksbehandlarane sin sosiale, strukturelle, så vel som kulturelle, posisjon får betydning for kategorisering av voldssaker.

Den tredje artikkelen ser nærmare på kva unge sjølve seier om å motta hjelp, og kva saksbehandlarar i barnevernstenesta seier dei gjer i møte med voldssaker. Her blir det sosialfaglege perspektivet personen-i-situasjonen eksplisitt teke i bruk for å utforske og drøfte korleis ulike tilnærmingar kan romme kompleksitet og individ-kontekst-dynamikkar i kvar enkelt sak. Analysane legg grunnlag for å diskutere moglege utfordringar ved å standardisere barnevernsundersøkingar, og kva kunnskap og kompetanse sosialarbeidarar treng for å kunne

ha eit godt beslutningsgrunnlag. Artikkelen aktualiserer ein debatt om sosialfagleg praksis i møte med voldsutsette barn, unge og familiar.

Samla sett belyser avhandlinga korleis forståing og definerings av vold mot barn og unge er sosialt innleira når det gjeld både subjektiv meiningsskaping, konseptualisering og profesjonelle tilnærmingar. Analysane medverkar til å utvide det sosialfaglege kunnskapsgrunnlaget om vold mot barn og unge, samtidig som dei bidreg til ei spesifisering av sosialfagleg teori. Til sist legg avhandlinga grunnlag for vidare forskning og kunnskapsutvikling, og kan bidra til refleksjon og diskusjon kring sosialfagleg praksis.

Summary

This PhD study focuses on children and young people who have experienced child abuse and maltreatment. Through young people's and social work professionals' stories about their experiences, I investigate how understanding and interpretations of abuse and maltreatment are embedded in the current social and cultural context. The overall research question is: *How can we understand and conceptualize child abuse and maltreatment in ways that contribute to development of the social work knowledge base?*

The theoretical foundation of the thesis is social work perspectives, which focus on the mutually dependent relationship between individual and context. More specifically, the analyses illuminate the different aspects of the analytical unit in social work, namely 'person-in-situation'. By using a narrative approach and an intersectionality perspective, the different aspects and levels of person-in-situation is highlighted. The study has a qualitative design, and the empirical data build on interviews with young people and young adults who have experienced child maltreatment, as well as interviews with professional practitioners in child welfare and child protection services.

The dissertation is composed of three articles. The first article analyses young people and young adults' meaning making of their childhood experiences of abuse, showing how young people interpret and define the abuse - and how they deal with it. Here, the narrative approach is useful for examining how their meaning making is closely linked to understanding and definitions of violence at the cultural level. In the second article, I explore professional child welfare practitioners' perspectives. By applying the intersectional perspective, I analyse interpretation and definition of cases of abuse and maltreatment. The social categories of 'class' and 'ethnicity' intersect in different ways in the professional definition processes, and the analysis shows how the structural and social position of the social workers interferes with the categorization of the cases.

The third article deals with what the young people say about receiving help, and what the child welfare professionals say they do in maltreatment cases. The concept of person-in-situation is explicitly applied to explore and discuss how the different approaches may accommodate complexity and individual-context dynamics in abuse and maltreatment cases. This analysis provide an outset for discussing possible challenges by standardizing child welfare investigation, and which knowledge and competence practitioners need to have a

solid base for decision-making. The article raises a debate on social work approaches in helping children, young people and families dealing with abuse.

Seen as a whole, the PhD-study illuminates how understanding and conceptualization of child abuse and maltreatment is contextually embedded in terms of meaning making and definition processes. The analyses contribute to expand the social work knowledge base regarding child abuse and maltreatment, as well as it specifies the concept of person-in-situation. Finally, the dissertation lays the foundation for further research and knowledge development, and may contribute to discussion and reflections in social work practice. It may as well be useful to anyone who face children and young people who have experienced abuse and maltreatment.

Innhald

1. Innleiing	5
1.1. Kva prosjektet handlar om, kunnskapsmål og sosialfagleg relevans	5
1.2. Samfunnskontekst og politikk	8
1.3. Lovgiving om vern av barn og det norske barnevernet	12
1.4. Oppbygging av avhandlinga	15
2. Konseptualisering av vold mot barn i nære relasjonar	16
3. Vold mot barn i Noreg: ein kunnskapsstatus	21
4. Teoretisk rammeverk.....	25
4.1. Sosialkonstruktivisme som vitskapsteoretisk posisjon.....	25
4.2. Personen-i-situasjonen: overordna teoretisk perspektiv	25
4.3. Narrative perspektiv: å forstå meiningsskaping i forteljingar om vold.....	28
4.4. Interseksjonalitet: samspelet mellom sosiale (makt)kategoriar.....	31
5. Metodologiske vegval: planen, prosessen og gjennomføringa	35
5.1. Utgangspunktet, møtet med feltet og tilpassing av det metodologiske designet.....	35
5.2. Frå kategoriar som forskjell til kategoriar i samspel	37
5.3. Rekruttering og samansetnad av utvala	37
5.4. Intervjua og det empiriske materialet	39
5.5. Framgangsmåtar i analysen av empirien	42
5.6. Metodologisk transparens og forskarrefleksivitet	44
6. Ethiske omsyn og utfordringar	46
6.1. Å forske på sensitive tema: refleksjonar kring intervjua med dei unge voldsutsette	46
6.2. Generelle forskingsetiske omsyn.....	48
6.3. Anonymitet – ein utfordrande balansegang i forskingsformidling.....	48
7. Samandrag av artiklane	50

7.1.	Artikkel 1: "Young people and young adults' experiences with child abuse and maltreatment: Meaning-making, conceptualizations and dealing with violence".....	50
7.2.	Artikkel 2: "Social workers' challenges in the assessment of child abuse and maltreatment: Intersections of class and ethnicity in child protection cases".....	51
7.3.	Artikkel 3: "Giving and receiving help: Young people's and social work professionals' perspectives in child abuse and maltreatment cases."	53
8.	Avsluttande diskusjon	56
8.1.	Kompleksitet og kontekst: relevansen av sosialfaglege perspektiv i møte med barn og unge som har opplevd vold i nære relasjonar.....	56
8.2.	Politikk og praksis: ulike omsyn på kollisjonskurs?	61
8.3.	Det sosialfaglege teorigrunnlaget: ei spesifisering.....	66
8.4.	Utfordringar knytt til funna i studien, kunnskapsbidrag og behovet for vidare forskning.....	67
9.	Litteraturliste	70

Vedlegg

1. Erklæring om innhenting av konsesjon
2. Godkjenning frå Norsk senter for forskningsdata
3. Medforfattererklæring
4. Informasjonsskriv og samtykkeerklæring ungdom
5. Informasjonsskriv og samtykkeerklæring profesjonsutøvarar
6. Intervjuguide ungdom
7. Intervjuguide profesjonsutøvarar

Artiklar

Aadnanes, Margrete og Gulbrandsen, Liv Mette. 2017. **Young people and young adults' experiences with child abuse and maltreatment: Meaning-making, conceptualizations and dealing with violence.** Publisert i *Qualitative social work*.

Aadnanes, Margrete. 2017. **Social workers' challenges in the assessment of child abuse and maltreatment: Intersections of class and ethnicity in child protection cases.** Publisert i *Critical and radical social work*.

Aadnanes, Margrete. **Giving and receiving help: Young people's and social work professionals' perspectives in child abuse and maltreatment cases.** Revidert og sendt inn til *Nordic social work research*.

1. Innleiing

1.1. Kva prosjektet handlar om, kunnskapsmål og sosialfagleg relevans

Denne doktorgradsavhandlinga handlar om vold mot barn og ungdom i nære relasjonar. Studien har hatt til føremål å utforske fenomenet slik det blir opplevd og fortolka først og fremst frå utsette ungdommar og unge sine eigne perspektiv, men også i lys av den sosiale og kulturelle konteksten dei inngår i. Samstundes har det vore eit viktig delmål å undersøkje korleis også profesjonsutøvarar som møter utstette barn, unge og familiar forstår og definerer fenomenet, og kva utfordringar dei opplever i hjelpearbeidet. I forlenginga av dette gir avhandlinga rom for å drøfte sosialfaglege perspektiv på fenomenet vold mot barn i nære relasjonar, og på kva måte eit slikt perspektiv er fruktbart i hjelpearbeidet med utsette barn, unge og familiar.

Med utgangspunkt i dette har avhandlinga følgjande overordna problemstilling:

Korleis kan me forstå og konseptualisere vold mot barn og unge i nære relasjonar på måtar som medverkar til kunnskapsutvikling i sosialt arbeid?

Følgjande forskingsspørsmål ligg til grunn for vidare utforsking av tematikken:

- Korleis fortolkar og definerer ungdommar og unge vaksne volden dei har opplevd som barn, og korleis skaper dei mening med erfaringane sine? Kva betydning har meiningsskaping for kva dei gjer i møte med volden?
- Kva utfordringar og dilemma opplever profesjonsutøvarar i arbeidet med voldssaker, og kva betydning har dette for korleis dei forstår og definerer vold mot barn i hjelpearbeidet?
- Kva kompetanse treng sosialarbeidarar i møte med barn, unge og familiar som opplever vold, og korleis kan sosialfagleg teori medverke til å utvikle kunnskap og praksis?

Desse forskingsspørsmåla er vidareutvikla til analytiske spørsmål i avhandlinga sine tre artiklar. I den avsluttande diskusjonen tek eg opp att dei overordna tema som problemstillinga introduserer.

Avhandlinga sine målsetjingar dekkjer fleire omsyn når det gjeld forskning om vold mot barn og unge: I norsk og nordisk samanheng er det etterspurt meir forskning og kunnskap om vold mot barn i nære relasjonar. Blant anna har det vore etterlyst deltakarar med minoritetsetnisk

bakgrunn i forskning om vold mot barn og unge (Hofman 2011; Sommerfeldt, Hauge og Øverlien 2014). Difor har eg lagt vekt på å rekruttere unge deltakarar med varierte sosiale, kulturelle og etniske bakgrunnar som har erfaringar med vold i nære relasjonar. Vidare har fleire forskarar peika på behovet for kvalitative studiar der barn og unge er involvert som deltakarar, og der deira forteljingar utgjer det empiriske grunnlaget (sjå til dømes Stefansen, Mossige og Smette 2016, 105; Näsman, Källström Cater og Eriksson 2010, 27-28; Øverlien, 2010, 2012; Mullender et al., 2002). Det er dette forskingsfeltet denne avhandlinga skriv seg inn i. Mange av desse studiane rettar seg riktig nok mot barn og unge som lever med vold i familien, det vil seie som ser, høyrer og opplever vold mellom foreldra. Denne studien inkluderer barn og unge som har opplevd vold mellom foreldra, men har eit særskild fokus på det å ha opplevd ulike former for vold direkte mot seg sjølv. Det blir sett fokus på erfaringane slik dei unge presenterer dei; korleis dei skildrar, gir mening til og fortolkar volden.

Vidare er det gjort lite forskning om vold i nære relasjonar som har ei sosialfagleg tilnærming (Øverlien 2010). Voldsforskning generelt, også den som rettar seg mot utsette barn og unge, har i stor grad vore utført innan disiplinær som psykologi, sosiologi og medisin. Ved å ta utgangspunkt i sosialfaglege perspektiv bidreg denne studien til å utvikle kunnskapsgrunnlaget i sosialt arbeid når det gjeld tematikken vold mot barn og unge. Sjølv om avhandlinga såleis rettar seg mot det sosialfaglege feltet, vil kunnskapen likevel vere relevant for andre disiplinær, samt for det politiske feltet.

Det å gi studien ei eksplisitt sosialfagleg forankring inneber å søkje kunnskap som er i tråd med grunnleggjande tenking i sosialt arbeid. Det er viktig for sosialarbeidarar å ha kunnskap om konsekvensar av å oppleve vold som barn, om symptom på vold og korleis avdekkje det – slik studiar innan til dømes psykologi og medisin belyser. Men i sosialfagleg praksis er det også viktig å ha kunnskap om vold som eit sosialt situert fenomen, der mening, betydning og definisjon av volden er prega av den sosiale konteksten. Volden skjer ikkje i eit vakuum, snarare i relasjonar og sosiale kontekstar. Vold som eit sosialt fenomen er eit slags kulturelt «felleseige», det vil seie det fins felles oppfatningar av kva vold er, og desse felleskulturelle oppfatningane er innvovne i subjektive opplevingar og erfaringar. For sosialarbeidarar som skal hjelpe voldsutsette barn og unge er det naudsynt å ha slik fenomenkunnskap. Det vil seie: å vite noko om korleis dei opplever og handterer volden.

Sosiale og kulturelle omgivnader er sentrale element i sosialfagleg tenking. Dei kontekstar og relasjonar eit individ inngår i utgjer grunnleggjande analyseeinignar i sosialt arbeid, eller slik Riessman og Quinney (2005, 392) seier det: «the daily stuff of social work». ‘Personen-i-

situasjonen' og ideen om det gjensidig avhengige forholdet mellom individ og kollektiv/samfunn er sosialfaglege grunnprinsipp som har stått sentralt i arbeidet med avhandlinga. Difor byggjer analysane på teoretiske perspektiv som på ulike måtar viser og spesifiserer korleis forståing og fortolking av fenomenet er innvove i den sosiale og relasjonelle konteksten individet inngår i.

Den første artikkelen i avhandlinga plasserer dei unge deltakarane og deira opplevingar av vold som barn og ungdom i fokus. Sjølv om den direkte voldsutøvinga har stoppa, eller dei er komne ut av den situasjonen volden skjer i, er ikkje volden borte. Dei lever med såra og konsekvensane av voldserfaringane sine, og meningsskaping både då og no blir her utforska. Vidare har det også vore eit sentralt mål å utforske korleis profesjonsutøvarar forstår og møter volden som fenomen i sitt hjelpearbeid. Sosialarbeidarar er ein del av eit offentleg hjelpeapparat; dei skal fylle rolla som hjelparar samtidig som dei skal setje politikken på feltet ut i praksis. Sosialfaglege tilnærmingar, politiske diskursar¹ og strukturelle (ramme)vilkår kan kome på kollisjonskurs, og slik også verke inn på praksis. Den andre artikkelen utforskar korleis profesjonelle forstår og definerer vold slik dei møter fenomenet frå sin posisjon som hjelparar, og kva utfordringar dei opplever i tilknytning til dette. Avhandlinga sin tredje og siste artikkel utforskar kva dei unge seier om hjelpa dei har fått, eller ikkje fått, og sosialarbeidarar sine forteljingar om korleis dei jobbar med og kva kompetansebehov dei har i voldssaker. Analysen og diskusjonen her tek utgangspunkt i sosialfaglege tilnærmingar og blir drøfta opp mot politiske målsetjingar og krav til rutinar og prosedyrar for rask avdekking av at barn blir utsette for vold. Dermed rettar avhandlinga som heilheit merksemd mot dei unge sine hjelpebehov, den komplekse oppgåva det er å hjelpe voldsutsette barn og unge og såleis også det sosiale arbeidet sine vilkår for dette hjelpearbeidet.

Studien plasserer seg tydeleg innanfor sosialt arbeid som felt, både når det gjeld kunnskap, praksis og politikk. Vold i nære relasjonar er eitt av sosialt arbeids kjerneområde,² og avhandlinga medverkar til å utvikle kunnskap som er til nytte i sosialfagleg praksis så vel som

¹ I denne avhandlinga nyttar eg «diskurs» som eit allment omgrep og ikkje som eit teoretisk eller analytisk perspektiv. I denne samanhengen viser difor diskurs i all enkelheit til talemåtar som formar og påverkar korleis me forstår og definerer verda og sosiale fenomen rundt oss.

² Eg har valt å omtale barnevernsarbeid og sosialt arbeid under eitt. Det vil seie at eg forstår det å jobbe med barnevern som sosialt arbeid. I Noreg er sosionomutdanninga og barnevernspedagogutdanninga to ulike utdanningslaup, og barnevernstenesta er også ei sjølvstendig kommunal teneste og ikkje integrert i generelle sosiale- og velferdstenester. Dette er eit særtrekk ved det norske systemet, og det er ein disiplinær debatt om dei to felte bår er sosialt arbeid. Eg går ikkje inn i denne debatten her, men understrekar at eg oppfattar barnevernsarbeid som sosialt arbeid, og vil difor referere til dei to som det same.

i politisk samanheng. Vidare bidreg analysane og diskusjonen i avhandlinga til å utvikle sosialt arbeid sitt teorigrunnlag, ved å vise og spesifisere utlike måtar å forstå og analysere personen-i-situasjonen på.

1.2. Samfunnskontekst og politikk

I denne og neste seksjon skal eg skissere den samfunnsmessige og politiske konteksten som denne studien er ein del av. Føremålet er å teikne opp eit bilete av kva verdimessige ideal, haldningar og normer som ligg til grunn for både politikk og praksis på feltet vold i nære relasjonar, og for generelle kulturelle oppfatningar. Eit utdrag frå forordet i «Barndommen kommer ikke i reprise. Strategi for å bekjempe vold og seksuelle overgrep mot barn og ungdom» (2014-2017) gir eit godt inntrykk av dette.

«Som samfunn har Norge kommet et godt stykke på vei i arbeidet med å beskytte barn og ungdom mot vold, seksuelle overgrep og mobbing. Det har vi oppnådd gjennom politiske beslutninger, lovgivning, kunnskapsutvikling, offentlige diskusjoner, fagpersoner, foreldres og barns egen innsats samt medias oppmerksomhet. Vi tillater ikke at foreldre skader sine barn, og vi gir kollektivt uttrykk for sorg og forferdelse når vi hører om barn som utsettes for omfattende krenkelser og overgrep. De aller fleste foreldre i Norge setter barnet i sentrum. Til tross for dette, er vold og seksuelle overgrep i eller utenfor familien fortsatt en sentral del av mange barns hverdag og oppvekst.»

Utdraget uttrykkjer ei politisk, offisiell haldning når det gjeld vold mot barn, men det reflekterer også ei brei oppslutning i samfunnet generelt om vern av barn. Med det aukande fokus på vold mot kvinner, har også temaet vold mot barn i nære relasjonar med jamne mellomrom blitt løfta opp på den politiske agendaen dei siste tiåra. Skadeverknadene av å oppleve vold som barn er i dag rekna for allmennkunnskap, og i det norske samfunnet er den gjengse oppfatninga at ingen barn skal måtte vekse opp med og tåle vold frå nokon dei har ein nær relasjon til. Fremjing av barn sine rettar, gjennom til dømes inkorporering av Barnekonvensjonen i nasjonal lovgiving, og tydeleggjering av kva handlingar som er straffbare har medverka til å spreie generelle haldningar og kunnskap om vold mot barn (Hacking 1991; Sommerfeldt og Øverlien 2016, 17). Artikkel 19 i Barnekonvensjonen stadfestar at dei statar som er part i konvensjonen er forplikta til å

«...beskytte barn mot alle former for fysisk eller psykisk vold, skade eller misbruk, vanskjøtsel eller forsømmelig behandling, mishandling eller utnytting, herunder seksuelt misbruk, mens en eller begge foreldre, verge(r) eller eventuell annen person har omsorgen for barnet.»

På trass av at fleire statar har forplikta seg til å beskytte barn mot vold, er det i mange land framleis både statleg og sosial aksept for å utsetje barn for vold, ofte som ledd i disiplinering

og oppseding (Pinheiro 2006, 3). Noreg ratifiserte Barnekonvensjonen i 1991 og ser seg sjølv som eit føregangslannd når et gjeld barnerettigheiter (Hennum 2015). I nordisk og vest-europeisk samanheng har barnet sterk posisjon som eit autonomt subjekt med sjølvstendige rettar, og nokre forskarar peikar på at barn si velferd har blitt eit symbol på ein nasjon sitt sivilisasjonsnivå (Hennum 2015, Pupavac 2011). Forordet i strategidokumentet held fram med å stadfeste at det i det norske samfunnet skal vere nulltoleranse for vold og overgrep mot barn, noko som er reflektert i norsk lovgiving der det er nedfelt forbod mot å utsetje barn for alle former for vold, også som ledd i oppseding. Det blir med andre ord sett på som eit alvorleg brot på både nasjonal lov og med allmennkulturelle og sosiale normer når foreldre utøver vold mot barna sine.

Vidare, slik det går fram i sitatet, har media i seinare tid bidrege til å fremje debatten om og fokuset på vold mot barn. Det mest kjende dømet når det gjeld vold i nære relasjonar er Christoffer-saka, som hadde eit djupt tragisk utfall. Christoffer døydde berre åtte år gammal, som følgje av alvorleg mishandling. Saka vekte sjokk og sorg i befolkninga, også på grunn av at ingen offentlege instansar hadde klart å fange opp og beskytte Christoffer. Stefaren og mora til den åtte år gamle guten blei dømt til åtte og seks års fengsel, og saka har blitt omtala som eit samfunnssymbol på systemsvikt og vold mot barn.³ Saka vekte stor samfunnsdebatt om myndigheitene sitt ansvar for å beskytte barn mot vold og omsorgssvikt, og den politiske opptrappinga dei siste åra for å førebyggje og bekjempe vold mot barn kan kanskje forståast som eit svar til samfunnet på slike alvorlege hendingar. Seinast i juni 2017 kom det ei ny offentleg utredning (NOU 2017,12) som gjekk gjennom saker der barn har blitt utsette for alvorleg vold og omsorgssvikt. NOU'en konkluderer med at trass storpolitisk innsats dei siste åra, fins det framleis barn i Noreg som hjelpesystemet ikkje oppdagar, eller enda verre; som har vore i kontakt med fleire offentlege instansar, med fleire meldingar sendt til barnevernet, og likevel ikkje fått den hjelpa dei treng. NOU'en sin tittel «Svikt og svik» peikar mot det at desse barna ikkje berre er omsorgssvikta av sine nærmaste omsorgspersonar, men også av det offentlege hjelpesystemet.

Andre aspekt ved temaet vold mot barn som relativt ofte blir vist til i både media og av politikar, er når voldsutøvarar har minoritetsetnisk bakgrunn. På framsida av Aftenposten 5. mars 2016 kunne ein lese at «Ni av ti som er dømt for vold mot barn, har innvandrerbakgrunn». Avisa hadde gjort ei eiga undersøking av 89 personar som var dømt for

³ <https://no.wikipedia.org/wiki/Christoffer-saken>

vold mot barn i Oslo tingrett, der sju var utan innvandrarakgrunn.⁴ Den 7. April 2017 kunne ein lese om Kristelig Folkeparti (KrF) som ville kartleggje voldsutøvarar basert på etnisitet, slik Aftenposten gjorde i si undersøking. Argumentasjonen for dette var at alle fakta som kan vere med på å bekjempe vold mot barn og unge må kartleggjast.⁵

I «Meld. St. 15: Forebygging og bekjempelse av vold i nære relasjonar» (2012-2013), skisserte dåverande regjering liner i den framtidige politikken på dette området og la grunnlaget for den politiske opptrappinga me har sett dei siste fem åra. Meldinga er følgd opp med strategidokument og handlingsplanar som spesifiserer og kategoriserer kva grupper det praktiske arbeidet med forebygging og bekjempelse rettar seg mot. Grovt skissert kan me seie at vold i parforhold (altså mellom vaksne),⁶ vold mot barn i og utanfor familien⁷ og minoritetsetniske barn og unge som opplever tvangsekteskap, kjønnslemlesting negativ sosial kontroll⁸ er dei gruppene eller kategoriane politikken i hovudsak fokuserer på.⁹ St. Meld. Nr. 15 (2012-2013) og påfølgjande handlingsplan rettar seg hovudsakleg mot vold i parforhold, det vil seie vold mellom vaksne i nære relasjonar. Barn som lever i familiar der det førekjem vold mellom dei vaksne er omfatta av meldinga og handlingsplanen, men konkrete tiltak som rettar seg mot barna er inkludert i eit eige strategidokument for barn (Strategi for bekjemping av vold og seksuelle overgrep mot barn og ungdom, 2014-2017). Denne rettar seg såleis mot barn som opplever vold i familien (altså mellom foreldra), barn som er direkte utsette for vold frå sine omsorgspersonar, samt barn som opplever vold eller overgrep utanfor familien, til dømes frå jamnaldringar eller andre vaksne. Vold som fell utanfor nære relasjonar-omgrepet kan dreie seg om til dømes digital vold og mobbing.

I introduksjonen til strategidokumentet blir det uttrykt at det var behov for ein særskilt innsats retta mot barn. Med dette formidlar myndigheitene eit eksplisitt fokus på barn. Denne måten å utforme politikken på kan lesast som ein refleksjon av Noreg sin intensjon om å stå i front når

⁴ <http://www.skup.no/wp-content/uploads/2017/03/vold-mot-barn-ii-pdf-av-papirartikler-1.pdf>

⁵ <http://www.aftenposten.no/norge/Opptrappingsplanen-Flertallet-vil-kartlegge-voldsutovere-basert-pa-etnisitet-618724b.html>

⁶ «Et liv uten vold: Handlingsplan mot vold i nære relasjonar 2014-2017»

⁷ «Barndommen kommer ikke i reprise: Strategi for å bekjempe vold og seksuelle overgrep mot barn og ungdom, 2014-2017» og «En god barndom varer livet ut: Tiltaksplan for å bekjempe vold og seksuelle overgrep mot barn og unge 2014-2017».

⁸ «Handlingsplan mot tvangsekteskap, kjønnslemlestelse og alvorlige begrensninger av unges frihet, 2013-2016» og «Retten til å bestemme over eget liv: Handlingsplan mot negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønnslemlestelse, 2017-2020»

⁹ Andre grupper som blir nemnt og inkludert i meldinga er eldre og lesbiske, homofile, bifile og transpersonar (lhbt-personar). Særlege utfordringar som kan vere knytt til vold mot eldre og lhbt-personar par er likevel mindre utdjupa og blir ikkje vist eksplisitt til gjennom eigne handlings- eller tiltaksplanar (iallfall ikkje i skrivande stund).

det gjeld fremming av barnrettar. Fordelen ved å rette eit slikt tydeleg fokus på barn og ulike former for vold dei kan oppleve, er nettopp det å setje barn si velferd høgt på den politiske agendaen. Samstundes kan det vere ei slagside ved å skilje ut satsinga på å førebyggje og bekjempe vold mot barn i nære relasjonar frå den satsinga som rettar seg mot vold i parforhold/familien. Den heilskaplege forståinga av vold i nære relasjonar, også når barn er utsette, kan med ei slik oppdeling bli svekka. Innanfor rammene av ein slik politikk kan barn bli konstruerte som isolerte individ, uavhengige av sin kontekst og sine relasjonar.

St. Meld. Nr. 15 (2012-2013, 14 og 56) presiserer at sjølv om vold i innvandrarfamiliar i all hovudsak er lik volden som skjer i majoritetsfamiliar, gjer patriarkalske og kollektivistiske forståingsrammer i nokre innvandarmiljø kvinner og barn meir utsette for vold som er såkalla æresrelatert, som tvangsekteskap og kjønnslemlesting. Meldinga påpeikar at det er mindre kunnskap i hjelpeapparatet om desse formene for vold, og at det difor er behov for å setje eit særskilt fokus på denne tematikken.

I ei devaluering av Handlingsplan mot tvangsekteskap, kjønnslemlestelse og alvorlige begrensninger av unges frihet (2013-2016), initierer Bredal og Lidén (2015, 28-30) ein diskusjon om fenomenforståing og kva omgrep ein skal nytte i politikken på dette feltet. Slik dei ser det femner omgrepet vold i nære relasjonar, slik det blir brukt i dei politiske dokumenta, både breitt og smalt: I nokre tilfelle omfattar det alle former for vold i nære relasjonar, både mellom foreldre, mot barn og til dømes tvangsekteskap, medan i andre tilfelle refererer det berre til vold mellom foreldre. Når det gjeld omgrepa tvangsekteskap og æresrelatert vold påpeikar dei at desse emna er snevre og eigentleg refererer til eit mangfoldig fenomen. Forfattarane greier ut om ulike former og kontekstar for vold som rammar barn og unge i ulike delar av innvandarmiljøa, og som ikkje alltid er kopla til ære eller tvangsekteskap. Dei hevdar at myndighetene opererer med ein brei definisjon av vold i nære relasjonar, men deler likevel innsatsen opp i separate område. Dermed har det eksistert ein hovudplan mot vold i nære relasjonar, og ein særplan om kjønnslemlestelse og tvangsekteskap (Bredal og Lidén 2015, 31). Spørsmålet blir då om dette representerer ei styrking eller ei fragmentering av den politiske innsatsen å dele inn i ulike planar som spissar arbeidet mot bestemte grupper og former for vold. Den nye handlingsplanen på dette området, «Retten til å bestemme over eget liv: Handlingsplan mot negativ sosial kontroll, tvangsekteskap og kjønnslemlestelse, 2017-2020», opprettheld til ein viss grad denne separasjonen. Den syner likevel ei endring ved å plassere hovudansvar hos Justis- og beredskapsdepartementet i staden for i Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet,

slik som dei føregåande planane på dette området var. Denne endringa kan me kanskje forstå som ei symbolsk rørsle, frå å definere politikken på dette området som eit slags særspor, til å definere den innanfor hovudsporet i innsatsen mot å bekjempe vold i nære relasjonar.

Dei politiske linjene i kampen for å bekjempe vold i nære relasjonar rører seg såleis langs tre hovudspor: vold mellom vaksne i parforhold, vold mot barn i og utanfor nære relasjonar/familien og vold i nære relasjonar i minoritetsetniske familiar. Desse spora gjenspeglar seg i forskingsfeltet, og relaterer seg også til fenomenforståing og konseptualisering – slik som påpeika av Bredal og Lidén (2015). Vold (mot barn) i nære relasjonar er eit svært komplekst fenomen, og det knyter seg dilemma og utfordringar til måten det blir begrepsfesta på. Fenomenforståing og konseptualisering har stått sentralt i denne avhandlinga, og blir via særleg merksemd i neste kapittel.

1.3. Lovgiving om vern av barn og det norske barnevernet

I 2003 blei Barnekonvensjonen teken inn i norsk lovgiving gjennom menneskerettslova. Norsk lov inneheld fleire lover som regulerer vold mot barn i nære relasjonar, der dei mest sentrale for denne avhandlinga er Lov om barn og foreldre (barnelova) og Lov om barnevernstenester (barnevernlova). Barnelova er ei privatrettsleg lov som regulerer forholdet mellom foreldre og barn, og § 30 omtalar vold frå foreldre mot barn:

«Barnet må ikkje bli utsett for vald eller på anna vis bli handsama slik at den fysiske eller psykiske helsa blir utsett for skade eller fare. Dette gjeld òg når valden brukast som ledd i oppsedinga av barnet. Bruk av vald og skremmande eller plagsam framferd eller annan omsynslaus åtferd overfor barnet er forbode.»

Dette forbodet er likevel av nokså ny dato. I 1972 blei foreldre sin rett til å refse barna sine som del av oppsedinga oppheva, men først i 1987 blei det lagt inn eit tillegg i § 30 der det blei presisert at barn ikkje skal bli utsette for vold og overgrep. På trass av dette herska det framleis usikkerheit om kvar grensa gjekk mellom legitim og illegitim maktbruk. I 2005 blei ein stefar dømt etter straffelova § 228¹⁰ for å ha slått sine to stesøner med flat hand på buksebaken. Dommen lydde på 6000 kroner i bot. I retten sine drøftingar blei det likevel påpeika at foreldre som gav barna sine «lettare klaps» i samband med oppseding ikkje ville bli straffa etter § 228. Debatten som følgde etter denne dommen førte til ei ytterlegare endring i barnelova, og i 2010 blei lovteksten endra til det utvetydige: all vold mot barn, også som ledd i oppseding, er forbode. Slik blei nulltoleranse som normativt utgangspunktet etablert, og

¹⁰ Straffelova sin § 228 regulerer straff for legemsfornærmelse. § 219 definerer strafferamme for vold i nære relasjonar.

norsk lovgiving er dermed i samsvar med barnekonvensjonen sin paragraf 19 (Skjørten et al. 2016, 100-101; Sommerfeldt og Øverlien 2016, 184; Hennem 2016, 336-337).

Desse lovendingane har skjedd i takt med kunnskapen om skadeverknadene av vold mot barn. Det er forståinga av kva vold er som utløyser handling og intervensjon frå det offentlege. Barnevernslova regulerer det offentlege sine inngrep overfor foreldre og barn, og gir myndighetene lovheimel for å gripe inn i familien med både frivillige og tvungne hjelpetiltak. Formålsparagrafen, § 1-1, stadfestar at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, skal få naudsyn hjelp og omsorg til rett tid. Vidare stadfestar paragrafen at lova skal bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår.

Paragraf 3-1 i barnevernlova definerer kommunen generelt og barnevernstenesta spesielt sitt mandat når det gjeld vern av barn:

«Kommunen skal følge nøye med i de forhold barn lever under, og har ansvar for å finne tiltak som kan forebygge omsorgssvikt og adferdsproblemer.

Barneverntjenesten har spesielt ansvar for å søke avdekket omsorgssvikt, adferds-, sosiale og emosjonelle problemer så tidlig at varige problemer kan unngås, og sette inn tiltak i forhold til dette.»

Her blir heile kommunen gjort ansvarleg for å følgje med på barn sine oppvekstvilkår, medan barnevernet sitt særlege mandat til å gripe inn for å førebyggje varige problem blir definert. Førebygging og tidleg avdekking av forhold som kan skade barn si helse og utvikling er såleis eit særleg fokus i det norske barnevernet. Dette fokuset er riktig nok også av relativt ny dato. Medan ein fram til 1980-talet fokuserte på omsorgsovertaking og plassering utanfor heimen, er det i dag større fokus på førebygging av risiko, og omfanget av barn og familiar som har motteke frivillige hjelpetiltak er større enn omsorgsovertakingar og tvangsplasseringar (Marthinsen et al. 2013, 30). Dette førebyggjande arbeidet i barneveret si verksemd utgjer det me kan kalle «velferdsbarnevernet», der ein yter ein slags service til foreldra i form av foreldrestøttande tiltak. Mange av dei frivillige tiltaka i det såkalla velferdsbarnevernet kan likne på dei tenestene andre borgarar også vil kunne ha krav på gjennom NAV, til dømes støtte til barnehage, råd og veiledning og anna økonomisk støtte (Læret og Skivenes 2016, 34). Det motsette av det førebyggjande barnevernet kan me kalle «kjernebarnevernet» (Marthinsen et al. 2013, 30). Eit slikt system er meir vanleg i til dømes USA, der ein berre grip inn overfor barn og familiar dersom ein har definert fare for barnet sitt liv og helse (Læret og Skivenes 2016, 34). Når det er snakk om kjernebarnevern i Noreg handlar det om omsorgsovertaking og tvangsbruk, der barn blir plassert utanfor heimen (Marthinsen et al. 2013, 30).

Kapittel 4 i barnevernlova regulerer dei tiltak barnevernstenesta har lovheimel for å iverksetje, og definerer både frivillige og tvungne tiltak. I § 4-1 blir prinsippet om barnets beste lagt til grunn som førande for dei tiltak som blir vurdert, og det blir presisert at stabil, god kontakt med vaksne og stabilitet i omsorga skal bli vektlagt. Det norske barnevernet er i det store og det heile likt barnevernet i andre nordiske land, til dømes Finland og Sverige (Læret og Skivenes 2016, 34) når det gjeld organisering og ideologi. Barnevernstenestene i Norden blir rekna for å vere orienterte mot å støtte opp under familien, samtidig som barnesentrering som trend er på frammarsj (Pösö, Skivenes og Hestbæk 2014, 477). Fram til 80-talet dominerte plasseringar utanfor heimen som tiltak, då ein var mest opptekne av vern mot skade og vanskjøtsel. Utover på 80- og 90-talet auka graden av hjelpetiltak, og fokuset endra seg til meir generell uro for barn si utvikling (Marthinsen et al. 2013, 14-15). Dette skiftet innebar ei endring der det blei lågare terskel for intervensjon, med vekt på å førebyggje risiko og skadeleg utvikling, dermed er talet på hjelpetiltak i dag langt høgare enn talet på plasseringar utanfor heimen (Marthinsen et al. 2013, Skivenes 2011). Dette utviklingstrekket har ført til at det norske barnevernet i dag blir omtala som ekspansivt, og det går føre seg ein fagleg og politisk debatt om barnevernet «treffer» dei barna som har størst behov for hjelp (NOU 2017, pkt. 16.2; Backe-Hansen et al. 2014; Marthinsen et al. 2013).

Den overordna ideologien i det norske barnevernet i dag kviler på at foreldra ber hovudansvaret for barna sine, og støtte blir dermed ofte gitt som komplimentær og etter minste inngripens-prinsipp. Dette inneber at barn som lever under relativt alvorlege mangelforhold også kan motta hjelpetiltak i heimen i staden for å bli plassert (Pösö, Skivenes og Hestbæk 2014, 478). I 2011 var det Noreg, samanlikna med Danmark og Finland, som hadde lågast prosentdel plasseringar: berre 9, 3 per 1000 barn, mot 10,4 i Danmark og 12,0 i Finland. Slike samanlikningar kan vere problematiske, ettersom lovgivingane i dei respektive landa er ulike, og plasseringstiltak og kva type saker dei femner om varierer (Pösö, Skivenes og Hestbæk 2014). Det viktigaste å merke seg er fokuset på å førebyggje risiko gjennom frivillige hjelpetiltak som fremjar velferd, og idealet om at barn og familiar skal få hjelp i heimen inntil det er vist at det er utilfredsstillande. Dette avhenger riktig nok av kor alvorleg bekymringa for barnet er og kva problematikken i familien går ut på. I motsetnad til barnevern i land som England og USA (kjernebarnevernsmodellen jf. Marthinsen et al. 2013), satsar den nordiske modellen på ei preventiv tilnærming som krev tidleg intervensjon for å førebyggje vold og omsorgssvikt. Sjølv om definisjonen av vold og omsorgssvikt ikkje er fundamentalt ulik mellom vestlege land, vil likevel velferdsnivået i dei respektive land ha

betyding for lokale fortolkningar av risiko. Ein modell lik den nordiske senkar terskelen for intervensjon og dermed aukar både tal på og graden av intervensjonar i desse landa (Kritz og Skivenes 2013; Pösö, Skivenes og Hestbæk 2014, 483).

1.4. Oppbygging av avhandlinga

Avhandlinga er bygd opp på følgjande måte: Neste kapittel vil vie merksemd til utfordringar knytt til konseptualisering av vold mot barn. Vidare skal eg gjere greie for forskingskunnskap om vold mot barn i nære relasjonar i Noreg. Deretter kjem ei utdjuping av dei teoretiske perspektiva som ligg til grunn for analysane i studien. Dette kapitlet inkluderer ei overordna sosialkonstruktivistisk innramming, samt eit sosialfagleg perspektiv som overordna teoretisk rammeverk, der narrative og interseksjonelle perspektiv spesifiserer den sosialfaglege analyseininga personen-i-situasjonen. Etter teorikapitlet følgjer ei utgreiing om det metodologiske designet, etterfølgd av refleksjonar kring etiske omsyn og utfordringar. Vidare blir dei tre artiklane i avhandlinga presentert før eg avsluttar med ein diskusjon av avhandlinga sine implikasjonar for politikk, praksis og teori, samt utfordringar knytt til avhandlinga sine kunnskapsbidrag og behov for vidare forskning.

2. Konseptualisering av vold mot barn i nære relasjonar

Med utgangspunkt i å utforske vold slik det blir opplevd og fortolka av dei ulike deltakarane i studien, har eg freista å ikkje definere eller slå fast på førehand kva dette ‘noko’ eg studerer ‘er’, verken i møte med deltakarane eller i analysen. Samstundes har det vore ei utfordring å studere eit fenomen som er så tvetydig og komplekst, avhengig av tid, kontekst og relasjonar. Kva omgrep skal eg bruke for å famne det fenomenet eg studerer, alle dei former og uttrykk deltakarane i studien har omtala eksplisitt eller implisitt som vold og skrive meg inn i det forskingsfeltet eg vil snakke i? For å i det heile få empiri som fangar opp det eg faktisk studerer, var det naudsynt å konkretisere kva vold *kan* vere i rekrutteringa av unge deltakarar, og forholde meg til gjeldande kulturelle forståingar og definisjonar både i samfunnskonteksten og forskingsfeltet. Dei metodologiske aspekta ved å definere eller ikkje definere kva vold ‘er’ i møte med deltakarane skal eg ta føre meg i metodekapittelet. I dette kapittelet vil eg gjere greie for dei utfordringar eg har opplevd knytt til konseptualisering i møte med nasjonale og internasjonale forskingsfelt.

Fenomenet eg studerer har mange formuleringsmåtar på norsk: ‘Vold mot barn i nære relasjonar’, ‘barnemishandling’, ‘omsorgssvikt’, ‘vold i heimen’, ‘familievold’, barn som lever med vold i familien’ og så vidare. Dei fleste termene er noko upresise og rommar fleire og overlappende former for vold, både fysiske, psykiske, seksuelle med fleire, og refererer til ulike nære relasjonar. Til dømes har det vore gjennomgåande utfordrande å skilje omgrepet ‘vold i heimen’, som svært ofte refererer til det å sjå, høyre og oppleve vold mellom foreldre, frå det å bli utsett for vold direkte mot seg sjølv. Fleire forskarar har det siste tiåret tala for å avvikle termen ‘vitne til vold’, altså å sjå eller høyre vold mellom foreldre, ettersom det kan vere like skadeleg for eit barn si utvikling som det å vere sjølv målet for volden (Callaghan and Alexander, 2015; Holt et al., 2008; Øverlien, 2010). Forskarane som fremjar dette perspektivet foreslår i staden å ta i bruk ‘oppleve vold’, for å understreke og anerkjenne konsekvensane det har for barn å bli utsette for denne forma for omsorgssvikt (sjå Callaghan et. al., 2015; Eriksson et al., 2010; Holt et al., 2008; Mullender et al., 2002; Øverlien, 2010, 2012). Vidare forstår dei ‘vitne til vold’-termen som ei passiv framstilling av barnet, og meiner at me må forstå barna som handlande subjekt i møte med volden.

‘Vold i heimen’-omgrepet kan omsetjast til det engelske omgrepet ‘domestic violence’. I første fase av det internasjonale litteratursøket mitt baud dette på problem, då eg stort sett fann forskning som studerte det å oppleve vold mellom foreldra, og i nokre tilfelle overlapp

mellom denne forma for voldserfaring og det å bli direkte utsett for vold sjølv. Etter nærmare studiar blei det klart at den riktige engelske termen for mitt prosjekt var ‘child abuse and maltreatment’. Nye litteratursøk med dette omgrepet opna opp eit nytt felt, nemleg det feltet som var relevant for mi avhandling og som retta fokuset på det å vere direkte utsett for vold. Kva ein definerer og forstår som vold mot barn er avhengig av den kulturelle og sosiale konteksten. Det at artiklane i avhandlinga er skrivne på engelsk og internasjonalt publiserte, inneber ikkje berre utfordringar knytt til språkleg omsetjing, men også til kulturelle/kontekstuelle aspekt. I tillegg er forskingsfeltet, både nasjonalt og internasjonalt, eit multidisiplinært felt der terminologi og konseptualisering varierer (Øverlien 2010, 2012). Fortolkningar av kva vold er kan variere mellom fag- og lekfolk, samtidig blir definering av fenomenet enda meir komplisert i ein kontekst prega av kulturelt og sosialt mangfald (Malley-Morrison og Hines 2004, 4). Grenseoppdragingar mellom ‘vold’, ‘mishandling’, ‘misbruk’ og ‘omsorgssvikt’ kan vere uklare og forståingar av fenomenet kan variere i tid og rom (Øverlien 2012). Med andre ord er dette landskapet kupert med faglege, folkelege så vel som kulturelle og kontekstuelle oppfatningar om kva dette ‘noko’ eg skal studere ‘er’.

Malley-Morrison og Hines (2004, 4) nyttar det engelske omgrepet ‘maltreatment’ som alternativ til ‘violence and abuse’. Argumentasjonen for dette er at det er ein meir inkluderande term i motsetnad til termane vold og misbruk/overgrep, som gir assosiasjonar til dei mest ekstreme formene for vold. I følgje Malley-Morrison og Hines rommar ‘maltreatment’ fleire former for og nyansar av vold. Fleire oversiktsartiklar som tek føre seg førekomst (sjå t.d. Kloppen et al., 2015, Stoltenborgh et al., 2015, and Butchart et al. 2006/WHO) stadfestar at ‘child maltreatment’ kan delast inn i fire hovudtypar av vold: seksuelt misbruk, fysisk misbruk, psykologisk misbruk og ‘neglect’. ‘Neglect’ kan omsetjast til forsømmelse, eventuelt vanskjøtsel. Vidare har forskarar som har sett fokus på overlappinga mellom partnervold og vold mot barn (‘domestic violence’ og ‘child maltreatment’) (sjå t.d. Postmus og Merritt 2009; Osofsky 2003; Hartley 2002), stilt spørsmålet om ‘vold i heimen’, altså vold mellom foreldre, burde bli definert som ei femte form for vold eller omsorgssvikt (sjå t.d. Postmus and Merritt, 2009; Calheiros et al., 2016). Med andre ord blir ‘child maltreatment’, i det forskingsfeltet eg skriv meg inn i, nytta som eit overordna konsept som rommar mange former for vold, frå alvorleg mishandling til det som skilir over i omsorgssvikt, eventuelt emosjonell vold.

Rogers (2013, 63-64) er også kritisk til å nytte ‘violence’, då ho oppfattar denne termen til å vere snever og gi assosiasjonar til den alvorlege mishandlinga. I motsetnad til Malley-

Morrison og Hines, nyttar ho derimot 'abuse' fordi ho meiner denne termen rommar ikkje-fysiske former for vold. 'Abuse' let seg omsetje til både misbruk og overgrep, som på norsk gir assosiasjonar til seksuelt misbruk. På engelsk kan 'abuse' derimot referere til verbal utskjelling og trakassering, medan me på norsk nyttar til dømes 'psykisk vold' eller 'emosjonell vold' for å vise til vold som ikkje er fysisk. I dagleg tale refererer det norske ordet 'vold' oftast til fysisk vold. Rogers (2013, 63) definerer vidare forskjellen på emosjonell og psykisk vold – eller 'abuse' i hennar terminologi slik: Verbal trakassering, til dømes gjentakande kritikk, degradering og devaluering utgjer emosjonelle former for vold. Psykisk vold inkluderer åtfærd som grensar opp mot fysisk vold, til dømes tvungen isolasjon eller fangenskap, truande åtfærd som å kontrollere eller avgrense sosial aktivitet, eller øydelegging av materielle ting.

I norsk samanheng har Isdal (2000) sin definisjon av vold, og inndeling i ulike former for vold, vore utbreidd.

«Vold er enhver handling rettet mot en annen person, som gjennom denne handlingen skader, smerter, skremmer eller krenker, som får denne personen til å gjøre noe mot sin vilje eller slutte å gjøre noe den vil.» (Isdal 2000, 36)

Isdal sin definisjon er vid, og legg vekt på volden sine konsekvensar i staden for intensjonen og handlinga i seg sjølv. Han differensierer mellom fysisk, psykologisk og seksuell vold, samt materiell og latent vold. I terminologien hans blir psykisk vold definert som direkte eller indirekte truslar, degraderande og audmjukande åtfærd – altså det Rogers (2013) definerer som emosjonell vold. For Isdal er emosjonell vold inkludert i forståinga av psykisk vold, og refererer til åtfærd som er retta inn mot å få den voldsutsette til å føle seg liten. I følgje Isdal (2000, 63) er neglisjering, det å systematisk oversjå, ei form for emosjonell vold. Vidare forstår Isdal materiell vold som øydelegging av gjenstandar, medan latent vold refererer til potensialet for vold. Frykten for at vold kan skje kan utvikle seg til å bli den dominerande voldsforma for den utsette. Risikoen for ny vold kome til å styre den voldsutsette i alt den gjer. Dermed blir volden eit kronisk livsvilkår, volden er der i kraft av risikoen for at den kan skje igjen (Isdal 2000, 67).

Omsorgssvikt eller 'neglect' synast ikkje å vere inkludert i norske definisjonar av vold mot barn og unge. Det engelske 'abuse and maltreatment' derimot opnar opp for inkludering av omsorgssvikt (eventuelt forsømmelse) som ei form for vold (jf. Kloppen et al., 2015, Stoltenborgh et al., 2015, and Butchart et al. 2006/WHO). Rogers (2013, 10) inkluderer 'neglect' i si forståing av 'maltreatment'. I dette perspektivet opererer ho med to former for

‘neglect’: medviten (willful) forsømmelse, til dømes intensjonell freistnad på å påføre stress, og umedviten (unwitting), til dømes omsorgssvikt som følge av manglande omsorgskompetanse, psykisk sjukdom og liknande. Denne forma for ‘maltreatment’ vil i norsk samanheng bli definert som omsorgssvikt og ikkje nødvendigvis vold. Men i tråd med Rogers (2010) og Isdal (2000) sine forståingar av ulike former for neglisjering som uttrykk for vold (som på engelsk i denne samanhengen vil bli omsett til ‘abuse’), inkluderer eg likevel desse perspektiva her fordi dei unge i studien skildrar slike opplevingar som noko av det som har gjort dei mest vondt, like vondt som fysisk vold. Dessutan belyser desse perspektiva den uklare og glidande overgangen mellom vold og omsorgssvikt – som datamaterialet i avhandlinga også synleggjer.

Sjølv om avhandlinga mi er skriven i ein norsk kontekst, skriv artiklane seg inn i eit internasjonalt forskingsfelt. Då er det naudsynt å nytte omgrep som skriv meg inn i den konteksten eg vil snakke i og difor har eg nytta den engelske termen ‘child abuse and maltreatment’ i artiklane. I tillegg synast denne termen å vere vidare og romme fleire uttrykk for vold enn det norske ‘vold mot barn i nære relasjonar’. Denne omsetjinga er likevel ikkje uproblematisk, då den norske og engelske terminologien ikkje alltid refererer til det same fenomenet. utfordringa med ei slik «romsleg» konseptualisering av vold mot barn i nære relasjonar er at definisjonen av fenomenet blir upresis og potensielt meiningslaus med omsyn til det fenomenet eg skal studere (Heltne og Steinsvåg 2011). På trass av dette er målsetjinga med studien å utforske korleis deltakarane opplever, forstår og fortolkar vold, og difor er det naudsynt å operere med ei konseptforståing som rommar deltakarane sine definisjonar og fortolkingar.

Som vist her, varierer konseptualiseringa av ‘vold mot barn i nære relasjonar’ frå kontekst til kontekst, og mellom ulike forskarar og disiplinar. Det er også mange dilemma som knyter seg til kva me inkluderer og ekskluderer i forståinga av fenomenet. Isdal (2000) argumenterer for at det er viktig å bruke ordet vold for å anerkjenne erfaringa til dei som har blitt utsette for det. Andre stemmer, som Malley-Morrison og Hines (2004, 4) er oppteken av at det å bruke ordet vold, samt korleis me definerer det, kan ha innverknad på kor villige folk er til å avsløre vold, samt kan det ha innverknad på profesjonelle responsar og tilnærmingar. Slik Malley-Morrison og Hines (2004, 4) har påpeika, kan det vere diskrepans mellom korleis lekfolk og profesjonsutøvarar definerer fenomenet, og ei aktuell problemstilling då er kven som skal ha «definisjonsmakta» over kva fenomen det er snakk om. Det å ta på alvor barn og unge sine stemmer, og deira rett til å uttale seg og medverke i saker som vedkjem dei, så som til dømes

forsking eller ei barnevernssak, kan innebere å gå på kompromiss med teoretiske konseptualiseringar og profesjonelle definisjonar. I denne studien har eg valt å ha ei vid forståing av kva vold mot barn i nære relasjonar kan vere, utan å gå inn for å konseptualisere det ytterlegare, men la deltakarane sine forteljingar og perspektiv kome til uttrykk. Dei belyser det komplekse, samansette og kupert landskapet dette 'noko' eg studerer er, og analysane i avhandlinga understrekar behovet for kontekstsensitive og dynamiske forståingar av fenomenet – i sosialfagleg forsking så vel som praksis.

3. Vold mot barn i Noreg: ein kunnskapsstatus

Internasjonalt er voldsforskningsfeltet omfattande og dekkjer ei rekkje tema som risikofaktorar, omfang, skadeverknader, profesjonelle responsar, barn som opplever vold mellom foreldre og som opplever å sjølv vere målet for volderen. Når det gjeld dei alvorlege skadeverknadene av å vere utsett for vold som barn, både emosjonelt, kognitivt, fysisk og atferdsmessig, er desse godt dokumentert i både nasjonal og internasjonal forskning (sjå til dømes Thoresen og Hjemdal 2014; Killén 2012; Kessler et al. 2010; Felitti og Anda 2010; Schou, Dyb og Graff-Iversen 2007, Margolin & Gordis 2004).

Omfangsstudier fokuserer ofte på å kartleggje førekomsten av ulike typar vold mot barn (altså ‘child abuse and maltreatment’), og mange rettar seg etter WHO si kategorisering av typar vold: seksuelt misbruk, fysisk mishandling, emosjonell/psykologisk mishandling og forsømmelse (‘neglect’) (WHO 2002, Kloppen et al., 2015, Stoltenborgh et al., 2015, Aakvaag m.fl. 2016, 268). Nokre nyare litteraturoversikter påpeikar at det dominerande forskningsfokuset dei siste tiåra har vore seksuelt misbruk og fysisk mishandling, medan emosjonell og psykologisk vold, samt omsorgssvikt, har vore via lite merksemd (sjå t.d. Jones et al., 2016; Kloppen et al., 2015; Stoltenborgh et al., 2015; Behl et al., 2003). I følgje Behl m.fl. (2003) kan mangelen på forskning om emosjonell vold og omsorgssvikt skuldast at desse formene for vold ofte blir misforstått til å ha færre og mindre alvorlege konsekvensar enn fysisk og seksuelt misbruk. I tillegg har fleire forskarar påpeika behovet for meir kunnskap om det å oppleve vold mellom foreldra. Verdens helseorganisasjon (WHO), har utpeika førebygging av vold særleg mot kvinner og barn som eit prioritert folkehelseområde (Meld. St. 15, 2012-2013). Callaghan og Alexander (2015) viser til berekningar gjort av WHO som anslår at det på global basis er heile 30 % av den kvinnelege befolkninga som opplever vold frå partner. Sannsynlegheita for at barna i desse parforholda opplever vold mellom foreldra er difor stor (Callaghan og Alexander 2015). Vidare veit me at dei barna som opplever vold mellom foreldra også er svært utsette for å oppleve vold direkte retta mot seg sjølv (Mossige og Stefansen 2016).

Det ligg som premiss for studien at vold i nære relasjonar, både mellom vaksne og mot barn er eit alvorleg samfunnsproblem, og at skadeverknadene for utsette barn kan vere store og omfattande. Callaghan og Alexander (2015) påpeikar korleis forskingslitteraturen om det å vere såkalla vitne til vold mellom foreldra, fokuserer på skadeverknader og psykopatologi som følgje av desse opplevingane, og framstiller dei utsette barna som passive offer. I deira

rapport om barn sine erfaringar med vold i heimen, og deira motstand mot og agens i møte med volden, blir barna forstått som handlande subjekt og sjølvstendige aktørar. På same måte tek denne avhandlinga utgangspunkt i både å inkludere barn og unge som deltakarar i empiriproduksjonen, og å analysere empirien med eit blick på barn og unge som aktive subjekt i sitt eige liv. Studien er altså utprega kvalitativ, der deltakarane sin subjektivitet og agens er utgangspunktet for å forstå korleis dei oppfattar og handterer volden. Det er dermed ikkje eit mål å undersøkje kor vanleg eller uvanleg ulike typar vold er, eller kor mange som er utsette for vold. Vidare i dette kapittelet skal eg referere nokre nylege norske studiar som gjeld omfang av ulike former for vold som barn og unge i Noreg har opplevd. Desse omfangsstudiane er ein del av ei større politisk satsing for å førebyggje og bekjempe vold mot barn, og dermed ein del av den samfunnsmessige konteksten denne avhandlinga inngår i. Difor har det mindre relevans å greie ut om internasjonale omfangstal og eg vil ikkje gå nærmare inn på det her.

Norske myndigheiter har tildelt to forskingsinstitutt midlar for å kartleggje omfang og utbreiing av vold i nære relasjonar i den norske befolkninga (Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA) og Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress (NKVTS). NOVA har særleg teke føre seg ungdomsbefolkninga, det vil seie 18-19 åringar i vidaregåande skule. Studien kartla tre former for vold: fysisk vold frå foreldre, vold mellom foreldre (altså såkalla vitneerfaringar) og seksuell vold i og utanfor familien (Mossige og Stefansen 2016). 21 prosent av ungdommane hadde opplevd fysisk vold frå minst ein forelder i løpet av oppveksten, medan seks prosent hadde opplevd grov vold frå minst ein forelder (dvs. slag med knyttneve, gjenstand, fått juling). Åtte prosent av ungdommane hadde sett eller høyrte ein av foreldra bli utsett for fysisk partnervold minst ein gong, og fire prosent hadde sett eller høyrte grov vold mellom foreldra (Mossige og Stefansen, 2016).

Ein NKVTS-studie gjorde liknande funn som NOVA-studien. Denne studien hadde riktig nok vaksne informantar, men det blei rapportert om erfaringar med vold og overgrep som barn. Resultata inneheld såleis informasjon om erfaringar frå barndom, og det er desse som er interessante å sjå i lys av NOVA-studien: 33 % av dei mannlege deltakarane og 27,7 % av dei kvinnelege deltakarane hadde opplevd milde former for vold som barn (klyping, klaps og lugging). Erfaringar med grovare former for vold (slag med knyttneve, sparka, banka opp) var 5,1 % for menn og 4,9 % for kvinner (Thoresen & Hjemdal 2014). Funna om erfaringar med grov vold som barn i NKVTS-studien har nokolunde likt omfang som det ungdommane i NOVA-studien rapporterte. Dette tyder på at førekomsten av grov vold ser ut til å halde seg

stabil. Vidare går det fram i NKVTS-studien at det var lågare førekomst av den milde volden blant dei yngre deltakarane. Dette kan reflektere holdnings- og praksisendring når det gjeld barneoppseding basert på auka og utbreidd kunnskap om skadeverknadene av vold mot barn. Samstundes kan det også reflektere at det er større tabu knytt til det å oppleve vold i familien på bakgrunn av det sosiale stigma det i dag inneber, noko som kan påverke rapporteringa.

På bakgrunn av dei studiar som er gjort ser det likevel ut til at mildare former for vold minkar, og me kan stille spørsmål ved om dette har med det generelle kunnskapsnivået og haldningsendringar i befolkninga å gjere, og/eller om det har med levekår og velferd å gjere og om den grove volden såleis knyter seg til spesielt utsette grupper – slik som risikoanalysen til Mossige og Stefansen (2016) indikerer. NOVA-studien indikerer nemleg at det er ei klar kopling mellom levekår og risiko for å oppleve vold. Dårlig økonomi og foreldre med alkoholproblematikk aukar risikoen for vold. Vidare heng grov vold mot barn og vold mellom foreldra saman. Når det gjeld den såkalla milde volden er den meir tilfeldig fordelt sett opp mot levekårsfaktorar (Mossige og Stefansen 2016). I tillegg syner resultatane frå NOVA-studien att unge med innvandrarbakgrunn¹¹ har høgare risiko for å oppleve grov vold, sjølv når ein hadde kontrollert for familieøkonomi og alkoholproblem.

Omfangsstudiar er nyttige for å få indikatorar på kor mange som har opplevd kva. Samstundes er det utfordringar knytt til slike spørjeundersøkingar. I tillegg til konseptualisering av vold og kva det inneber for resultatane i slike studiar, er det også vanskeleg å få representative utval, slik som til dømes Mossige og Stefansen (2016) sjølve kommenterer: I NOVA-studien består utvalet av ungdom i 18-19 års-alderen som går på vidaregåande skule. Ungdommar som ikkje går på vidaregåande er difor ikkje representerte i utvalet. Ettersom ungdommar som fell ut av vidaregåande også blir rekna for å ha høgare risiko for å oppleve vold, er det ei svakheit ved studien at den ikkje fangar opp denne gruppa (Mossige og Stefansen 2016). Vidare er minoritetsetnisk ungdom lågt representert i NOVA sin studie, som også inneber ei svakheit når det gjeld funna om at denne gruppa har høgare risiko enn andre.

Det at minoritetsetniske barn og unge er meir utsette for å oppleve vold er likevel eit tendens som går igjen i fleire forskingsrapportar (sjå t.d. Hofman 2011; Janson, Jernbro & Långberg 2011; Oldrup, Korzen, Lindstrøm & Christoffersen 2011; Mossige & Stefansen 2007). Særleg tal frå den norske barnevernsstatistikken fremjar eit bilete av at denne gruppa barn og unge er

¹¹ I rapporten opererer ein med tre kategoriar som markerer geografisk bakgrunn: Norden, vestlege land (europeiske land, Nord-Amerika og Oceania) og ikkje-vestlege land (Asia, Afrika og Sør-Amerika).

spesielt utsette for vold i nære relasjonar. I følgje denne statistikken rangerer minoritetsetniske familiar¹² høgast på tiltaksgrunnen «vold i hjemmet» og «fysisk mishandling» (Kalve og Dyrhaug og Sky 2015; Dyrhaug 2011). Fleire forskarar peikar likevel på at etniske minoritetar sine livsvilkår gjer dei til ei utsett gruppe på bakgrunn av til dømes tidelgare erfaringar frå heimland (som kan ha betydning for psykisk helse), rasisme, økonomisk og sosial marginalisering i det norske samfunnet, og at dette kan være forhold som kan forklare større utsattheit for vold uavhengig av kulturell og etnisk bakgrunn (Hofman 2011; Neumayer, Meyer og Sveaas 2008; Mossige og Stefansen 2007). Som vist innleiingsvis ser det likevel ut til at vold mot minoritetsetniske barn og unge blir forstått som noko anna enn vold mot majoritetsetniske barn og unge på politisk- og samfunnsnivå. Frå politisk hald blir det påpeika at det fleirkulturelle samfunnet stiller nye krav til faglige tilnæringsmåtar i helse- og velferdstenestene, og at det er stort behov for å byggje opp betre kompetanse i desse tenestene og i utdanningane (Meld. St. 13, 2011-2012). I eit fleirkulturelt samfunn er fenomenet vold i familien meir samansett enn før, og det gjer det viktig å ta i bruk oppdatert, forskingsbasert kunnskap, der brukarperspektivet er ivaretatt, for å sikre god kvalitet i tenestetilbodet (Meld. St. nr. 15 2012-2013).¹³

Med utgangspunkt i denne oversikta ser me at me veit ein del om førekomst av vold mot barn og unge i nære relasjonar i Noreg. Frå før av veit me mykje om både risiko og konsekvensar. Derimot er det mindre forskning innanfor det sosialfagelege feltet som undersøker barn og unge sine erfaringar, definisjonar og fortolkingar av det dei har opplevd. Det fins riktig nok nokre forskarar som i større grad har retta merksemda mot dette dei siste tiåra, men fortrinnsvis er denne forskinga fokusert på barn som opplever vold i heimen (mellom foreldre). Denne avhandlinga bidreg til å utvide og supplere kunnskapsfeltet som inkluderer barn og unge som deltakarar i forskinga, som tek utgangspunkt i å utvikle kvalitativ kunnskap om barn og unge sine erfaringar og som legg vekt på sosialfagelege perspektiv.

¹² Statistisk Sentralbyrå (SSB) opererer med tre kategoriar: Barn utan innvandrarbakgrunn, innvandrarbarn og norskfødde barn med innvandrarforeldre.

¹³ For utdjupande refleksjonar og drøfting knytt til denne tematikken, sjå metodologi- og diskusjonskapittelet.

4. Teoretisk rammeverk

4.1. Sosialkonstruktivisme som vitenskapsteoretisk posisjon

Det at fenomenet vold mot barn er så komplekst, og dermed vanskeleg å omgrepsfeste, som igjen gjer det vanskeleg å «måle», inneber også ei erkjenning av at våre perspektiv på, forståing og definering av det er *sosiale konstruksjonar*. Altså; den subjektive forståinga (og erfaringa) av vold er innleira i dei sosiale, kulturelle, historiske – så vel som profesjonelle – samanhengar me inngår i. I denne studien utforskar eg betydninga av kontekstuelle, relasjonelle og temporale dynamikkar for forståing av og meiningsskaping med vold. Ei slik tilnærming impliserer ei vitenskapsteoretisk posisjonering innan *sosialkonstruktivismen*.

Sosialkonstruktivisme er ideen om eit gjensidig avhengig forhold mellom samfunn og individ. Berger og Luckman (1967) er opptekne av at individet sin subjektivitet ikkje er uavhengig av samfunnskonteksten, altså dei sosiale omgivnadene. Dette perspektivet pregar mi tilnærming til å utforske korleis voldsutsette unge forstår det dei har opplevd som ein meiningsskapande prosess i samspel med rådande forståingar og definisjonar av vold på kultur- og samfunnsnivå. Burr (1995) forstår sosialkonstruktivisme som ei vitenskapsteoretisk retning der ein er kritisk til teken for gitt og essensialiserande kunnskap. All kunnskap er påverka av historisk og kulturell kontekst, og blir skapt og oppretthaldt i menneskeleg samhandling og forhandling (Burr 1995). Dette betyr at omgrep som til dømes «fakta» og «sanning» blir forstått som dynamiske og som forhandla fram i ein gitt sosial kontekst. Eit sosialkonstruktivistisk perspektiv inneber å utforske korleis meining og sanning blir skapt og oppretthalden, ofte på skjult og umedvite vis, i sosiale samhandlingsprosessar.

Som vitenskapsteoretisk rammeverk for studien har sosialkonstruktivisme dermed konkrete metodiske implikasjonar. I tillegg til å utforske fenomenet slik det eksplisitt blir fortalt om og forstått i intervju, utforskar eg også implisitte meiningssamanhengar mellom subjektive fortolkingar og sosiale og kulturelle forståingar av vold. Analysen av datamaterialet vil bere preg av dette «blikket», då eg er på jakt etter det u-uttalte, implisitte og det som ligg mellom linjene. På den måten kan eg få auge på korleis meining knytt til voldserfaringa blir forhandla i samspel mellom individet og dei sosiale samanhengar det er ein del av til ei kvar tid.

4.2. Personen-i-situasjonen: overordna teoretisk perspektiv

Det overordna teoretiske rammeverket i studien reflekterer den sosialkonstruktivistiske forskarposisjonen min. Det teoretiske utsiktspunktet mitt er nemleg den sosialfaglege

grunntenkinga om det gjensidig avhengige forholdet mellom individet og konteksten, i sosialt arbeid formulert som personen-i-situasjonen.

Omgrepet personen-i-situasjonen og forholdet mellom individ og samfunn har hatt ein sentral plass i fagfeltet heilt sidan Mary Richmond (1861 – 1928) introduserte sosialt arbeid som ein egen profesjon i 1889 (Levin 2015, 37-38). Richmond blir rekna som ein av sosialt arbeid sine mest sentrale skikkelsar. Tekstane hennar, ‘What is Social Case Work?’ og ‘Social Diagnosis’, etablerer i følgje Fjeldheim, Levin og Engebretsen (2015) ein sjølvstendig sosialfagleg teori som tek utgangspunkt i å forstå ‘man in his environment’, seinare formulert av Hamilton (1951) som personen-i-situasjonen, som grunnleggjande analyseeining i sosialt arbeid. Richmond var oppteken av dei samanvevde og gjensidig avhengige relasjonane mellom individet og dei omgivnadene det var ein del av. Det vil seie, for å forstå eit individ sine problem, må ein også forstå den samanhengen dei opptrer i og dei dynamikkar som er i spel mellom individet og den sosiale konteksten. Levin (2015, 36) foreslår å behandle forholdet mellom individ og samfunn som eit spenningsfelt i staden for eit motsetnadsforhold. Med det meiner ho at det ikkje handlar om konteksten *eller* individet, snarare om det gjensidige samspelet mellom dei to. Gjensidigheit må riktig nok ikkje bli misforstått som likeverd, då det i dei fleste relasjonar (særlig mellom individ og hjelpeapparat) ofte vil vere maktubalanse. Like fullt er gjensidigheit eit sentralt poeng, då ein innanfor dette perspektivet oppfattar individet som eit subjekt med ei sjølvstendig aktørrolle i sin kontekst, og ikkje berre som ein passiv mottakar av påverknad frå omgivnadene.

For å spesifisere kva personen-i-situasjonen tenkinga handlar om i sosialt arbeid er Valsiner og Winegar (1992) si differensiering mellom *kontekstualiserande* og *kontekstuelle* teoriar nyttig. Dei legg også vekt på å forstå individet som aktør i motsetnad til eit passivt «objekt», og er kritiske til forståinga av kontekst slik det blir nytta som analytisk variabel innanfor psykologifaget. Kontekstualiserande teoriar representerer i følgje Valsiner og Winegar (1992) ei forståing av kontekst som forklarande variablar. Det vil seie at ulike faktorar i konteksten blir forstått som lausrivne frå utfallet dei er meint å forklare. Konkret kan me tenkje oss at til dømes alkoholbruk eller vanskelege levekår blir forstått som (medverkande) årsak til at foreldre utøver vold mot barna sine, og at samanhengen her er eindimensjonal. Dermed blir alkohol eller andre forhold årsak og volden blir verknaden. Personen som drikk alkoholen blir ikkje direkte oppfatta å ha innverknad på situasjonen. Det blir den derimot i eit *kontekstue*lt perspektiv. Valsiner og Winegar (1992) seier at kontekstuelle teoriar er opptekne av samspel og prosess. I likskap med det sosialfaglege perspektivet blir individ og kontekst definert som

ei analyseeining, der delane i eininga inngår i ein gjensidig konstituerande relasjon. Dynamikken og prosessen som leiar til utfallet er fokus for analysen, der ein ikkje har ei lineær årsak-verknad forståing, snarare ei forståing av den kontinuerlege og vekselverkande prosessen mellom individ og situasjon. Det vil seie, at personen som drikk alkoholen og utøver vold i alkoholrusen blir sett på som ein aktør i eige liv. Det betyr ikkje at ein ikkje oppfattar på alkoholbruken som medverkande til at volden skjer, snarare betyr det at den utgjer ein del av fleire aspekt som inngår i den kontekstuelle dynamikken. Med ei kontekstuell tilnærming er ein oppteken av samspelet og prosessen i motsetnad til utfallet av prosessen.

Berg et al. (2015) seier at sosialt arbeid er ein profesjon som blant anna rettar seg mot å avhjelpe dei problem som oppstår mellom individ og samfunn. Sosiale omgivingar refererer ikkje berre til nærmaste familie og nettverk, men også til institusjonar som helsevesen, skular, arbeidsplass med meir, så vel som individuelle representantar for desse institusjonane som lege, lærarar og andre offentleg tilsette (Fjeldheim, Levin og Engebretsen 2015, 51). I følgje Richmond inkluderer både kartlegging og intervensjonstiltak individet sine eigne utfordringar og ressursar i omgivingane (Fjeldheim Levin og Engebretsen 2015, 52). Cornell (2006, 50) hevdar at Richmond syntetiserte individretta arbeid innanfor rammeverket av dei sosiale omgivingane og den multiple funksjonen sosialarbeidarar har. Fokuset på det sosiale, forstått som ein gjensidig avhengig dynamikk mellom individ og kontekst, gir sosialarbeidaren eit heilt unikt utsiktspunkt for å få tak i kontekstuell kunnskap. Det å gripe forholdet personen-i-situasjonen inneber å forstå dei komplekse samanhengane som personen og dei problema han eller ho har er ein del av (Levin 2015, 38).

Vidare hevdar Levin (2015, 39) at omgrepet personen i situasjonen tydeleggjer den sosiale dimensjonen i sosialt arbeid. Uansett kvar me jobbar vil det sosiale arbeidet (ideelt sett) starte med å analysere klienten sin situasjon. Å analysere klienten sin situasjon inneber også å forholde seg til hans eller hennar si subjektive oppleving av sin situasjon. Sjølv om objektive forhold eksisterer [til dømes at det har førekome vold], er den subjektive fortolkinga av situasjonen av betydning for den sosialfaglege tilnærminga (Levin og Ellingsen 2015, 50). Sosialt hjelpearbeid startar med problemdefinering, der hjelparen i samarbeid med klienten (ideelt sett) avklarar kva problemet er. Vidare blir problemet kartlagt og analysert før ein set i verk tiltak. Ein slik arbeidsprosess er ikkje lineær, snarare er den sirkulær då ny informasjon og vurderingar undervegs vil påverke hjelpeprosessen (Rød 2015, 134). Rugkåsa, Ylvisaker og Eide (2017, 11) peikar på at godt barnevernsfagleg arbeid inneber å utvikle ein praksis der barn og familiar opplever å bli møtt med forståing for dei faktiske liva dei lever, noko som

vidare kan gi grunnlag for å skape tillit. For å kunne forstå og møte eit individ eller ein familie i ein gitt situasjon med eit konkret problem er det nyttig å kunne identifisere behov som me alle har i kraft av å vere menneske, korleis situasjonen blir forstått i den kulturelle konteksten individet har tilhøyrse i og korleis individet eller familien opplever problemet eller situasjonen og uttrykkjer sine behov (Qureshi 2009). Ei slik tilnærming kan karakteriserast som kontekstuell og legg vekt på dei samanvevde relasjonane mellom individ, struktur og kultur (Levin og Ellingsen 2015).

I avhandlinga har eg nytta teoretiske perspektiv som på ulike nivå spesifiserer og utvidar personen-i-situasjonen-perspektivet. Perspektiva fungerer som inspirasjon og inngangar i analysearbeidet, i staden for *analysemetodar*. Difor vil eg ta føre meg kva for idear og omgrep innan dei ulike perspektiva som har forma tenkinga i arbeidet med studien generelt, og korleis eg har brukt dei i analysane av empirien spesielt. Det er viktig å understreke at analyseprosessen ikkje er ein avgrensa og isolert prosess, der eg har samla inn «nøytral» empiri for så å gå i gang med «objektive» analysar. I samsvar med sosialkonstruktivistisk tenking, blir kunnskapen i studien skapt og arbeida fram gjennom ein kontinuerleg vekselverknad mellom meg som forskar, teorien og empirien eg behandlar, samt den større sosiale konteksten eg er ein del av. I neste kapittel, som tek føre seg metodologi, vil eg skildre meir detaljert konkrete analytiske framgangsmåtar, og dynamikken mellom meg som forskar, teoretiske perspektiv og det empiriske materialet. Men først skal eg presentere dei to teoretiske perspektiva som analysane dei to første artiklane baserer seg på: *narrativt og interseksjonalitetsperspektiv*.

4.3. Narrative perspektiv: å forstå meiningsskaping i forteljingar om vold

I den første artikkelen i avhandlinga har eg nytta eit narrativt perspektiv for utforske dei unge voldsutsette deltakarane sine definisjonar og fortolkingar av erfaringane sine, som ein prosess som går føre seg i eit samspel med omgivnadene. I tråd med det overordna perspektivet kastar artikkelen lys over samspelet mellom individuell meiningsskaping og meining på kollektivt nivå, altså korleis fortolkingane av vold er ei forhandling mellom den unge og den konteksten han eller ho er ein del av. Termen ‘narrativ’ ber med seg mange meiningar og blir brukt på ulike måtar innan ulike disiplinar, ofte synonymt med ‘forteljing’ (Riessmann og Quinney 2005, 393). Den grunnleggjande ideen innan narrative perspektiv er at me som menneske forstår oss sjølve og omverda gjennom å fortelje historia vår (Øverlien 2012, 50). Det kan vere det store narrative om livet vårt, eller små narrativ om mindre betydingsfulle,

kvardagslege hendingar (Bamberg 2004). Poenget er at gjennom historieforteljing skaper me meining og plasserer oss sjølve som subjekt i relasjon til omgivnadene våre.

Interessa for narrativ har auka medvitet kring kontekst, kultur og subjektivitet (Øverlien 2012, 50). Dei historiene me fortel om oss sjølve er sjeldan fråkoplade dei sosiale omgivnadene me er ein del av, og individuell meiningsskaping går føre seg i samspel med dei og det me har rundt oss (Ulvik 2005, 56). Med andre ord spelar 'det sosiale' ei rolle i narrativ tenking. Riessman og Quinney (2005, 392) framhevar at narrativ forskning syslar med «the daily stuff of social work», gjennom å studere levde liv og verda «bak» forskingssubjektet, samt menneskeleg samhandling i relasjonar. Dermed har dei også peika på relevansen av narrative tilnærmingar i sosialfagleg forskning, ettersom det opnar for innsikt i meiningsskapande samspel mellom individet og omgivnadene.

Ettersom sjølve termen narrativ har blitt eit slags allemannseige, både fagleg og folkeleg, er det viktig å avklare kva den teoretiske og analytiske forståinga av omgrepet går ut på. I følgje Riessmann og Quinney (2005, 393) dreiar narrativ som analytisk tilnærming seg om å utforske korleis ei historie blir fortald på ein bestemt måte, kven den blir konstruert for, med kva føremål og kva kulturelle ressursar som blir trekt vekslar på i historieforteljinga. Denne forståinga framhevar dei sosiale og kulturelle aspekta ved narrativ, og er i tråd med eitt av Mishler (1999, 63) sine hovudfokus; nemleg dei psykologiske, kulturelle og sosiale linkane i den individuelle forteljinga, og dei funksjonar og føremål desse tener. Når Mishler ser på dei kulturelle og sosiale linkane i individuelle narrativ er han interessert i koplinga til det han kallar storylines. Søndergaard (2000, 77) definerer storylines som tekne for gitte kulturelle forteljingar som individet tek i bruk for å fortolke og gi meining til sine egne og andre sine erfaringar og handlingar. I denne studien kan me såleis forstå dei unge sine forteljingar om volden dei har opplevd ikkje berre som personlege narrativ, men som narrativ som også representerer noko meir enn sjølvforteljingar (Riessman og Quinney 2005, 393). Med det meiner eg at dei unge sine forteljingar om vold er fortalt i relasjon til storylines, altså: den store kulturelle forteljinga om kva vold er. Samtidig som det store kulturelle narrative om kva vold er figurerer i den individuelle forteljinga (Gubrium og Holstein 2009, 13). I følgje Gubrium og Holstein (2009, 15) reflekterer vårt indre liv den sosiale verda, og difor er den sosiale konteksten viktig å forstå for å forstå den individuelle forteljinga.

Gubrium og Holstein (2009, 6) er dermed opptekne av korleis individuelle forteljingar på eit vis er refleksjonar av den sosiale og kulturelle verda subjekta er innleira i. Individuelle forteljingar summerer opp til noko meir enn biografiske detaljar; nemleg historier om sosiale

meningssystem og strukturar. Bruner (1990) talar om kulturelle fortolkingsystem på kollektivt nivå. Han hevdar at det menneskelege sinnet er forma av dei kulturelle meningssystema me er ein del av, og at desse definerer kva me oppfattar som vanleg, kva me forventar i gitte kontekstar, kva som er moglege liv å leve. Han seier at narrativ fungerer som eit verkty for å skape mening når noko avviker frå det me forventar og definerer som vanleg. Dette er eit relevant poeng i analysen av dei unge sine forteljingar om vold: korleis skaper dei mening med det meningslause? Bruner (1990, 77) seier at for å konstruere eit narrativ krev det kunnskap om kva som er «canonical», altså implisitte, felles forståingar av kva som er norma, og kva som avviker frå det normative i menneskeleg samhandling. Avvik frå norma krev forklaring og triggar refleksjonar i ei forteljing (om seg sjølv), medan det som er kulturelt openbart forblir implisitt. I følge Bruner (1990, 49-50) er funksjonen til narrativ å finne ei forklaring som lindrar eller gjer forståeleg avviket frå det «kanoniske».

Eit godt døme på kulturelt implisitte forståingar finn me dersom me ser på kva som er den «vanlege» forklaringa på vold mot barn i nære relasjonar i den norske, majoritetskulturelle konteksten. Vold mot barn er rekna for eit alvorleg brot på sosiale normer. Dermed krev det å ha opplevd slik vold ei forklaring som kan byggje bru mellom avvik og normalitet. Forklaringa på kvifor barn og unge blir utsette for vold frå foreldra sine er ofte at foreldra har rusproblem eller psykisk sjukdom. Dermed tek gjerne dei unge sjølve i bruk slike forklaringsmodellar når dei skal fortolke volderen, kva den er eit uttrykk for og kva den betyr. Meningsskapinga skjer i samspel med den store kulturelle forteljinga om foreldre som utøver vold mot barna sine: dei er anten rusa eller har psykiske problem.

Medan Bruner (1990) og Mishler (1999) viser til den større samfunnskonteksten som innvovne i personlege narrativ, understrekar Riessman og Quinney (2005) også meir avgrensa kontekstar, til dømes intervjusituasjonen, som viktig å vise til i narrative analyser. Det gjer også Gubrium og Holstein (2009, 10) når dei påpeikar at intervjudata sjeldan avslører dirskursive føringar (eller etnografiske detaljar) som pregar den spesifikke konteksten forteljinga blir fortalt i. Særleg intervjutranskripsjonar manglar slik detaljinformasjon, i tillegg til toneleie, stemmebruk, ansiktsuttrykk og liknande. Ei forteljing blir alltid fortalt i ein bestemt setting, til bestemte personar, på eit bestemt tidspunkt og har ei mengde konsekvensar. Dermed er det også viktig å forstå den narrative konteksten (Gubrium og Holstein 2009, 10). I denne avhandlinga er særleg samfunnsdiskursar om vold mot barn i nære relasjonar, samt sjølve intervjusituasjonen aktuelle å gjere greie for. Forståinga av korleis volderen skal fortolkast og kva den er eit uttrykk for blir forhandla både i sjølve

intervjukonteksten, samtidig som den implisitt eller eksplisitt reflekterer den større samfunnsdiskursen og den store forteljinga om vold mot barn. Dette blir tydeleg gjennom at nokre av dei unge deltakarane vender seg til meg som intervjuar og konfronterer det dei trur er mi meining, medan andre direkte eller indirekte trekkjer vekslar på kollektive forklaringsmodeller om vold mot barn, lett gjenkjennelege i samfunnsdiskursen.

Eit anna sentralt aspekt ved narrativ tilnærming er tidsaspektet. Ei forteljing inneheld alltid ei tidslinje, og dei unge i denne studien sine forteljingar inneheld lange tidsliner ettersom dei fortel i retrospektiv form. Det blir tydeleg korleis tid har betydning for meningsdanninga slik den blir fortalt om før og no. Tidsaspektet her har ikkje betydning for om forteljinga er «riktig» eller «sann». Snarare kan ein forstå tidsaspektet slik at erfaringane deira blir fortolka i lys av nye erfaringar som har kome til i ettertid. Tid og kontekst som innvovne i individuelle sjølvforteljingar er såleis innebygd i den narrative tenkinga. Narrativ slik eg har nytta det har såleis fungert som eit analytisk blikk for å få auge på korleis kulturelle diskursar om vold mot barn, og tidsaspektet i forteljingane, har betydning i meningsskaping av voldserfaringar. Perspektivet tilbyr omgrep å tenke med som spesifiserer personen-i-situasjonen, og slik sirklar inn både dei kontekstuelle og relasjonelle aspekta ved volden.

4.4. Interseksjonalitet: samspelet mellom sosiale (makt)kategoriar

Medan eit narrativt perspektiv medverkar til å spesifisere dynamikken mellom subjekt og kontekst på individnivå, kan eit interseksjonelt perspektiv medverke til å synleggjerje andre aspekt ved personen-i-situasjonen på institusjons- og strukturnivå. Den andre artikkelen i avhandlinga utforskar korleis kategoriane 'klasse' og 'etnisitet' samverkar når saksbehandlarar i barnevernstenesta skal undersøkje og definere vold. Det analytiske fokuset her rettar seg mot dei strukturar sosialarbeidarar er ein del av, kva betydning desse har for sosialarbeidarane sitt handlingsrom og dermed også for vurderingar og forståing i ulike saker. Interseksjonalitet tilbyr eit konseptuelt rammeverk for å gripe korleis ulike maktposisjonar kan få betydning i barnevernet sitt arbeid med voldssaker. Her utgjer sosialarbeidarane og dei unge/familiane dei møter ulike delar av analyseininga personen-i-situasjonen.

Interseksjonalitet som teoretisk omgrep blei først definert av den amerikanske juristen Kimberle Crenshaw (1994), som brukte det for å peike på korleis kvit feminisme mislukkast i å handtere den spesifikke understrykkjande situasjonen svarte amerikanske kvinner lever under i USA. Interseksjonelle analysar var i seg sjølv ikkje nytt, men termen introduserte eit konseptuelt språk for å gripe dei multiple sosiale kategoriar individ er samtidig posisjonerte i

(Phoenix 2006, 22). Interseksjonalitet som teoretisk perspektiv medverkar til å få auge på korleis ulike kategoriar eit individ er posisjonert i, som til dømes 'etnisitet', 'klasse' og 'kjønn', har betydning for det enkelte individ sin situasjon. Det klassiske dømet minoritetsetniske kvinner som lever under multiple former for undertrykking, slik som rasisme, kolonialisme og patriarkalske praksisar (Orupabo 2014, Yuval-Davis 2005). Omgrepet er multidisiplinert, men er kanskje særleg mykje brukt innan feministisk- og kjønnsforskning. Vidare råder det usemje om termen representerer ein teori eller ein analysemetode (Orupabo 2014; Jensen og Christensen 2012; Lykke 2009; McCall 2005). Ei vanleg kritisk innvending er at interseksjonalitet ofte blir diskutert på eit teoretisk nivå og er vanskeleg å operasjonalisere på eit empirisk nivå, altså som ein konkret analysemetode (Orupabo 2014). Etersom termen er såpass debattert, tilbyr litteraturen også fleire definisjonar av kva interseksjonalitet er. Sjølv om definisjonane kan variere, er fellesnemnaren likevel at eit interseksjonelt perspektiv bidreg til å avdekkje og artikulere maktrelasjonar som skaper ulikheit mellom grupper, og som naturaliserer denne ulikheita (De los Reyes og Mulinari 2005, 127). Sosiale kategoriar, som til dømes 'kjønn' og 'klasse', er assosiert med maktrelasjonar, og er dermed ikkje maktnøytrale (Phoenix 2006).

'Kjønn', sosial 'klasse' og 'rase' har vore typiske kategoriar innan interseksjonelle analysar, særleg i USA, og legg grunnlaget for den strukturalistiske retninga innan interseksjonalitetslitteraturen. Strukturalistane ser på desse kategoriane som dei einaste signifikante sosiale maktkategoriane, eit syn som er meir vanleg i den amerikanske konteksten. I europeisk og særleg nordisk samanheng er det meir vanleg med ei poststrukturalistisk forståing, som går ut på at ei rekkje kategoriar kan gjere seg gjeldande, avhengig av kontekst og tematikk. Innan den poststrukturalistiske retninga er ein meir oppteken av å dekonstruere sosiale kategoriar og har ikkje eit absolutt syn på maktrelasjonar. Snarare er dei opptekne av agens og individet sine moglegheiter til å utfordre og endre sin posisjon og kategorien i seg sjølv.

Hovudfokuset innan eit interseksjonelt perspektiv er likevel å vise korleis ulike sosiale kategoriar kan samverke på måtar som har betydning for sosialfagleg praksis (institusjonelt/strukturelt nivå), og i forlenginga av det for eit individ i sin livssituasjon (individnivå) (Orupabo 2014, 331). Å vere minoritetsetnisk barnevernsbarn og kome frå ein familie med låg utdanning, og kanskje mykje arbeidsløyse, legg spesifikke premisser for livet til dette barnet. Med stort sannsyn vil livet til det minoritetsetniske barnevernsbarnet utfalde seg annleis enn for eit majoritetsetnisk barnevernsbarn med foreldre med høg utdanning. I denne

avhandlinga har eg posisjonert meg midt i mellom strukturalistisk og poststrukturalistisk retning: Eg ser på kategoriane 'klasse' og 'etnisitet' i sær som viktige å analysere i lys av maktrelasjonar, samtidig som eg er open for at andre kategoriar kan tre fram som relevante. Dei to kategoriane synte seg likevel å tre fram både som svært relevante og mindre relevante, avhengig av kva tematikk eg tok føre meg. Til dømes synest dei unge sine opplevingar av kva former for vold som er mest smertefull og vanskeleg å oppleve «universelle», altså dette ser ikkje ut til å bli opplevd ulikt basert på kategoriane 'klasse' og 'etnisitet'. Derimot synest forklaringsmodellane deira, og korleis dei skaper mening med volden dei har opplevd meir implisitt å vere knytt til posisjon innan kategorien etnisitet (majoritet/minoritet). Det same gjorde seg gjeldande i analysane av saksbehandlarane sine forteljingar om arbeid med voldssaker. Dei profesjonelle sin sosiale status blei vist til som eit hinder i møte med foreldre med høg status, og fekk betydning for arbeidet med voldssaker i desse familiane. I møte med minoritetsforeldra gjorde 'etnisitet' og 'kultur' seg gjeldande, både når det gjaldt foreldra sin sosiale posisjon som underordna og som fortolkingsramme for voldsuttrykket. Interseksjonane mellom klasse og etnisitet fekk såleis betydning både for saksbehandlarane sitt handlingsrom, og dermed også for korleis dei voldsutsette familiane og barna blei møtt og korleis hjelpeapparatet agerte (eventuelt ikkje agerte).

Slik eg har nytta det interseksjonelle perspektivet har eg vore på særskild utkikk etter korleis sosialarbeidarane sine normative og tekne for gitte forståingar av vold i nære relasjonar får betydning for tilnærminga i dei ulike sakene. Desse tekne for gitte forståingane har eg sett på som innleira i dei diskursane sosialarbeidarar er ein del av, både i sitt profesjonelle miljø og i samfunnet. For dette føremålet har Phoenix (1987) sitt omgrep 'absent presence' - det som er fråverande men likevel til stades – vore særleg nyttig. Omgrepet refererer til korleis majoriteten sine u-uttalte normer og forståingar fungerer som ein målestokk, som den minoritetsetniske kategorien blir sett opp mot og vurdert som annleis i forhold til (Christie 2010). Som teoretisk grep og inneber dette ei re-orientering av det analytiske blikket (Christie 2010, 212-213) frå å utelukkande studere korleis minoritetskategorien gjer seg gjeldande, til å sjå på majoritet og minoritet som gjensidig avhengige kvarandre (Orupabo 2014; Anthias 2012; Phoenix 2006) og korleis samspelet mellom dei to utfaldar seg. Dei interseksjonelle analysane syner altså korleis samverknaden mellom 'etnisitet' og 'klasse' får direkte betydning for sosialarbeidarane sitt arbeid, ved at dei med utgangspunkt i sin sosiale og strukturelle posisjon har ulike handlingsrom og dermed agerer ulikt overfor familiar som er ulikt posisjonerte i desse kategoriane. Dette igjen får betydning for foreldra og ikkje minst barna i

dei gitte barnevernssakene. For å forstå korleis slike ulikheitsskapande prosessar går føre seg, må me også forstå korleis individet er innvevd i institusjonelle og strukturelle nivå (Berg et al. 2010). Slik sett ser me personen-i-situasjonen eksplisitt frå sosialarbeidarposisjonen, og implisitt frå voldsutsette barn og familiar sin posisjon i dei interseksjonelle analysane her.

5. Metodologiske vegval: planen, prosessen og gjennomføringa

I dette kapittelet skal eg skildre det metodologiske designet for studien. Kvalitative forskingsdesign utviklar seg ofte i fleire fasar, og både føremål og forskingsspørsmål kan (og bør) endre seg i takt med litteraturgjennomgang, analysar undervegs, møte med feltet og forskarrefleksivitet (Shaw & Holland 2014, 81). Eg starta med ein plan og eit utgangspunkt, som gradvis endra seg etter kvart som eg orienterte meg i feltet og mine perspektiv og forståingar utvikla seg. Vidare, etter å ha studert forskingsfeltet endra også innfallsvinklar og innramming av studien seg. Desse metodologiske rørlene og reformuleringane skal eg ta føre meg i dette kapittelet.

5.1. Utgangspunktet, møtet med feltet og tilpassing av det metodologiske designet

Med utgangspunkt i både forskning og politikk som etterspør meir kunnskap om vold mot barn i minoritetsetniske familiar, var min opprinnelege plan også å rette hovudfokus på nettopp minoritetsetniske unge. Det at minoritetsetniske familiar er overrepresentert når det gjeld tiltaksgrunnen «vold i heimen» og «fysisk mishandling» i barnevernsstatistikken (Dyrhaug og Sky 2015; Kalve og Dyrhaug 2011), forsterka argumentasjonen for dette spesifikke fokuset. Forskingsresultat, statistiske data og politikken på feltet framheva eit behov for å få meir kunnskap om vold i minoritetsetniske familiar, var i oppstarten av prosjektete premissleverandør for problemdefinisjonar og forskingsfokus (Lithman 2004).

Det avgrensa fokuset på minoritetsetniske unge endra seg likevel i ein tidleg fase av prosjektarbeidet, då eg gjorde ei nærmare analyse av barnevernsstatistikken. Sjølv om minoritetsetniske barn og unge var overrepresentert i voldssaker, viste det seg at majoritetsetniske familiar rangerte høgast på tiltak knytt til «rus hos foreldre» (Dyrhaug og Sky 2015; Kalve og Dyrhaug 2011). Ettersom barn og unge som veks opp med foreldre med rusmisbruk har høg risiko for å oppleve vold (Mossige og Stefansen 2016; 2007), er det grunn til å reflektere over korleis barnevernssystemet kategoriserer problematikken i ulike familiar på ulike måtar. Basert på statistikken ser det ut som det er meir vold i minoritetsetniske familiar som har barnevernstiltak enn i majoritetsetniske familiar. I tillegg er det svært låg prosent minoritetsetniske familiar som har tiltak basert på rusproblematikk hos foreldra. Dermed ser det ut som rusproblematikk ikkje har eit stort omfang blant dei minoritetsetniske familiane som har tiltak. Slike statistiske representasjonar kan bidra til å formidle ei bestemt form for kunnskap og forståing om kva problem som gjeld bestemte grupper og legg gjerne grunnlag for både politikk, samfunnsdebatt og forskning. Dette kan vere problematisk ettersom

barnevernsstatistikken sine kategoriseringar ikkje er representative korkje for dei familiar som får tiltak i barnevernet, eller for befolkinga forøvrig. Ein konsekvens av det biletet barnevernsstatistikken formidlar kan vere at vold majoritetsbarn og –unge opplever blir tilslørt av «rus hos foreldre»-forklaringa, noko som er problematisk på fleire måtar. Det eine er at volden desse barna blir utsette for ikkje blir like synleg og dermed risikerer dei å ikkje få den hjelpa dei treng. Det andre er at vold i minoritetsetniske familiar kan bli «oversynleg» (Bredal 2009), noko som kan ha stigmatiserande effektar og føre til mindre føremålstenleg politikk og intervensjon.

Denne «oversynlegheita» opplevde eg gjorde seg gjeldande i møtet med feltet. I arbeidet med å etablere samarbeid med fagpersonar, tilsette i offentlege instansar og frivillige- og interesseorganisasjonar, vekte temaet vold mot barn i minoritetsetniske familiar engasjement. I motsetnad var det vanskelegare å få feltet i tale om vold mot majoritetsetniske barn og unge. Særleg når det gjaldt rekruttering var det vanskeleg å få engasjert samarbeidspartar som kunne hjelpe meg med denne gruppa. Ein av fagpersonane eg drøfta denne utfordringa med fortalde at det ikkje var uvanleg at profesjonelle hjelparar tolka vold i minoritetsetniske familiar som eit kulturproblem, medan ein ofte forsto vold i majoritetsfamiliar som eit symptom på rusmisbruk eller psykiatri.

Vold i nære relasjonar er svært tabu og skambelagt i den norske kulturen og samfunnet (Hennum 2002), og det kan tenkjast at det er lettare å snakke om vold hos 'dei andre' enn hos 'oss sjølve'. På den måten blir det eit problem majoriteten kan eksternalisere (Gullestad 2002). Pape (2013), som har studert handlingsplanar mot vold i nære relasjonar frå starten av 2000-talet, stiller spørsmål ved underkommunikasjonen av den sterkt forskingsdokumenterte samanhengen mellom vold i nære relasjonar og alkoholbruk. Etersom alkoholbruk er utbredt i befolkinga (Pape 2013), kan ein tenkje seg at det eksisterer ei vegring mot å ta på alvor denne samanhengen i frykt for å stemple alkohol(mis)brukarar som potensielle voldsutøvarar. I så tilfelle er det eit paradoks at ein i politikk og samfunnsdebatt har lågare terskel for å peike på samanhengar mellom kulturell bakgrunn og vold. I denne debatten oppstår det ein tilsynelatande meiningssfylt samheng mellom det å ha ein annan kulturell bakgrunn enn majoriteten og å utøve vold mot barn, noko som bidreg til å «kulturalisere» volden og som kan ha stigmatiserande effektar på ei større gruppe enn det det gjeld (Rugkåsa, Ylvisaker og Eide 2017; Jørgensen og van der Weele 2009; Johansen 2007).

Med bakgrunn i observasjonar i møtet med feltet, samt teoretiske refleksjonar kring desse, meldte det seg eit behov for å gjere nokre justeringar i det metodologiske designet. Ikkje for

å bagatellisere eller avvise overrepresentasjonen av minoritetsfamilier med tiltak knytt til vold i nære relasjoner (jf. Bredal 2007), men for å løfte blikket og søkje eit større bilete som kunne romme fleire samanhengar enn dei som tilsynelatande gjer seg gjeldande gjennom statistiske representasjonar.

5.2. Frå kategoriar som forskjell til kategoriar i samspel

Den prosessen eg har skildra over syner ein dekonstruksjon av mitt eige forskingsprosjekt. Eg stilte meg sjølv spørsmålet kva kunnskap eg ville oppnå om minoritetsetniske unge og vold dersom det ikkje blei sett i samanheng med den større konteksten fenomenet opptrer i. I tråd med Gullestad (2002, 42) oppfatta eg at å ha einseitig fokus på den minoritetsetniske kategorien ville «klippe ut individ frå dei sosiale samhengane dei står i». Eit slikt einseitig fokus ville kunne produsere ei oppfatning av ‘dei andre’ som forskjellig frå ‘oss’, og analysane ville blitt sentrert rundt å samanlikne forskjellar. I tillegg til å begrense fokuset og kunnskapsutviklinga, ville dette også representere eit forskningsetisk problem. Dermed bestemte eg meg for å endre den overordna innfallsvinkelen til eit generelt fokus på unge med varierte sosiale og etniske bakgrunnar. Eg tok sikte på å rekruttere *eitt* utval og behandle dei unge som *ei* gruppe, og i staden for å studere forskjellar utforske korleis samspelet i og mellom kategoriane skaper det ulike meiningsinnhaldet i dei (Haavind 2000, 155-156). Eg har oppretthaldt eit analytisk fokus på sosiale kategoriar som ‘etnisitet’ og ‘kultur’, men då som teoretiske og analytiske inngangar til empirien, og ikkje som folkelige eller politiske (emiske) omgrep.

5.3. Rekruttering og samansetnad av utvala

Med utgangspunkt i den overordna kunnskapsambisjonen, samt i tråd med endringa av det metodologiske designet, var det viktig å få eit samansett utval av unge med omsyn til sosial bakgrunn, etnisitet, kjønn, type voldserfaringar og erfaringar med hjelpeapparatet. Difor gjekk eg også breitt ut i feltet og tok kontakt med ulike offentlege tenesteytarar, frivillige organisasjonar, enkeltpersonar med relevante fagbakgrunnar og private aktørar. Kontaktetableringa i feltet resulterte i samarbeid med eit familievernkontor, eit krisesenter, fleire ulike frivillige- og interesseorganisasjonar, samt høgskule- og universitetssektoren, som bidrog til rekruttering av unge til studien. Profesjonelle i dei ulike instansane hjelpte meg anten direkte med rekrutteringa ved å spørje unge dei var i kontakt med om å la seg intervjuje, eller dei distribuerte informasjon på e-post, sosiale media eller bloggar. Sistnemnde strategi resulterte i at unge som var interesserte i å la seg intervjuje kontakta meg direkte. Fem av totalt 13 unge meldte interesse på bakgrunn av å ha lest om studien på sosiale media eller i e-post,

medan dei resterande åtte blei rekruttert ved at mine kontaktpersonar spurte unge som kunne vere aktuelle om dei ønskte å delta.

Utvalet unge består av fem gutar og åtte jenter. Ni var mellom 17 og 22 år, medan dei andre fire var 26, 27, 29 og ein var 35. Sjølv om eg i utgangspunktet planla å rekruttere deltakarar mellom 16 og 23 år, opna eg opp for eldre deltakarar både for å sikre at eg fekk nok empiri, samtidig som eg vurderte at erfaringar med vold ikkje «går ut på dato» og er like relevant for studien om dei ligg nokre år tilbake som at dei er «nyare». Etersom dei fleste var over 18 år på intervju tidspunktet og strengt teke ikkje definerer som barn og ungdom omtalar eg deltakarane i utvalet voldsutsette som *unge*. Men, dei unge fortel om erfaringar som barn og ungdom, difor forstår eg også forteljingane deira som gyldige og relevante for å belyse vold mot *barn og ungdom*.

Tre av gutane i utvalet unge hadde minoritetsetnisk bakgrunn og to var majoritetsetniske.¹⁴ Blant jentene var tre minoritetsetniske, ei hadde blanda etnisk bakgrunn og fire var majoritetsetniske. Dei unge hadde ulike familiebakgrunnar når det gjeld sosial og økonomisk status, og utifrå det dei fortalde hadde fleire av foreldra psykisk sjukdom eller andre helsemessige plager, som til dømes alkoholproblem. Nokre av dei minoritetsetniske unge hadde flyktningbakgrunn, og nokre av desse igjen kom frå familiar med høg sosial status i landet dei kjem frå, men har opplevd statusfall etter dei kom til Noreg. Ifølgje forteljingane til dei unge med denne spesifikke bakgrunnen, var dette ei stor belastning for foreldra som bidrog til stress og dårleg både fysisk og psykisk helse.

Det å rekruttere unge voldsutsette gjennom profesjonelle som valte ut informantar på vegne av studien innebar at eg sjølv ikkje kontrollerte inklusjonskriteria. Informasjonen eg formidla til samarbeidspartar gav døme på ulike voldsuttrykk for å fange opp deltakarar som hadde den type erfaringar eg skulle utforske. Dermed hadde eg også førehandsdefinert kva vold er, og risikerte at unge som har opplevd andre former for vold blei ekskludert. Det var likevel den profesjonelle kontakten min som til sjuande og sist avgjorde kven av dei unge som var aktuelle. Vidare var det ikkje berre volds erfaringane som fekk betydning for inklusjon eller eksklusjon, men den profesjonelle si vurdering av om den unge var klar for å snakke med meg om erfaringane sine, om den unge kom til å ville delta, relasjonen mellom den profesjonelle og den unge og om den profesjonelle engasjerte seg i å finne kandidatar til meg. Dermed er

¹⁴ Eg brukar termane majoritetsetnisk om barn og unge utan innvandrarbakgrunn, og minoritetsetnisk om norskfødde barn og unge med innvandrarforeldre og innvandrarbarn – jf. SSB si kategorisering (fotnote 11 og 12). Termane majoritetsetnisk og minoritetsetnisk representerer analytiske kategoriar.

utvalet ikkje tilfeldig eller «nøytralt», men prega av utvalsvurderingar som mine samarbeidspartar har gjort.

Vidare var det fleire unge som tok kontakt sjølve etter å ha lest eller fått informasjon om studien via ulike kanalar. Desse var aktive og engasjerte unge som gjerne ville fortelje historia si og på den måten hadde ein ide om å kunne bidra til kunnskapsutvikling. Det kan tenkjast at dei hadde personlege agendaer som påverka måten dei fortalte historia si på, eller kva dei valde å fortelje om. Forteljingane til desse unge var likevel ikkje mindre nyanserte og komplekse enn andre forteljingar, og i tråd med dei narrative og sosialkonstruktivistiske perspektiva som rammar inn denne studien, representerer slike moglege motiv for deltaking, slik eg ser det, ikkje noko svakheit ved empirien.

Rekruttering av deltakarar skjedde via eit stort familievernkontor, eit behandlingstilbod for unge som har vakse opp med alkoholmisbruk, eit krisesenter og to barnevernstenester samt ulike nettbaserte flater. Av anonymitetsomsyn kjem eg ikkje til å avsløre kva slags nettbaserte flater, eller kvar dei ulike instansane er plasserte, bortsett frå at familievernkontoret og barnevernstenestene er lokale tenester, medan behandlingstilbodet og krisesenteret tilbyr landsdekkjande tenester. Avdelingsleiarar ved dei ulike instansane valde ut kven av dei tilsette som hadde relevant sakserfaring, det vil seie erfaring med voldssaker, og sette meg i kontakt med desse. Ved krisesenteret fekk eg tilgang til å intervjuje nesten alle tilsette ved den aktuelle avdelinga. Dei faglege bakgrunnane til dei profesjonelle deltakarane i heile dette utvalet er variert. Hovudsakleg hadde alle saksbehandlarane ved barnevernstenestene sosialfagleg utdanning, anten som sosionom eller barnevernspedagog. Nokre få hadde andre (relevante) universitetsgrader, som sosiologi og kriminologi. Ved familievernkontora/behandlingstilbodet var deltakarane psykologar, mens ved krisesenteret var omtrent halvparten av deltakarane sosionomar eller barnevernspedagogar og resten hadde anna utdanning frå universitetet. Alt i alt består utvalet profesjonsutøvarar av 19 kvinner og fire menn. Alle dei fire mennene var saksbehandlarar. Av dei 23 profesjonelle var 10 saksbehandlarar, ni miljøterapeutar og fire psykologar.

5.4. Intervjua og det empiriske materialet

Datainnsamlinga blei gjennomført over ein periode på ni månader, der eg gjorde intervju med unge og profesjonsutøvarar parallelt. Fordelen ved denne parallelle intervjuprosessen var at intervjuing i det eine utvalet informerte intervjuing i det andre utvalet. Dermed kunne eg nytte nye perspektiv og spørsmål og slik utdjupe og analysere tema som dukka opp undervegs i

datainnsamlinga. Når det gjeld dei unge gjennomførte eg intervjuar anten på kontoret mitt, der dei unge hadde tenestetilbod (til dømes på psykologen sitt kontor), og i eitt tilfelle over telefon. Dei profesjonelle intervjuar eg på same måte, anten på deira respektive arbeidsplassar, nokre av dei på mitt kontor, eitt heime hos ein profesjonell og eitt over telefon. Alle intervjuar, både med unge og profesjonsutøvarar, varte mellom 60 – 120 minutt, blei tekne opp på lydband og transkriberte ord for ord i etterkant.

Ettersom det overordna føremålet har vore å utforske deltakarane sine forståingar av vold mot barn eigna det kvalitative intervjuet seg som forskingsmetode (Shaw og Holland 2014, 83). Metoden er designa for å samle nyanserte forteljingar som fangar opp kvalitativt mangfald (Brinkman og Kvale 2015, 33). Eit kvalitativt intervju er ofte semistrukturert, som betyr at det verken er heilt oppe eller heilt lukka, som eit spørjeskjema, men følgjer ein guide med oppgitte tema og moglege spørsmål (Brinkman og Kvale 2015, 31-32). Målet er å skape ein kvardagseg liknande samtale og dermed ei atmosfære som får intervjusubjektet¹⁵ til å føle seg trygg på intervjusituasjonen. (Czarniawska 2004, 48). Det engelske omgrepet ‘inter-view’ reflekterer utvekslinga av perspektiv mellom to personar, og slik sett er kunnskapsproduksjonen avhengig av den menneskelege samhandlinga i intervjuet. Dermed vil kontekst, relasjon og narrative aspekt også prege empirien (Brinkman og Kvale 2015, 20). Ein slik forskingsmetode har forankring i mitt sosialkonstruktivistiske kunnskapssyn, og står i kontrast til eit positivistisk syn der kunnskap blir forstått som kvantifiserbare fakta (Brinkman og Kvale 2015, 21). Analytisk fokus på det narrative, det implisitte, altså det tekne for gitte og det som «ligg mellom linjene» har vore avgjerande verkty i det å utforske mening (Brinkman og Kvale 2015, 32-33).

Produksjonen av empiri gjennom det kvalitative forskingsintervjuet kan ikkje samanliknast med det å følge mekaniske prosedyrar og reglar, men kviler på forskaren sine kvalifikasjonar og kunnskap om tematikken (Brinkman og Kvale 20015, 71). Som forskar hadde eg både forkunnskapar om fenomenet vold mot barn i nære relasjonar, og pre-definisjonar av kva vold er. Ettersom eg var ute etter deltakarane sine eigne fortolkingar og definisjonar av vold, prøvde eg å unngå å namngi handlingar dei fortalde om som vold utan at dei sjølve gjorde det. Men for å i det heile kunne fange opp fenomenet måtte nokre forforståingar, definisjonar og

¹⁵ Eg nyttar omgrepet ‘intervjusubjekt i tråd med slik Brinkman og Kvale (2015, 3) definerer det: Menneske er ikkje objekt som er mekanisk kontrollerte av kausale lover, men aktivt deltakande i meningsskaping som subjekt. Likevel, menneske kan også vere brukarar av diskursar dei ikkje har skapt sjølve, men som dei gjennom sin bruk av dei er medskaparar av. Brinkman og Kvale refererer til det engelske omgrepet ‘authored authors’ som dei meiner fangar denne doble meininga av subjektomgrepet. Eg sluttar meg til denne forståinga av intervjusubjekt då det er i tråd med slik eg nyttar personen-i-situasjonen som analyseining.

kunnskap ligge til grunn. Når det gjeld dei unge hadde eg gitt døme på kva som *kunne* opplevast som vold i informasjonsskriva, og for å få tak i kva dei sjølve definerte som vold av sine erfaringar, måtte eg nokre gongar spørje direkte om dei definerte erfaringane sine som vold. Slike direkte spørsmål genererte ofte refleksjonar og resonnement rundt kva som tel som vold og ikkje. Dei unge var godt informert om kva intervjuet skulle handle om, men det var likevel eit viktig mål å ikkje presse fram historier om voldserfaringar, men la dei unge få nærme seg tematikken i sitt eige tempo.¹⁶

Vidare har eg sjølv bakgrunn som saksbehandlar i barnevernet, og dermed også mykje praktisk erfaring i å samtale med unge om vanskelege tema. Både i førebuing og gjennomføring av intervjuet opplevde eg å ha stor nytte av praksiserfaringane mine. Eg var likevel medviten skiljet mellom sosialarbeidarrolla og det å vere forskar. Eg informerte dei unge om at eg har jobba i barnevernet, men at eg i denne situasjonen var forskar og dermed ikkje hadde noko mandat til å følgje dei opp etterpå. Eg gjorde det likevel tydeleg at eg ville hjelpe dei å kome i kontakt med hjelpeapparatet dersom dei ønskte og hadde behov for det. Ingen av dei unge hadde innvendingar mot det at eg hadde jobba i barnevernet, eller hadde ønske om å få hjelp til å kontakte hjelpeapparatet.

Det empiriske materialet består av skildringar og forteljingar om erfaringar med vold, både som voldsutsette barn og unge og frå profesjonsutøvarperspektivet. Når det gjeld spørsmålet om barnet sitt perspektiv er representert i datamaterialet, kan det problematiserast ettersom dei fleste deltakarane i studien er definert som unge vaksne. Er det den vaksne stemma som snakka om erfaringar som barn, eller fortalde dei unge historia si slik dei som barn ville ha gjort det (Shaw og Holland, 2014, 180)? Det er kanskje ikkje mogleg å avgjere kven si stemme som var aktiv, men eg har analysert empirien både som her-og-no-perspektiv på det som skjedde den gong, og som forteljingar om korleis dei opplevde det *som barn*. På den måten har eg eit barneperspektiv, men kanskje er barnet sitt perspektiv også til ein viss grad representert.¹⁷

Slik dei unge fortel om voldserfaringane sine, er dei svært varierte både i uttrykk (fysiske, psykiske, emosjonelle og materielle former) og i måten dei blir opplevd og fortolka. Denne empirien er samansett av detaljerte skildringar av enkeltstående voldsepisodar og volden som eit kontinuum. Det vil seie; volden som ei atmosfære dei unge har levd og lever i og med, og

¹⁶ Sjå under neste overskrift «Ethiske omsyn og utfordringar» for fleire refleksjonar kring intervjuinga.

¹⁷ Meir om barneperspektiv og barnet sitt perspektiv i den avsluttande diskusjonen.

som ikkje nødvendigvis er over sjølv om dei ikkje lenger bur saman med eller er i kontakt med voldsutøveren. Vidare skildrar intervjuet med dei unge konteksten og relasjonane volden skjer innanfor, dei unge sine handlingar og kjensler i møte med voldsepisodar, korleis dei lever vidare og skaper mening med volderfaringane, og ikkje minst nærveret eller fråværet av hjelpeapparatet.

Profesjonsutøvarintervjuet er også sett saman av forteljingar om vold, men sett gjennom deira profesjonelle og faglege blikk. Empirien inneheld skildringar av korleis dei jobbar generelt med voldssaker, i sær når det kjem inn bekymringsmelding om vold, og døme på korleis dei har jobba i spesifikke saker. I forteljingane om spesifikke saker blei ulike former for vold konkretisert og kontekstualisert, forklart og gitt mening utifrå faglege fortolkningar, så vel som generelle kulturelle oppfatningar og sosiale posisjonar. I dette materialet fins mange resonnement rundt tersklar for intervensjon, anten det gjeld å melde til barnevernet eller nivå av barnevernstiltak (frivillig eller tvang). Vidare er denne empirien prega av den politiske og offentlege diskursen om vold mot barn, og dermed inneheld den normative forståingar og utsegner som samstundes blir diskutert og nyanserte med utgangspunkt i det sosialfaglege arbeidet med tematikken.

Når det gjeld profesjonsutøvarempirien enda eg opp med å nytte intervjuet med saksbehandlarar direkte i artiklane. Dette har å gjere med kva tema som etter kvart utkrystalliserte seg, og korleis heilheita av avhandlinga tok form. Eg vil likevel understreke at intervjuet med behandlarar og miljøterapeutar har vore avgjerande for avhandlinga sine funn og utforming som heilheit, og at analysar også av desse ligg i botnen av den totale kunnskapen som kjem ut av studien. Dei har difor vore viktige for det endelege resultatet, også der dei ikkje kjem direkte til syne i artiklane.

5.5. Framgangsmåtar i analysen av empirien

Dei empiriske analysane starta allereie i planlegginga og utviklinga av prosjektet, slik som vist innleiingsvis i dette kapittelet. Analysar i ein kvalitativ intervjustudie er ein kontinuerleg prosess og ikkje noko som følgjer ein på førehand fastlagd metodikk, eller er avgrensa til analysar av empirien. Dei involverte aktørar (meg som forskar, mine samarbeidspartar, kunnskapsfeltet, politikken, teorien og ikkje minst deltakarane i studien) har verka inn på korleis den metodiske tilnærminga har endra og utvikla seg. I det følgjande skal eg likevel ta føre meg analysearbeidet slik eg gjennomførte det etter datainnsamlinga, og i det konkrete arbeidet med det transkriberte intervjuet materialet.

I analysen av intervju har eg strekt meg etter å la empirien ligge til grunn for dei forståingar og perspektiv studien utviklar (induktiv tilnærming), og ikkje berre late han fungere som stadfesting av teoretiske og på førehandsdefinerte hypotesar (deduktiv tilnærming). Det er likevel vanskeleg å reindyrke den eine eller den andre av desse posisjonane, ettersom det analytiske blikket alltid vil vere styrt av forskaren sine teoretiske posisjonar, så vel som personlege og kulturelt prega forforståingar. Etter kvart som empiriske tema har tredd fram, har også ulike teoretiske innfallsvinklar «kome og gått», og mine eigne perspektiv har utvikla og endra seg. Dermed er analyseprosessen prega av ein vekselverknad mellom induksjon og deduksjon, og eit samspel mellom meg, empiri og teori.

I arbeidet med empirien nytta eg meg først og fremst av Haavind (2000) sin metode for lesing av intervjumateriale på langs og på tvers. Å lese på langs inneber å lese kvart enkelt individuelle intervju for seg, søkje etter innbyrdes mening, nyansar og tvetydigheiter, og etter personane sine eigne tematiseringar og kategoriseringar (Haavind 2000, 175). Dette kan også forståast som ei form for narrativ lesing av kvart individuelt intervju: poenget er å få tak i den enkelte si historie slik dei presenterer den. Etter å ha nærlese kvart enkelt intervju på denne måten, starta arbeidet med å lese intervju på tvers, det vil seie å leite etter fellestrekk i empirien som heilheit. Her er det viktig å presisere at eg behandla dei to utvala (unge og profesjonsutøvarar) kvar for seg, som to datasett, der eg leitte etter variasjonar internt i kvart utval (Haavind 2000, 176-177). Denne på tvers-lesinga gjorde det mogleg å fange opp mønster i materialet, og brot i mønster, som i sin tur representerer empiriske funn som kan fortolkast i lys av teori. Lesinga på langs og på tvers har også vore inspirert av ein tanke om open koding (Corbin og Strauss 2008, 159-165), der eg har prøvd å lausrive meg frå teoretiske forforståingar, samstundes som eg har lest systematisk med utgangspunkt i forskingsspørsmåla. Som analytisk grep har eg såleis freista å nytte meg av ulike blikk på materialet, for å prøve å få auge på ulike aspekt og poeng.

Det å vere på jakt etter framtrekande tema både i kvart enkelt intervju så vel som på tvers av intervju er ein måte å kode empiri på. Kodane representerer utsnitt av data som omhandlar dei same tema, og har blitt klassifisert innan same kategori. Kategoriane representerer større tema igjen, som både refererer til problemstillinga og som er utvikla gjennom analysearbeidet. Denne måten å klassifisere empiri på fangar opp funn frå både den systematiske og opne lesinga av empirien. Kategoriane gir oversikt over materialet og medverkar til at forskaren kan identifisere sentrale, overordna tema og mønster (Kvale og Brinkman 2009: 211). Vidare er poenget med analysen å utforske korleis ein kan forstå desse mønstra. Føremålet med

kvalitative analyser er å utvikle forståing av datamaterialet som går utover deltakarane sine skildringar og synspunkt. Den deskriptive fasen av analysane inneber å kode og kategorisere materialet slik som vist overfor, utan omsyn til kontekst og samanheng. Medan den fortolkande delen av analysen inneber å sjå nettopp dei kontekstuelle samanhengane. Med andre ord handlar fortolking om ei rekontekstualisering gjennom å anvende relevante teoretiske omgrep på kategoriane (Thagaard 2013, 167).

Koding av data slik eg har presentert det her har lang tradisjon innan kvalitative metodar, og har i følgje Charmaz & Belgrave (2012, 347-348) røter i grounded theory (Glaser & Strauss 1967). Innan denne retninga står det å utvikle teori på bakgrunn av koding av data, og samanlikning av desse kodene, sentralt (Thagaard 2013, 159). Eg har ikkje eksplisitt valt grounded theory som analysemetode i mitt arbeid, men eg har likevel implisitt nytta meg av idear frå denne tilnærminga både undervegs i datainnsamlinga og i nærlesinga av empirien. Grounded theory er på mange måtar ein 'generell' metode som har teke ulike former og blitt ein del av eit felles leksikon for kvalitative studiar. Det som særleg kjenneteiknar grounded theory som metode er dynamikken mellom datainnsamling og analyse, altså som ein samtidig prosess og ikkje som to åtskilte og suksessive fasar (Charmaz og Belgrave 2012, 348). Idear frå grounded theory har dermed fungert meir som ei generell kvalitativ tilnærming enn som ein spesifikk metode i mitt analysearbeid.

5.6. Metodologisk transparens og forskarrefleksivitet

Føremålet med den metodologiske gjennomgangen har vore å sikre at forskingskunnskapen sin reliabilitet og validitet skal kunne vurderast. Reliabilitet inneber å synleggjere forskingsstrategien og analysemetodane, slik at forskingsprosessen kan vurderast steg for steg (Thagaard 2013, 202-205), og slik sett framstå som *påliteleg*. Med validitet meiner eg *gyldigheita* av dei konklusjonane eg trekkjer i drøftinga av analysefunna. Brinkmann og Kvale (2015, 282) seier at i kvardagleg språk refererer validitet til «sanning», «korrektheit» og styrken i dei påstandar som blir sett fram. Vidare hevdar dei at ein gyldig argumentasjon er vel begrunna, mogleg å rettferdiggjere og overtydande. Dersom ein studie si gyldigheit er god, inneber det at me kan vere rimeleg trygge på at resultata av undersøkinga representerer den verklegheita me har studert på eit deskriptivt nivå (Silverman 2011, 369-373). Eit døme på dette kan vere at eg som forskar sikrar at eg og deltakarane i studien snakkar om det same fenomenet når me snakkar om vold. Vidare er det også viktig at fortolkingane av dei deskriptive funna er gyldige (Thagaard 2013, 205), noko ein kan sikre gjennom å gjere forskingsprosessen *transparent* (Silverman 2011, 360-373). Ved å gjere greie for kva som er

grunnlaget for dei konklusjonane ein har kome fram til, kan en styrke fortolkingane si gyldigheit og pålitelegheit.

Den sosialkonstruktivistiske posisjonen inneber eit grunnleggjande syn på at kunnskap ikkje er noko nøytralt og objektivt, men noko som blir skapt i samspelet mellom forskar og kontekst. Konteksten i denne samanhengen er både den samfunnsmessige og sosiale situasjonen eg er ein del av, så vel som den disiplinen og det akademiske miljøet eg representerer, og ikkje minst møta med deltakarane i studien. I følgje Gubrium og Holstein (2002, 149) blir (intervju)data til i ein samproduksjon mellom forkaren og feltet. Dynamikken mellom meg, konteksten, empiri og teori har betydning for dei resultata eg har kome fram til og presenterer. Ved å gjere heile denne prosessen synleg, får lesaren sjølv høve til å vurdere om analysane eg har gjort er pålitelege og konklusjonane mine gyldige.

I neste kapittel skal eg gjere nærmare greie for ulike etiske aspekt ved forskingsprosessen. Her vil eg likevel nemne nokre poeng som knyter seg til etikk, men som likevel handlar om forskarrefleksivitet og transparens. I møte med sterke livshistorier som dei unge deltakarane i denne studien har, kan det vere ei utfordring å praktisere tilstrekkeleg analytisk distanse (Ulvik 2014, 59). Til tider har eg opplevd at historiene til kvar enkelt deltakar, særleg dei unge voldsutsette, er så viktige at dei i seg sjølv er nok å fortelje. I tillegg har eg sjølv bakgrunn som sosialarbeidar, og nærleiken til feltet, inkludert teken for gitt kunnskap og fenomenforståing kan dermed også vere ei utfordring (Ulvik 2014, 58). I følgje Haavind (2000, 159) er det eit viktig metodisk spørsmål å stille seg om ein som forskar tolkar empirien ureflektert og styrt av uvedkomande omsyn, slik som desse ulike aspekta eg har nemnt her, eller om ein søker kunnskap som bekreftar eins egne forforståingar. Metodologisk arbeid inneber å handtere slike utfordringar undervegs, ved å vere medviten sine egne forforståingar og eigen subjektivitet, tilstrebe analytisk distanse og gjere greie for forskingsprosessen og dei vurderingar og val ein har teke undervegs. Slik stiller ein seg open for lesaren si vurdering av forskinga sitt truverd og gyldigheit.

6. Etiske omsyn og utfordringar

Forsking stiller alltid krav til å utøve forsiktigheit og gjere vurderingar om kva implikasjonar det kan ha å delta i studien. Deltaking i forsking som berører sensitive tema og erfaringar, slik som vold gjer, krev særskilde omsyn når det gjeld å ivareta deltakarane. Å forske på sårbare grupper, slik ein gjerne vil definere voldsutsette barn, unge så vel om vaksne, inneber at forskinga har strategiar og struktur for å ta dei omsyn som er nødvendige. Dette inkluderer generelle, tekniske forskingsetiske omsyn knytt til informert samtykke, datalagring og anonymitet (The National Committee for Research Ethics in the Social Sciences and Humanities (NESH) 2016). Det gjeld også meir menneskelege omsyn, som ivaretaking av deltakaren i sjølve intervjusituasjonen og forskaren sine forpliktingar dersom det oppstår bekymring for liv og helse undervegs. Generelt pliktar forskaren å sørge for at deltakaren forstår kva han eller ho er med på og at deltakinga er friviljug. Det er forskaren sitt ansvar å skape ein trygg og god kontekst for samarbeidet. Forskaren må vere medviten maktubalansen i situasjonen som kan påverke intervjuet, og ho må vise respekt for deltakaren sin integritet (Kvale og Brinkman 2015). Før prosjektstart utvikla eg ein plan for ivaretaking av sensitiv informasjon, deltakarar og generelle etiske omsyn. Vidare blei studien meldt til Norsk senter for forskningsdata (NSD).

6.1. Å forske på sensitive tema: refleksjonar kring intervjuja med dei unge voldsutsette

I forsking om sensitive tema er det viktig å tenkje gjennom og ta omsyn til korleis deltakarane vil reagere på å snakke om erfaringane sine, å ikkje tråkke over etiske grenser med tanke på kva den som blir intervjuja ønskjer å dele.¹⁸ På den eine sida kan det å delta i forskinga bidra til refleksjonar, sjølvoppleving og meningsdanning som kan få stor betydning for deltakarane, på den andre sida inneber det særleg risiko for ubehag, stress og eventuelt re-traumatisering når sensitive tema blir utforska (NESH 2016, 19; CP MERG 2012; Gulbrandsen 2012). Temaet kan også vere ekstra sensitivt når det gjeld minoritetsetniske unge, då dei kan føle utryggleik og ubehag ved å dele informasjon med forskaren som kan bidra til å belaste og stigmatisere den etniske gruppa og familien ytterlegare (Crenshaw 1994). Det er viktig å vere medviten at forskingsintervjuet ikkje er ein samtale mellom likeverdige partnarar (Brinkman

¹⁸ Dette kan vere særleg krevjande når den som blir intervjuja er mindreårig. Sjølv om eg i denne studien tek føre meg temaet vold mot barn og unge i nære relasjonar, er deltakarane, med eitt unntak, vaksne og unge vaksne. Eg vil difor ikkje greie nærmare ut om dei særskilde utfordringar og omsyn knytt til å forske med barn. Likevel er det å gjere ein kvalitativ intervjustudie om vold i barndom og ungdom noko som krev særlege omsyn, då tematikken er sensitiv og deltakarane potensielt sett ei sårbar gruppe.

og Kvale 2015, 6), noko som også blir særleg tydeleg når eg som forskar representerer både majoritetsposisjonen, og har middelklassebakgrunn i tillegg til høgare utdanning. I møte med minoritetsetniske så vel som majoritetsetniske voldsutsette deltakar vil forskarposisjonen kunne ha betydning for intervjusituasjonen og dermed også produksjonen av empiri.

Eg brukte mykje tid på å informere og trygge situasjonen i for- og etterkant av kvart enkelt intervju. I nokre høve blei intervju gjennomført på arbeidsplassen til ein hjelpar dei var i kontakt med, og såleis var dei ekstra ivaretekne med tanke på tryggleik. I etterkant av kvart intervju brukte eg litt tid på å snakke om intervjusituasjonen, gi dei unge tid og rom til å kome med tilbakemeldingar og kommentarar til både det å bli intervju om temaet (om det var belastande, tungt, emosjonelt osv.) og til kva dei syns eg burde ta med i andre intervju/perspektiv eg må vere merksam på og liknande. Intervjua var tunge og lange for dei fleste, der mange viste mykje kjensler. Samstundes opplevde eg at dei *ville* fortelje. Eg gav alltid høve til å ta ein pause, eller eventuelt avslutte intervjuet. Det var ingen av dei unge som ville avslutte, eller som trakk intervjuet i etterkant. Mi oppleving i møte med dei unge var at dei ønskte og var motiverte for å dele historiene og erfaringane sine.

Dei fleste av deltakarane levde ikkje lenger i den voldelege situasjonen på intervjutidspunktet. Med andre ord var dei meir kvardagslege erfaringane med voldsopplevingar eit tilbakelagt stadium. Det betyr ikkje at volden ikkje var der lenger. Forteljingane deira vitna om at volden var til stades i form av frykt for nye episodar, og minner som har grodd fast og sett sine spor. Vidare varierte det med omsyn til kor lenge det var sidan dei sto i ein valdeleg familiesituasjon, og det varierte kor bearbeida volds erfaringane var. Mange hadde traume dei framleis jobba seg gjennom. På trass av dette var mitt inntrykk at dei unge sette pris på å delta og hadde eit ønske om at historia deira kunne gjere ein forskjell. Nokre gav direkte tilbakemelding om at det hadde gitt dei ei ny forståing av situasjonen sin å vere med på intervjuet, medan andre fortalte at dei var vant til å snakke om det fordi dei hadde gjort det så mange gongar i kontakt med hjelpeapparatet. Slike tilbakemeldingar kan kanskje forståast som at det ikkje er etisk problematisk å snakke med forskingsdeltakarar om vanskelege livserfaringar, så lenge dei føler seg ivaretekne og at dei har innverknad og medverknad i situasjonen. Tvert om, kan det i nokre tilfelle bidra til å skape mening, både det å i seg sjølv fortelje historia slik dei ønskjer å fortelje den, og opplevinga av at deira erfaringar kan bidra til kunnskapsutvikling. Sett i lys av det narrative perspektivet kan ein tenkje seg at eit forskingsintervju tilbyr nye vilkår for å re-formulere eller re-skape si eiga historie, og slik skape mening med vanskelege livserfaringar.

6.2. Generelle forskningsetiske omsyn

Når det gjeld informert samtykke, datalagring og anonymitet er desse aspekta ivaretekne ved å følgje standard retningsliner. Deltakarane fekk skriftleg informasjon om studien før eg som forskar tok eller kom i direkte kontakt med dei. Vidare sørjde eg for å gi ei grundig forklaring på kva det innebar å delta, kva studien handla om og kva eg ville spørje om, kva intervjuar skulle brukast til, samt oppbevaring av personleg informasjon, intervjuar, anonymisering og datalagring. Eg informerte også om moglegheita til å trekkje seg frå studien fram til publisering (Brinkman og Kvale 2015, 93).

Som forskar innan eit felt som involverer vold mot barn og unge, hadde eg såkalla delvis teieplikt. Dette inneber plikt til å melde til riktig myndigheit/instans dersom det skulle kome fram informasjon som vekker bekymring for ein deltakar sitt liv og helse (jf. bvl. § 6-4, andre ledd, NESH 2016, 17). Forskaren må også ta omsyn til at det kan innebære risiko for deltakeren dersom andre får vite om at dei deltok i studien (CP MERG 2012). Når det gjaldt den mindreårige deltakaren, informerte eg om mi forplikting til å kontakte barnevernet dersom eg skulle bli bekymra for hennar situasjon i løpet av intervjuet. Vedkomande var allereie i kontakt med hjelpeapparatet og difor vurderte eg i dette tilfellet at tryggleiken var ivareteken. Eg gav alle deltakarane høve til å ringe meg i etterkant av studien dersom det var noko dei ville snakke meir om, få hjelp til å kome i kontakt med hjelpeinstansar eller eventuelt trekke seg som deltakar. Ingen av dei unge tok kontakt med meg i ettertid.

Når det gjeld teknisk ivaretaking av datatryggleik og anonymitet blei dette organisert på følgjande måte: Av-identifisert datamateriale i form av intervjutranskripsjonar blei oppbevara i låste skap, separert frå personidentifiserbare opplysningar som lydfiler, namn og telefonnummer. Koplinga mellom personopplysningar og av-identifisert materiale blei lagt inn i ein kodenøkkel der ein id-kode blei påført av-identifisert datamateriale. Denne nøkkelen blei oppbevara saman med dei personidentifiserbare opplysningane i eit låst arkivskap (NESH 2016, 18). Alle dei unge fekk fiktive namn då utdrag frå intervju blei sitert i artiklane, og små endringar i kontekstopplysningar blei gjort når det ikkje hadde betydning for analysane.

6.3. Anonymitet – ein utfordrande balansegang i forskingsformidling

Å sikre deltakarane anonymitet er eit grunnleggjande forskningsetisk omsyn. Anonymitet knyter seg til både oppbevaring av sensitive data og formidling av forskingskunnskapen, og er kanskje særleg viktig i forskning som tek føre seg sensitive tema og vanskelege livserfaringar.

Å ivareta absolutt anonymitet i formidling av kvalitativ forskning er likevel ei krevjande øving. Det kan oppstå motstridande omsyn knytt til kravet om anonymitet og grunnleggjande vitenskaplege prinsipp om å vise fram empirien som ligg til grunn for analysane. Empirien er på eit vis forskaren sitt alibi (Kvale og Brinkman 2015, 95). I arbeidet med analysar og formidling har denne utfordringa gjort seg gjeldande når eg skal gjengi sitat frå intervju med dei unge som eksemplifiserer og belyser analytiske poeng. Ettersom studien har eit kvalitativt intervjudesign, med fokus på å utforske kva deltakarane seier om sine livserfaringar og si livsverd, må eg nødvendigvis vise fram empiri som støttar opp under mine analysar.

Deltakarane, særleg dei unge, blei informert om at dei sjølve ville kunne kjenne att ting dei hadde sagt i intervjuet, og det same ville hjelpearar dei hadde vore i kontakt med. Ingen av dei unge eg snakka med gav tilbakemelding om at dette var eit problem for dei. På trass av at profesjonelle også er underlagt teieplikt, kan det likevel vere problematisk om dei kjenner att ein ungdom dei har jobba med, særleg dersom den profesjonelle ikkje blir omtala i positiv forstand. Også andre som kjenner til detaljar i dei unge sine historier, slik som familie eller andre som kjenner dei eller som dei unge har delt erfaringane sine med, vil kunne kjenne att det som blir gjengitt og dermed kunne identifisere at den unge har delteke i studien.

Dette er forhold som det er nærmast umogleg å forhindre dersom ein skal kunne bruke sitat eller gjengi empiri i forskingsformidling. For å kome utanom denne risikoen må ein omskrive detaljar i empirien ein gjengir – noko som reiser eit anna forskningsetisk problem, nemleg det å manipulere data. Dersom ein byrjar å endre på kvalitative detaljar i empirien vil analysane kvile på falske data, og forskingsfunna blir såleis ugyldige. Dette er sjølvstakt ikkje eit reelt alternativ. Eit anna alternativ kan vere å ikkje gjengi empiri, men i staden referere til den og grovt skissere hendingar utan å avsløre empiriske detaljar. Ei slik løysing er heller ikkje noko godt alternativ, ettersom analysane vil bli mindre transparente og lesarane vil ikkje kunne følge forskingsmetodikken og gjere seg opp ei meining om forskingskunnskapen sin validitet.

Det å ivareta anonymitet i formidling av kvalitativ forskning, og samtidig oppretthalde ein etisk forsvarleg metodologi er ein krevjande balansekunst. Desse dilemma fins det heller ikkje nokon fasit eller endelege svar på, snarare må det vere opp til kvar enkelt forskar å samvitsfult vege, vurdere og reflektere over kva delar av empirien ein kan gjengi utan å gå for mykje på kompromiss med anonymitet, og kva detaljar ein kan endre utan at det har betydning for meiningsinnhaldet og det analytiske potencialet.

7. Samandrag av artiklane

7.1. Artikkel 1: "Young people and young adults' experiences with child abuse and maltreatment: Meaning-making, conceptualizations and dealing with violence"

Første artikkel handlar om ungdom og unge vaksne si meiningsskaping og fortolking av vold dei har opplevd frå foreldra sine som barn og unge. Veiledaren min, Liv Mette Gulbrandsen er medforfattar. Eit viktig føremål med artikkelen var å ikkje berre skildre volden dei unge har opplevd, men å utforske korleis deira meiningsskaping er innleira i sosiokulturelle forestillingar om kva som er vold, kva vold betyr og forhandlingar rundt dette. Den analytiske inngangen er inspirert av eit narrativt perspektiv som vektlegg korleis psykologisk meining på individnivå er linka til sosiokulturell meining som blir skapt på kollektivt nivå, altså korleis meining blir til i samspel mellom individ, og mellom individ og kollektiv. Vidare bidrog det narrative perspektivet til å fange opp korleis meiningsskaping skjer langs temporale aksar og korleis relasjonar verkar inn på meiningsskapinga.

Analysane er basert på intervjuar med dei unge deltakarane i studien og dreiv fram tre overordna funn:

- 1) Nyansar og forhandlingar i meiningsskapinga knytt til voldserfaringane. Gjennom den narrative inngangen blei det tydeleg korleis både den nære og litt større konteksten (samfunnet) fekk betydning i meiningsskapinga: Meining med volden blei forhandla fram både i intervjusituasjonen og i andre interaksjonar dei unge fortalte om. Med andre ord såg meiningsskapinga ut til å vere ein kontinuerleg prosess, der meining blei til i den aktuelle konteksten gjennom den måten historia blir fortalt på til eit spesifikt publikum. Slike analysar søkjer ikkje å få tak i sanninga om det som skjedde, men meiningsskapinga av det dei har opplevd. Både relasjonane til voldsutøvarane eller utøvarane, samt det å sjå tilbake på det som skjedde – altså temporale rørsler, og sosiokulturelle oppfatningar kva som tel som vold synast å verke inn på meiningsskapinga i intervjusituasjonen. Noko som blei oppfatta som vold *den gong då*, blei ikkje nødvendigvis forstått som vold lenger – og omvendt.
- 2) Det andre funnet omhandlar kva dei aller fleste unge definerte som det som hadde gjort mest vondt av erfaringane dei fortalte om: Den psykiske og emosjonelle volden blei av mange løfta fram som det hadde skada dei mest. Fleire uttrykte at det gjorde vondt å bli slått eller banka opp av omsorgspersonane sine, men det som blei sagt saman med slaga var det som sette dei djupaste spora. Den psykiske og emosjonelle

volden kunne bestå i verbal trakassering, som det å bli kalla stygge ting eller rakka ned på. Vidare fortalte fleire om verbale truslar eller truande åtferd, neglisjering og mangel på kjærleik og varme eller omsorg i situasjonar der dei trengte det. Dette funnet blir særskilt viktig i lys av at psykisk og emosjonell vold er den forma for vold som er minst forska på.

- 3) Det tredje funnet omhandlar korleis dei unge handterte volden dei opplevde. Her blei alder eit sentralt omdreiningspunkt i analysen: Som mindre barn var handlingane i møte med volden ofte prega av tilpassing til situasjonen – som til dømes å unngå triggerar. Døme på slike var å sørge for at det var ryddig i huset til mor kom heim, ikkje bråke med støvsugaren, ikkje initiere krangel og liknande. Mange var konstant på vakt for å unngå valdelege episodar. Etter kvart som dei kom opp i tenåra, valde fleire ei meir konfronterande line, der dei anten kontakta barnevernet sjølv, sa frå til lærarar eller liknande. Nokre konfronterte far eller mor med valden eller rømte. Det gjennomgåande var at alder hadde betydning for erkjenninga av at situasjonen var uakseptabel, og dei unge tok i bruk ulike strategiar for å kome seg ut av volden. Sjølv om strategiar for å handtere volden er problematiske sett frå eit profesjonelt perspektiv, er det likevel viktig for profesjonsutøvarar å ha kunnskap om barn sine måtar å agere på i møte med vold, for å kunne forstå dei i sin situasjon og ta omsyn til deira forståingar og ressursar i profesjonelle intervensjonar.

Diskusjonen i artikkelen tek opp det eg har kalla narrative mønster. Det går ut på at dei unge trekker på ulike forklaringsmodellar når det gjeld å forstå volden. Majoritetsetniske unge i denne studien tyr ofte til ei «vanleg» forklaring på foreldres vold i majoritetssamfunnet: nemleg rus eller psykiatri. Dei unge med minoritetsetnisk bakgrunn viser også til foreldra sine helse- eller sosiale problem i sine forklaringar, men dei snakkar også om ‘kultur’ på ulike måtar. Nokre tek opp debatten om stigmatisering av minoritetsetniske foreldre som utøver vold, medan andre meir eller mindre kulturforklarar foreldra sin vold – «dei slo fordi dei ikkje visste andre måtar å gjere det på». Denne forklaringa får betydning for meiningsskapinga med det dei har opplevd på individnivå.

7.2. [Artikkel 2: “Social workers’ challenges in the assessment of child abuse and maltreatment: Intersections of class and ethnicity in child protection cases”](#)

Den andre artikkelen tek føre seg saksbehandlarar sine forståingar i voldssaker i barnevernet. Her analyserer eg korleis dei sosiale kategoriane ‘klasse’ og ‘etnisitet’ trer fram ved hjelp av

eit interseksjonelt perspektiv. Interseksjonalitet har blitt nytta i fleire studiar om minoritetsetniske barn og familiar i barnevernet, både nasjonalt og internasjonalt. I denne studien har eg gjort eit medvite val om å nytte perspektivet som eit særskilt grep for å få auge på det u-uttalte og implisitte i tilknytning til majoritets- og minoritetskategoriane generelt, men også med eit særskilt føremål om å få auge på tekne for gitte normer og forståingar knytte til majoritetskategorien. Slike analysar viser korleis desse kategoriane samspelear i det sosiale arbeidet med voldssaker og verkar inn på dei profesjonelle sitt handlingsrom, og dermed også får ulike utslag for barn og familiar som er ulikt posisjonert med omsyn til makt. Dei sentrale spørsmåla som leiar analysane går ut på korleis klasse og etnisitet kjem til uttrykk i det saksbehandlarar i barnevernet fortel om arbeid med voldssaker, kva utfordringar som knyter seg til kategoriane og korleis dei presenterer sin eigen maktposisjon. Analysane er basert på intervju med saksbehandlarar i barnevernstenesta og viser at dei to kategoriane gjer seg ulikt gjeldande i saker der foreldra har høg sosial status og saker der familien har minoritetsetnisk bakgrunn:

- 1) I saker med høgstatusfamiliar fortel saksbehandlarane at dei stiller i ein underlegen maktposisjon, då desse foreldra nyttar sin økonomiske og sosiale kapital til å forhindre innsyn i familien og barnevernets saksgang. På grunn av denne motstanden foreldra er i stand til å gjere, blir sosialarbeidarane forhindra i å undersøkje bekymring for vold, og mange fortel at desse sakene ofte som følgje av det endrar karakter. Det vil seie at bekymringa kan flytte seg frå vold og omsorgssvikt til barnets åtferdsproblem til dømes, og i mange tilfelle glepp slike saker ut av hendene på barnevernet.

Eit anna scenario i desse sakene var at grenseoppdragane mellom vold og omsorgssvikt syntes å bli utydelege som følgje av manglande innsyn i familien. Saksbehandlarane sin omtale av desse sakene sklei ofte over i skildringar av meir generell omsorgssvikt karakterisert av fysisk fråverande foreldre og manglande emosjonell og mental nærleik. Definisjonen av vold blei difor eit meir diffust prosjekt i desse sakene. Ofte blei det vist til foreldra sin manglande omsorgsevne grunna alkoholproblem eller psykisk sjukdom.

I saker der familien hadde lågare sosial status og/eller minoritetsetnisk bakgrunn, skildra nokre av saksbehandlarane at dei opplevde innsyn og inngangen til familien var lettare på bakgrunn av at dei møtte mindre motstand frå foreldra. Dette blei fortalt om på ein måte som synte at sosialarbeidarane hadde ein overordna maktposisjon overfor desse foreldra.

- 2) I saker med minoritetsetniske familiar fekk etnisitet ofte implisitt betydning ved at barnevernet tilla konflikhtar og vold i familien kulturelle årsaker, og dermed framsto vold mot barn i desse familiane som tilsynelatande noko anna enn vold i majoritetsetniske familiar. Såkalla «oppdragarvold» var hyppig referert omgrep i talen om minoritetsetniske saker, på trass av at det vekte stor ambivalens og motstand hos saksbehandlarane. Omgrepet gir volden kulturspesifikk karakter, og det vakte bekymring hos saksbehandlarane at det kunne få formildande effekt på definisjonen av vold. Dei var difor lite villige til å nytte omgrepet, samstundes som det var vanskeleg å unngå ettersom det synast å hefte ved den minoritetsetniske kategorien. Dette blei særleg synleg i og med at fleire saksbehandlarar peika på at volden i minoritetsetniske familiar ofte hadde same årsakar som hos «vanlege» familiar, underforstått majoritetsetniske, altså rusproblem og psykiatri. Vidare viste fleire saksbehandlarar til at majoritetsetniske foreldre kunne ty til vold i oppsedings-situasjonar, men at foreldra sjølv og heller ikkje saksbehandlarane då definerte det som «oppdragarvold». Dermed synest det som at definisjonen og forståinga av vold ofte blei kopla opp mot etnisitet i minoritetssaker, på trass av eit visst medvit rundt dei negative konsekvensane av dette.

Interseksjonane mellom 'klasse' og 'etnisitet', slik dei samspela med utgangspunkt i den strukturelle posisjonen til saksbehandlarane, såg ut til å føre til ulike utfordringar i møte med dei ulike typane familiar, og dermed også til ulik praksis. Konsekvensen av dette kan vere at det oppstår strukturelle skeivheiter med omsyn til kva barn og familiar som får hjelp og ikkje. For å førebyggje slike skeivheiter kan ei løysing vere å inkludere klasse og etnisitet i dei profesjonelle si forståing, både av korleis vold mot barn utfoldar seg og korleis deira eigen posisjon verkar inn på profesjonell praksis og handlingsrom. Slik kan ein jobbe med og mot strukturelle skeivheiter som i siste instans rammar dei barna som treng hjelp.

7.3. [Artikkel 3: "Giving and receiving help: Young people's and social work professionals' perspectives in child abuse and maltreatment cases."](#)

I den tredje artikkelen blir det komplekse i forteljningane til dei unge utforska, samt kva tilnærming saksbehandlarane fortel dei tek i bruk i voldssaker og kva kompetanse dei opplever at dei treng. Empirien, som byggjer på intervju med dei unge og med profesjonelle som jobbar i barnevernet, blir analysert i lys av teori om den gjensidige dynamikken mellom individ og kontekst – nærare bestemt blir personen-i-situasjonen eksplisitt brukt som analytisk inngang. Dei analytiske spørsmåla dreiar seg om kva dei unge legg vekt på når det gjaldt å få hjelp, og korleis dei presenterer erfaringar med å fortelje om vold til profesjonelle hjelparar.

Vidare omhandlar analysane kva kunnskap og kvalifikasjonar dei profesjonelle presenterter som viktige i arbeidet sitt, og kva dei fortel at dei *gjer* i slike saker. Analysane viser dei unge sine ambivalente oppfatningar knytt til å fortelje om vold og omsorgssvikt, og behovet dei har for å møte profesjonelle som ser dei, lyttar til dei og tek dei på alvor. Profesjonsutøvarane er opptekne av å avdekkje vold, og har fokus på korleis ein kan ivareta denne oppgåva ved hjelp av standardiserte rutinar og framgangsmåtar. I lys av det teoretiske perspektivet drøftar artikkelen moglege implikasjonar ved å rutinisere avdekkingsarbeidet, og kva styrkar og risikoar slike tilnærmingar kan innebere. Personen-i-situasjonen fungerer også som ei linse å analysere sosialarbeidarar sin posisjon gjennom, ved å sjå korleis dei sjølve er innvevd i eit samspel med den større konteksten, der deira praksis og handlingsrom blir skapt i dette samspelet.

Hovudfunna i artikkelen dreiar seg om:

1. Dei unge etterspør sosialarbeidarar som ser dei, snakkar med dei, lyttar og tek dei på alvor. Vidare syner fortellingane til dei unge at dei opplever ambivalens når det gjeld å avdekkje erfaringar med vold, at dei ikkje alltid fortel om volderen sjølv om dei har behov for hjelp, og at kva og når dei fortel ofte heng saman med framgangsmåten til dei profesjonelle og om denne legg grunn for tillit, tryggleik og samarbeid

Funna i denne artikkelen samsvarar med andre forskingsfunn, nemleg at det å fortelje om vold for barn er ein tidkrevjande prosess, der barna treng rom til å trekkje seg og fortelje på nytt det dei har opplevd. Avdekking er ikkje ei eingongshending, men eit arbeid som skjer kontinuerleg gjennom langsiktig arbeid. Vidare er ikkje plassering, i følgje mange av dei unge, eit godt alternativ. Behovet og type hjelp kan variere internt i ein søskenflokk så vel som frå barn til barn på tvers. Desse funna understrekar behovet for kunnskap om kompleksitet og personen-i-situasjonen-tilnærmingar.

2. Saksbehandlarane i barnevernstenesta er opptekne av avdekking, og prosedyrar og metodar for å utføre slik avdekking, samt kunnskap om vold mot barn for å kunne få auge på volderen. Empirien gir ikkje grunnlag for å gjere analysar av kor godt desse framgangsmåtane fungerer, om barna som møter barnevernet opplever at dei profesjonelle sine tilnærmingar er ein god måte å bli møtt på. Snarare gir desse funna grunnlag for å drøfte standardiserte, prosedyrebaserde tilnærmingar, som ser ut til å vere ein tendens i norsk barnevern i dag, i lys av tradisjonell sosialfagleg tilnærming

som er fokusert på å forstå personen-i-situasjonen. For denne kan gjera det mogleg å fange opp kontekstuelle utfordringar og ressursar i kvar enkelt sak, og kan på den måten romme betre den kompleksiteten som karakteriserer voldssaker.

Ein viktig premiss å påpeike er at saksbehandlarane har eit mandat som handlar om å beskytte barn og unge frå vold i nære relasjonar, og dermed vil også fokus og tilnærming også vere prega av dette. Det er likevel tankevekkjande at saksbehandlarar, som er utdanna sosialarbeidarar, har såpass lite fokus på å sosialfagleg perspektiv i arbeidet. Analysane viser at saksbehandlarane har eit sterkt fokus på korleis kunnskap om og verktøy for å avdekkje vold etter kvart har blitt ein integrert del av praksisen deira. Dei snakkar i liten grad om det å sjå barnet og skape tillit, heller ikkje er det sosialfaglege skjønnets vektlagt som sentrale element i arbeidet. Dette kan tenkjast å henge saman med ein politisk og offentleg kontekst som er prega av at barnevernet ofte kjem i skotlina i saker der det har gått gale. Barnevernets kontekst kan seiast å vere eit «high-blame environment» som legg press på å eliminere feil som kan sporast til menneskeleg svikt (eller feilvurdering). Dermed er det nærliggjande å ty til standardiserte, prosedyrebaserte tilnærmingar som tilsynelatande skal kvalitetssikre arbeidet med avdekking og vern av barn. På den måten står barnevernstilsette sjølve i ein kompleks kontekstuell samanheng, der praksisen deira blir skapt i samspel med dei krav samfunnet stiller, kunnskaps- og kompetansegrunlaget deira og dei institusjonelle føringar som rammar inn arbeidsoppgåvene.

8. Avsluttande diskusjon

Dei tre artiklane i avhandlinga fokuserer på ulike måtar på kompleksiteten og det kontekstuelle aspektet når det gjeld det å forstå, fortolke og handtere vold, anten det er som voldsutsett eller som hjelper. Med kontekst meiner eg både personen sitt nære miljø som består av familie, slekt og venner, og det større nettverket og systemet eit individ inngår i, som offentlege institusjonar og andre arenaer på individ og samfunnsnivå. Ved å utforske meiningsskapande prosessar, og korleis konseptualisering går føre seg i samspelet med konteksten, i relasjonar og utifrå posisjonar den enkelte står i (både dei unge voldsutsette og profesjonsutøvarane), blir kompleksiteten i kvar enkelt sak og dei kontekstuelle dynamikkane tydeleggjort. I tråd med ambisjonen om å utvikle sosialfagleg relevant kunnskap, har eg nytta teoretiske perspektiv som på ulike måtar er innretta mot å forstå og konseptualisere den gjensidig avhengige relasjonen mellom individ og kontekst. Narrativ og interseksjonalitet opnar opp for fleire analytiske aspekt ved personen-i-situasjonen, og tilbyr teoretiske omgrep for å forstå og konseptualisere vold mot barn på ulike kontekstuelle nivå.

I den komande diskusjonen vil eg først drøfte korleis eit sosialfaglege perspektiv som personen-i-situasjonen kan vere føremålsteneleg i arbeidet med barn og unge som har opplevd vold. Argumentasjonen fokuserer på korleis *kompleksitetssensitivitet* representerer ei meir dynamisk tilnærming enn ei lineær årsak-verknad-tenking, som kanskje særleg pregar politiske tilnærmingar til å førebyggje og bekjempe problemet. I forlenginga av dette skal eg drøfte nettopp korleis profesjonelle forståingar kan representere ein motsetnad til politiske målsetjingar. Avslutningsvis skal eg kommentere studien sitt teoretiske og kunnskapsmessige bidrag, utfordringar knytt til funna og behovet for vidare forskning.

8.1. Kompleksitet og kontekst: relevansen av sosialfaglege perspektiv i møte med barn og unge som har opplevd vold i nære relasjonar

Den sosialfaglege tilnærminga, å utforske den situasjonen eller konteksten¹⁹ individet eller familien står i, eignar seg altså godt for å fange opp kompleksiteten. Som vist i den tredje artikkelen er det viktig å ta debatten om kva rolle ei slik grunnleggjande sosialfagleg tilnærming spelar i barnevernets handtering av voldsaker, når dette skjer i eit politisk klima

¹⁹ Eg har valt å nytte omgrepa 'situasjon' og 'kontekst' vekselvis og som synonym til kvarandre. Dei to viser til spennet av sosiale einingar individet er ein del av, det vere seg familie, venner, og større strukturar som skule, helsevesen og liknande. Omgrepa inkluderer også dei meir abstrakte sosiale einingane som samfunn og struktur, men i dei høve eg spesifikt viser til samfunnet eller meir formelle strukturar, som til dømes det politiske nivået, nyttar eg ofte desse omgrepa i staden (til dømes samfunnsdiskurs, som då refererer til allmennkulturelle oppfatningar, verdiar eller måtar å forstå ting på).

som er prega av nulltoleranse-diskursen og eit moralistisk blikk på eit feilande barnevern. For tida går det både i helse- og sosialsektoren føre seg ein debatt kring behovet for meir standardisering og evidensbasering (Joranger 2016), og for spesifikke former for kunnskap i møte med bestemte klientgrupper. Sistnemnde gjer seg gjeldande i barnevernsarbeid med minoritetsetniske familiar, der debatten dreiar seg om sosialarbeidarar treng særskild kompetanse for å handtere slike saker. Eit illustrerande døme på forsøk på å redusere kompleksitet i den norske samfunnskonteksten kan vere politikarar og media sitt fokus på å kartleggje førekomst av vold i nære relasjonar basert på etnisitet.²⁰ Dette fokuset reflekterer tilsynelatande ein ide om at ‘etnisitet’ kan forklare vold som førekjem i minoritetsetniske familiar. Og i forlenginga av slike fortolkingar, blir det etterlyst at sosialarbeidarar og barnevernstilsette treng ein spesiell ‘kulturkompetanse’ i møte med minoritetsetniske barn og familiar (Rugkåsa, Ylvisaker og Eide 2017). Når dei ikkje blir problematiserte, kan slike tilnærmingar ha motsette effektar enn det som er meint. Medan ideen bak er å gjere ein betre jobb, kan det å setje lyskastaren på ‘etnisiteten’ til ‘dei andre’ åleine bidra til at det blir ståande som forklaringsmodell på problemet, altså ei kulturalisering av sosiale problem. Fokus på etnisitet eller kultur kan dermed verke kompleksitetsreducerande på ein uheldig måte.

Med utgangspunkt i dette kan omgrep som ‘kulturkompetanse’ og ‘kultursensitivitet’, som ofte blir brukt når det er snakk om møtet mellom barnevern og minoritetsetniske klientar, medføre misvisande forenklingar. Slik som vist i artikkel to, kan me vanskeleg forstå ‘minoriteten’ utan å sjå den i lys av kva kategori den blir sett opp mot; nemleg ‘majoriteten’. Eit einseitig fokus på minoritetsetniske klientar sin ‘kultur’ vil kunne skyggeleggje andre viktige aspekt ved situasjonen som også har betydning. Å gå ut i frå at me kan forstå ein klient basert på vedkomande sin kulturelle bakgrunn kan ha essensialiserande effektar, og bidra til at me møter barn og familiar basert på våre forsforståingar i staden for den kunnskapen me kan få om dei og situasjonen deira i direkte samhandling (Rugkåsa, Ylvisaker og Eide. 2017, 80-81). Slik sett vil det å leggje vekt på ein variabel, utan å sjå dei komplekse samspelsdynamikkar denne inngår i, kunne medverke til å forenkle i staden for å forbetre kunnskapen vår. Særleg dersom ein ikkje også forstår ‘minoriteten’ utifrå eit medvit om sin eigen kulturelle, majoritetsprega normativitet. Dette betyr ikkje at etnisitet eller kultur er

²⁰ <https://www.aftenposten.no/norge/Horne-og-Tajik-Apner-for-a-kartlegge-vold-basert-pa-etnisitet-14629b.html>
<https://www.aftenposten.no/norge/Opptrappingsplanen-Flertallet-vil-kartlegge-voldsutovere-basert-pa-etnisitet-618724b.html>

irrelevante aspekt å søkje kunnskap om, snarare betyr det at det er eitt av fleire aspekt som inngår i den kontekstuelle dynamikken i personen-i-situasjonen-eininga. I mange høve kan me tenkje oss at det å forstå migrasjonshistorie og marginaliseringsprosessar knytt til det å vere etnisk minoritet kan ha vel så stor betydning som kulturelle aspekt (Rugkåsa, Ylvisaker og Eide 2017; Righard 2015; Fuglerud 2001). Såleis er det kanskje meir fruktbart å vere kontekstsensitiv enn kultursensitiv. Å redusere kompleksitet er difor ikkje ein tilrådeleg veg for sosialt arbeid:

«[S]ocial work is a complexity profession, it seeks to account for and respond to the complexities and ambiguities that people face in real life, and therefore we emphasise complexity thinking as the most appropriate course of action for a social worker to take.» (Adams et al. 2009, 6).

Sosialt arbeid må ta høgd for det Qureshi (2009) påpeikar, nemleg grunnleggjande menneskelege behov i kombinasjon med spesifikke trekk ved konteksten (sosiale så vel som kulturelle), og rådande forståingar og oppfatningar i det miljøet individet er ein del av. I tråd med interseksjonalitetsperspektivet er eit individ ofte del av, eller posisjonert i, ulike kategoriar – eller ulike samanvevde kontekstar – på ei og same tid. Når det gjeld å førebyggje og bekjempe vold mot barn, og det heilt konkrete arbeidet med dette i til dømes barnevernstenesta, må me erkjenne at dette arbeidet er grunnleggjande tvetydig og usikkert (Fish og Hardy 2015). Medan politikarar og nokre fagfolk ønskjer å redusere kompleksitet og gjere risiko handterbar ved å nytte ulike metodar og framgangsmåtar som er «vitskapleg testa» (Joranger 2016; Backe-Hansen, Smette og Vislie 2017), hevdar andre at sosiale fenomen er komplekse, og dei scenario sosialarbeidarar intervenserer i er karakterisert av interseksjonar mellom fleire aspekt som er vanskelege å lausrive frå kvarandre. Dermed er det også vanskeleg å føresjå korleis ei vurdering eller beslutning om tiltak vil fungere (Fish og Hardy 2015, 101). Til dømes kan det å definere vold som eit kulturspesifikt uttrykk i møte med minoritetsetniske familiar føre til mistolkingar av problematikken, og dermed også gi feil grunnlag for avgjerd. Det å utelukke at kulturelle aspekt som inngår i den spesifikke konteksten har betydning, kan føre til mangelfull kunnskap om situasjonen, og såleis også medføre risiko for mindre treffsikker intervensjon – sjølv om undersøkingsprosedyren som er brukt er vitskapleg testa. Vidare fins det mykje kunnskap på gruppenivå knytt til risikofaktorar, så vel som vernande faktorar. Når ein sosialarbeidar skal vurdere eit barn sine behov, kva som er barnet sitt beste og kva type intervensjon som eventuelt er eigna, må ho vurdere kva kunnskap som er generalisert på gruppenivå som er relevant på individnivå i den

gitte saka, og kombinere den med kunnskap ho tileignar seg om den unike saka. Ein må nytte seg av ulike kunnskapskjelder, og ofte balansere mellom motstridande kunnskap. Dermed er det nær på umogleg å kome fram til kunnskap som er gyldig i alle samanhengar (Kojan og Christiansen 2016, 21-22). Med andre ord er kunnskapsfeltet også prega av kompleksitet.

Det å jobbe i eit felt som er så konteksteuelt komplekst er ei svært krevjande øving. Å jobbe med sosiale problem inneber å manøvrere i eit samansett landskap av relasjonar og ofte med fleire utfordringar på same tid. Spørsmålet om korleis ein kan etablere føremålstenelege kunnskapsgrunnlag for profesjonell verksemd er som nemnt hyppig diskutert i profesjonelle praksisfelt, i politikken så vel som i forskings- og utdanningsfeltet (Gulbrandsen et al. 2014, 203). Heggen og Dahl (2017) hevdar at det å ta i bruk standardiserte manualar i barnevernsarbeid av barnevernstilsette sjølve blir opplevd som nyttig og fruktbart blant anna fordi det systematiserer arbeidet. Dei viser også til at det blir opplevd som ei støtte for nyutdanna sosialarbeidarar som manglar erfaringskunnskap.

Me kan ikkje utelukke at det å standardisere framgangsmåtar i undersøking av voldssaker vil kunne medverke til kvalitativt betre handsaming av bekymringsmeldingar, og til meir lik behandling av familiar og saker. I tillegg til å vere til hjelp for praksisutøvarane, er tanken bak standardiserte framgangsmåtar nettopp å betre kvaliteten på arbeidet, unngå feilbehandling og sikre likare behandling av saker (Sommerfeldt og Øverlien 2016, 196; Vindegg 2013, 171). Til dømes hevdar Dimmen og Tønnessen (2017) at den spesifikke samtalemotoden med barn, DCM (Den dialogiske samtalemotoden), er eigna for å tilretteleggje ein trygg situasjon for barnet å formidle seg i når barnevernet må undersøkje mogleg vold og omsorgssvikt. Vidare seier dei at samtalemotoden er eigna for å ivareta barnet sin rett til medverknad. Sett i lys av kor komplekse og krevjande voldssaker er, og kor mykje skjønnsutøving som krevs, kan slike former for systematisering og rutinisering av framgangsmåtar ha mange fordelar. Profesjonsutøvarar får hjelp å både systematisere arbeidet, sikre rettsikkerheit og samtidig kanskje få eit kvalitativt betre beslutningsgrunnlag.

Riktig nok er det å systematisere kunnskap og praksistilnærmingar for å oppnå betre profesjonsutøving viktig (Backe-Hansen 2009). Med tanke på kompleksiteten som karakteriserer voldssaker, er det likevel eit paradoks at ein for tida vender seg meir og meir mot standardiserte undersøkingssverktøy. Eit ideal om «lik behandling» kan resultere i at dei unike, kontekstuelle utfordringane og ressursane i kvar sak ikkje blir synlege. Rutinisering kan føre til at ein møter barn og familiar på ein framandgjerande og instrumentell måte, og såleis bli ei erstatning av det profesjonelle skjønnet – som er meint å ivareta nettopp det unike

i kvar sak (Joranger 2016; Sommerfeldt og Øverlien 2016, 196; Järvinen og Mik-Meyer 2003). Faren ved ein-sidedig fokus på rutinar og metodar, i staden for på sjølve det sosiale arbeidet, er at avdekkinga i seg sjølv blir viktigare enn hjelpa. Fish og Hardy (2015, 101) set spørsmålsteikn ved om komplekse situasjonar, på grunn av all usikkerheita dei er assosiert med, bør bli møtt med prosedyrebaserte tilnærmingar for å minimere den skaden ein kan volde gjennom dårlege avgjerder og unøyaktige skjønnsvurderingar. I følgje Featherstone et al. (2014) er det ikkje noko enkelt svar på dette. Det er ikkje alltid slik at sosialfaglege skjønnsvurderingar basert på personen i situasjonen garanterer meir treffsikkerheit enn standardiserte prosedyrar. Skjønnsutøving inneber risiko for vilkårlegheit, uforutsigbarheit og maktmisbruk, samstundes som det er ein heilt unngåelig del av profesjonsutøving og for individuelt tilpassa tiltak (Grimen og Terum 2009, 174). Ein kan dessutan ikkje automatisk gå ut i frå at når eit tiltak eller ein intervensjon ikkje fungerer, så er det hjelpa i seg sjølv det er noko feil med. I staden kan det vere forhold ved situasjonen (kompleksiteten) som gjer det vanskeleg å finne gode tiltak som verkar (Vindegg 2014, 174). Og dette er eit viktig poeng; nemleg at trass i meir kunnskap og kompetanse, både på organisasjonsnivå og profesjonsutøvarnivå, er det forhold ved kvar enkelt situasjon så vel som i «verda der ute» som er så komplekse at det vanskeleg let seg gjere å eliminere ein kvar risiko.

Ei slik erkjenning av kor vanskeleg det er å eliminere all risiko er vanskeleg å innsjå i ein kontekst som det norske samfunnet. Backe-Hansen m.fl. (2017, 17) viser til at med eit så utbygd tenesteapparat som de norske velferdsstaten er, har befolkinga forventningar til at profesjonelle og ekspertar skal kunne måle risiko, gjere den handterbar og slik kunne predikere og unngå at barn blir utsette for fare. Eit syn på risiko som målbar og handterbar kan også vere ei årsak til at det er stort fokus på å utvikle verkty som kan gjere nettopp denne jobben; nemleg identifisere og predikere risiko (Backe-Hansen m.fl. 2017, 18). Det er sannsynleg at nulltoleransediskursen reflekterer dette urealistiske perspektivet på risiko. Som politisk ideal er nulltoleranse viktig, men som praksisførande prinsipp er det svært vanskeleg å gjennomføre. Nulltoleranse kan leggje store begrensingar på hjelpearbeidet, nettopp fordi i mange voldsaker vil problematikken dreie seg om samansette behov knytt til kontekstuelle forhold som økonomi, helse og personlege kapasitetar hos foreldra. Difor er det viktig for sosialarbeidaren å tileigne seg kunnskap om familien *i sin samanheng* (Sommerfeldt og Øverlien 2016, 189). Med andre ord er det viktig å skaffe seg overblikk over dei samla livsvilkåra til barnet og familien, og dei dynamiskar som inngår i familien sin unike kontekst (ibid.). Utifrå eit kompleksitets- og kontekstsensitiv tilnærming, vil standardiserte rutinar

ikkje kunne erstatte erfaringskunnskap og grunnleggjande sosialfagleg kunnskap. Kvaliteten på beslutningsgrunnlaget kan ikkje sikrast berre ved standardisering, og iallfall ikkje innan eit så komplekst felt som vold mot barn i nære relasjonar. Fagleg kompetanse omfattar både relevant teoretisk kunnskap, kunnskap om og trening i profesjonsspesifikke praksisformer, evne til etisk refleksjon og til å utøve profesjonelt skjønn når ulike omsyn må vegast opp mot kvarandre (Gulbrandsen m.fl. 2015, 204).

Dilemma knytt til gapet mellom politikk og praksis er ei kjent sak, og innan eit så moralsk betent felt som vold mot barn i nære relasjonar blir dette svært krevjande. I det vidare skal eg vende tilbake til utfordringane knytt til konseptualisering, og kva problemstillingar som reiser seg knytt til dette – sett opp mot politikk og praksis.

8.2. Politikk og praksis: ulike omsyn på kollisjonskurs?

Slik som diskutert innleiingsvis, er det å definere absolutt kva vold 'er' ei komplisert sak. Oppfattinga av kva som tel som vold, kva årsaker og verknader den har og kva den betyr varierer mellom ulike sosiale, kulturelle og historiske kontekstar – så vel som mellom forskingsfelt og fagdisiplinar. Dei dilemma som knyter seg til kva me inkluderer og ekskluderer i definisjonen av kva vold 'er' har betydning for praksis, jamfør diskusjoonen ovanfor, men også for politikk. Slik som Isdal (2000) argumenterer for, er det viktig å anerkjenne erfaringane til voldsutsette barn og unge ved å kalle vold for vold. Samstundes kan det å kategorisere til dømes ei barnevernssak som ei «voldssak» verke begrensande for endrings- og løysingspotensialet dersom familien sjølv ikkje kjenner seg igjen i ei slik kategorisering (Sommerfelt og Øverlien 2016, 188), eller ikkje er villige til å opne seg opp om kva problem familien har (Malley-Morrison og Hines 2004, 4). Her er det snakk om ulike omsyn, eller kanskje ideal og praksis, som kjem på kollisjonskurs med kvarandre.

Desse ulike posisjonane når det gjeld konseptualisering belyser berre eitt av fleire dilemma sosialarbeidarar i barnevernet står overfor. Konseptualisering har betydning for kva responsar som blir utløyst i hjelpearbeid, og på politisk- og samfunnsnivå skaper det forventningar til kva sosialarbeidarar skal føreta seg i praksis. Ei politisk målsetjing om nulltoleranse (jf. Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet 2014–2017), dersom den blir overført som norm til praktisk barnevernsarbeid, vil implisere at alle former for vold, uavhengig av kontekstuelle forståingar og forhold, vil utløyse bestemte praksisar. I sin ytste konsekvens vil det å definere ei sak som «voldssak», innebere ei rutinemessig kopling mot barnevernlova sin omsorgsovertakingsparagraf, § 4-12, og dermed initiere plassering av barnet. Sett i lys av

kompleksteteten som pregar voldssaker, vil dette vere dramatisk og ikkje nødvendigvis den optimale løysinga i ein kvar situasjon. Dessutan vil det vere i strid med barnevernlova § 4-3, som omhandlar prinsippet om mildast mogleg inngripen (Sommerfeldt og Øverlien 2016, 190). Gitt funna i denne studien, vil ei plassering, på trass av ein familiesituasjon prega av vold, også kunne kome på kollisjonskurs med barnet sin rett til å medverke i eiga sak dersom vedkomande barn ikkje ønskjer plassering. Det er fleire dilemma som melder seg i ein slik situasjon. Profesjonsutøvarar må vurdere kor alvorleg saka er for å kunne ta stilling til om ein skal leggje vekt på barnet sitt perspektiv, eller om ein må overstyre barnet for å ivareta retten det har til vern mot skade. Vidare kan det vere andre kontekstuelle forhold, blant anna foreldra sine innspel og vurderingar som kan vere aktuelle å ta omsyn inn.

Slik Malley-Morrison og Hines (2004, 4) har påpeika, kan det vere diskrepans mellom korleis lekfolk (til dømes foreldre, men også barn og unge) og profesjonsutøvarar definerer fenomenet vold og omsorgssvikt. Ulike grupper vil også ha ulike normative oppfatningar av kva som er god nok og kva som er uforsvarleg omsorg for barn (Læret og Skivenes 2016, 37). «Alle» vil vere samde om at barn som opplever vold skal vernast, men korleis barnevernet skal hjelpe barn i ein slik situasjon er ikkje gitt (Sommerfeldt 2012, 7). Det er ikkje alltid eintydig kvar grensa mellom vold og omsorgssvikt går, slik som vist i artikkel to i avhandlinga. I barnevernslova § 4-12 (omsorgsparagrafen) er den utviklingspsykologiske grunntenkinga i norsk barnevern tydeleg reflektert. Der går det blant anna fram at alvorlege manglar ved dagleg omsorg eller ved personleg kontakt og tryggleik som barnet treng utifrå sin alder, og foreldre sine manglande evner til å ta ansvar for barnet kan ligge til grunn for omsorgsovertaking (bvl. § 4-12, første og fjerde ledd). Eit slikt fokus reflekterer kravet til foreldreferdigheiter og har fokus på psykologiske aspekt ved barnet sin omsorgssituasjon, og i mindre grad kva andre forhold som kan ha betydning for foreldre sin manglande kapasitet til å gi adekvat omsorg, til dømes sosioøkonomiske belastningar (Hennum 2014; Andenæs 2004).

Perspektiv som set fokus på foreldra sin situasjon, og kontekstuelle aspekt ved vold og omsorgssvikt, er i den norske samfunnskonteksten omstridte. Det eksisterer ein polarisert debatt blant både lekfolk og fagfolk om barnevernet eigentleg er eit «foreldrevern» (sjå til dømes Sommerfeldt og Øverlien 2016; Picot 2014). I denne debatten står striden mellom tilsynelatande motstridande omsyn knytt til det å anerkjenne alvorlet i det barnet har blitt utsett for, eller å velje tilnærmingar som legg betre til rette for eit samarbeid med barn og foreldre. Men er dei eigentleg mostridande? Båe omsyn rettar seg mot prinsippet om barnets beste. Det treng ikkje vere nokon motsetnad mellom det å anerkjenne kva barnet har vore utsett for og

det å velje tilnærmingar som legg til rette for eit samarbeid med både barnet og foreldra. Likevel framstår desse to posisjonane som diametralt motsette. Medan sosialarbeidarar sitt relasjonsarbeid med foreldra (som skal legge grunnlag for samarbeid med familien) av nokre blir oppfatta som foreldrevern (Sommerfeldt 2012; Somemrfelt og Øverlien 2016, 197), meiner andre at eit barnesentrert barnevern går på bekostning av foreldre sine rettar (sjå til dømes Picot 2014).

Barnesentrering i barnevernet, og i samfunnskonteksten generelt, er ein tendens som i dei seinare år har blitt særleg utbreidd i dei skandinaviske velferdsstatane (Sommar, Pramling Samuelsson og Hundeide 2010). Kort sagt dreiar barnesentrering seg om barnet sine rettar i kraft av å vere ein borgar på lik linje med vaksne. Barnekonvensjonen står sentralt i fremjing av barn sine rettar, og Noreg har inkorporert barnekonvensjonen i norsk lov. Barn sin posisjon er særleg synleg i barn sine rettar til deltaking, det vil seie rett til å bli involvert i avgjerder som vedkjem dei (Skivenes 2011, 171), men også gjennom barn sin rett til vern mot vold og omsorgssvikt. Vidare handlar barnesentrering om å ivareta eit barneperspektiv og/eller barnet sitt perspektiv. I følge Sommar, Pramling Samuelsson og Hundeide (2010, 22-23) dreiar denne distinksjonen seg om forskjellen mellom det å ha fokus på barn og det å få tak i barnet sine egne perspektiv: *Barneperspektiv* refererer til det å rette merksemda mot barn sine meiningar og erfaringar, men inneber eit utanfrå-blikk, altså vaksne sitt blikk på barn. *Barnet sitt perspektiv* derimot refererer til ein innanfrå-blikk, og representerer barnet sine subjektive erfaringar, oppfatningar og syn på sitt liv Sommar, Pramling Samuelsson og Hundeide 2010).

I så måte er barnesentrering eit positivt ladd omgrep i europeisk samanheng og eit viktig verdigrunnlag i samfunn og politikk generelt, og barnevern spesielt. Likevel er det viktig å ha eit reflektert forhold til kva slagsider eit einseitig eller individualisert fokus på barn kan ha (sjå blant andre Featherstone et al. 2014). Perspektivet har leia til mange svært viktige endringar for barn sine liv, samtidig som dei paradoksalt nok også ser ut til å ha potensiale for negative effektar (Hennum 2014). Slik som tidlegare diskutert, kan det å reindyrke nokre perspektiv og framgangsmåtar skuggeleggje kompleksitet og kontekstuell dynamikk. Å forstå barnet som uavhengig av sin kontekst og sine relasjonar vil vere ei alvorleg slagside ved ei sterkt individualisert barnesentrering, noko analysane i denne avhandlinga understrekar.

Barnesentrert praksis krev at ein har eit reflektert forhold til distinksjonen mellom det å ha eit barneperspektiv og det å søkje barnet sitt perspektiv. Ettersom barneperspektivet kan få objektiverande effekt (Sommer, Pramling Samuelsson og Hundeide 2010), gjennom vaksne sitt utanfrå-blikk, vil dette kunne innebere at ein ikkje tek omsyn til barnet sitt subjektive

perspektiv på sin situasjon. Då vil ein risikere å ikkje oppfylle barnet sin rett til deltaking. Det vanskelege dilemmaet for sosialarbeidarar ligg i balansen mellom profesjonelle vurderingar av barnets beste (barneperspektiv) og omsyn til barnet sin rett til deltaking (barnets perspektiv) – dersom desse to ikkje samsvarar.

Ei aktuell problemstilling då vil kanskje vere kven som skal ha «definisjonsmakta» over kva fenomen det er snakk om, og kva intervensjon som er eigna for å ivareta barn sine behov – også for tilknytning til foreldre og familie, på trass av vold og omsorgssvikt. Skal ein ta barn sine rettar til å medverke gjennom å uttale seg på alvor (inkorporering av barnet sitt perspektiv), kan ein som profesjonell fort bli ståande i eit krysspress mellom profesjonelle tilnærmingar, strukturelle mandat, barnet sine rettar, politiske målsetjingar og allmennkulturelle moralske krav. Dersom me vender tilbake til debatten om barnevern versus «foreldrevern», handlar denne debatten grunnleggjande sett om kva som er til det beste for barnet. Ei polarisering der barn sitt beste blir sett opp mot omsyn til foreldra er neppe fruktbar, då den kan gi inntrykk av at barn er uavhengige av sin kontekst og kan separerast frå sitt miljø utan omkostningar, dersom omsorgssituasjonen er uholdbar. Nokre saker krev umiddelbare, inngripande intervensjonar der det er avjgerande å få barnet ut av situasjonen (Sommerfeldt og Øverlien 2016, 185). Samstundes er det ikkje alle voldssaker som krev slik akutt handling, men som likevel er alvorlige nok til at barnevernet blir ståande i dilemmaet «Kva er det beste av fleire dårlige alternativ?». Her er det sjølv sagt barnets beste som blir vurdert, og då blir barnevern versus foreldrevern-debatten både misvisande og ufruktbar.

Featherstone et al. (2014, 7) påpeikar korleis eit sterkt individualisert fokus på barn kan innebere manglande anerkjenning av barn sine relasjonelle identitetar og forankringar. Eit slikt utslag av barnesentrering vil kunne kome til å konstruere barnet som ei autonom eining utan noko kontekstuell forankring eller tilhøyrsløse. Slik som mine analyser viser, er barn og unge sine eigne forståingar av kva dei har opplevd, samt deira ønsker og behov for hjelp svært varierende, komplekse og nettopp kontekstuelle og relasjonelt dynamiske. Kva som er til det beste for barn er ikkje alltid eintydig, noko som også blir påpeika i NOU 2012:5. Der blir det framheva at oppfattinga av barns beste kan variere med kultur, tradisjonar, religion, samfunnsforhold og over tid. Samstundes påpeikar NOU'en at i tilfelle der barnet sitt beste er i strid med foreldra sine interesser, skal barnet sine interesser og behov gå føre (NOU 2012:5, 41). Å vurdere kva som er til barnet sitt beste, også i voldssaker, er dermed svært komplisert når ein skal ta høgde for barn og unge sine subjektive perspektiv på sin situasjon, i tillegg til å vurdere meir objektive forhold (til dømes alvorlighetsgrad på vold og omsorgssvikt). Slike

saker krev difor brei kompetanse til å forstå komplekse fenomen og deira interne samspelsdynamikkar (Sommerfeldt og Øverlien 2016, 197).

Sosialarbeidarar står på den måten overfor fleire dilemma som knyter seg til ulike omsyn: å omsetje nulltoleransopolitikken til praksis, ta omsyn til barnet sitt perspektiv (særleg når det avviker frå profesjonell konseptualisering og vurdering), og tilnærme seg problematikken på ein måte som skaper rom for førebygging og endring i familiedynamikken dersom det blir vurdert at det vil vere til det beste for barnet – for å nemne nokre. Slik sett har konseptualisering stor betydning for både praksis og politikk. Faglege tilnærmingar og politiske målsetjingar kan fort kome på kollisjonskurs. Samstundes kan barn sin rett til medverknad kome på kollisjonskurs med retten til vern, og profesjonelle si vurdering av kva som er til det beste for barnet. Dette er ikkje eit nytt dilemma for sosialarbeidarar, snarare utgjer det kjernen i dei daglege utfordringane barnevernstilsette står overfor – å vurdere ulike krevjande omsyn opp mot kvarandre, der utfallet aldri kan garanterast men i staden inneber risiko, uansett kva løysing ein vel (sjå bl.a. Backe-Hansen, Christiansen og Heggem Kojan 2016; Ellingsen og Kruke 2016).

I ein kontekst prega av nulltoleranse-idealet, der ein har både eit politisk og eit folkeleg press på barnevernet om å forhindre at barn blir utsette for vold, blir dei motstridande omsyna, dei rettigheitsmessige og moralske dilemma som sosialarbeidarar står oppi for lite problematisert. Eit døme på dette finn me i den nye NOU'en (2017:12, 12) som formulerer eit mål om at norske barn skal vere verdas tryggaste. Slike målsetjingar er krevjande fordi kompleksiteten i situasjonen til barn som opplever vold blir underkommunisert. I staden blir det reist krav om meir kunnskap og kompetanse i tenesteapparatet og blant profesjonelle. I seg sjølv er ikkje det problematisk, då kunnskap og kompetanse alltid kan vidareutviklast. Likevel blir dette problematisk når det gir eit bilete av at profesjonsutøving både på individ- og institusjonsnivå er kunnskaps- og kompetanselaus. Det å erkjenne kompleksiteten i slike saker, og ikkje minst den ibuande risikoen som er nær på umogleg å eliminere, er nærmast fråverande i samfunnsdebatt og politikk. På same måte er det lite merksemd kring strukturelle begrensingar og tilkortkomenheit, inkludert dei dilemma og konflikhtar politiske føringar og pålegg skaper for praksis. Det må vere mogleg å anerkjenne at vold mot barn (inkludert kunnskapsfeltet) er eit kontekstuelst komplekst fenomen, slik eg har belyst i denne avhandlinga, utan at ein slik posisjon skal bli misforstått som eit forsøk undergrave Alvoret og ein felles allmennpolitisk agenda om å bekjempe det.

Det er ikkje sikkert det er profesjonelle si vegring mot eller kompetanse til å snakke med barn om vold som er det største problemet i kampen mot å bekjempe fenomenet. Det kan godt også handle om den politiske og allmennkulturelle uviljen til å anerkjenne kompleksiteten i det – og at det kanskje ikkje er mogleg å utvikle standardiserte og enkle løysingar, verken rutinar som fangar opp alle teikn på risiko eller ein heildekkjande kunnskap på feltet. Med utgangspunkt i desse utfordringane er det svært viktig å gi rom for ei brei og djup forståing av fenomenet vold mot barn, då det vil tene barnets beste at praktiskarar byggjer på ein kunnskap som rommar deira spesifikke erfaringar og situasjon.

8.3. Det sosialfaglege teorigrunnlaget: ei spesifisering

Sosialarbeidarar treng altså kunnskap om vold som eit sosialt situert fenomen. Og personen-i-situasjonen som teoretisk perspektiv kan medverke til å få auge på dei sosiale, relasjonelle og kontekstuelle samanhengar i kvar enkelt voldssak. Eitt av studien sine sentrale bidrag er den teoretiske spesifiseringa av personen-i-situasjonen som både det narrative perspektivet og interseksjonalitetsperspektivet medverkar til. Felles for desse to inngangane er at dei på ulike måtar syner den gjensidig avhengige dynamikken i individ og kontekst-eininga. Både perspektiv belyser korleis fortolking og handtering av vold mot barn, anten det er sett frå utsette unge eller profesjonelle sin posisjon, går føre seg i eit samspel med dei ulike kontekstuelle samanhengar dei inngår i.

For dei unge voldsutsette deltakarane sin del, syner den narrative inngangen korleis subjektiv meiningsskaping er vevd saman med meiningsskaping på kollektivt nivå. Her blir ‘individet-i-kulturen’ gjort eksplisitt som ei analyseeining, ved å vise korleis dei unge skaper meining med erfaringane sine ved å ta i bruk kollektive narrativ om vold mot barn.

Interseksjonalitetsperspektivet spesifiserer personen-i-situasjonen på strukturelnivå og institusjonsnivå. Forståingar av vold, og dermed også konkret hjelpearbeid, er uløysleg frå den institusjonelle og strukturelle konteksten dei profesjonelle inngår i. Samstundes som sosialarbeidarane manøvrerer innanfor den situasjonen dei er ein del av og slik bidreg til å utvide eller innskrenke sitt profesjonelle rom.

På denne måten bidreg desse to inngangane med teoretiske omgrep som kan spesifisere ulike aspekt ved og nivå i personen-i-situasjonen. Det sentrale omdreiningspunktet i desse analysane er fokuset på prosess og samspel innad i eininga, i staden for på ei lineær forståing av forholdet mellom variablane (Valsiner og Winegar 1992). Ei personen-i-situasjonentilnærming vil gi ei anna form for kunnskap enn eit fokus på årsak og verknad kan.

Dermed kan ein også tilby tiltaksalternativ som rommar betre dei relasjonelle og kontekstuelle aspekta i saka.

8.4. Utfordringar knytt til funna i studien, kunnskapsbidrag og behovet for vidare forskning

Ei av dei største utfordringane knytt til denne studien dreiar seg kanskje om funna i seg sjølv: betydinga av kompleksitet og kontekst. Det *er* krevjande å forholde seg til og handtere kompleksitet – særleg innanfor eit så emosjonelt betent felt som vold mot barn i nære relasjonar. Når samfunnet rettar kritikk mot barnevernet for å ikkje klare å fange opp og hjelpe barn som har lidd under grov vold og omsorgssvikt, kan me kanskje forstå det som ein kollektiv reaksjon som reflekterer ei kjensle av maktesløyse. Dei fleste vil kjenne avmakt stilt overfor saker der barn i verste fall har døydd som følgje av foreldra sin vold og omsorgssvikt. Samfunnet sitt kritiske blikk vil då naturleg nok rette seg mot barnevernet, som er den instansen som sit med det eksplisitte mandatet å beskytte barn frå nettopp slik risiko. I lys av dette kan ein kanskje seie at ein forskingsstudie som denne forpliktar når det gjeld å kome med konkrete løysingsforslag og strategiar for å førebyggje og bekjempe vold mot barn. Nokre vil kanskje karakterisere det som ei svakheit at studien ikkje tilbyr nettopp slike forslag, men i staden problematiserer og kompliserer tematikken enda meir. Ein slik kritikk vil vere forståelig, samstundes som eg vil møte den med å insistere på at den kunnskapen studien presenterer, altså bidraget den gir når det gjeld å forstå konteksteuell dynamikk og kompleksiteten i voldssaker, er det som best kan medverke til å hjelpe voldsutsette barn og unge.

Ei utfordring som relaterer seg til det at studien ikkje tilbyr spesifikke strategiar og løysingar i arbeidet med voldsutsette barn og unge, er det at funna ikkje let seg generalisere eller er eigna i *alle* saker der barn og unge er voldsutsette. Samstundes er det nettopp denne budskapet som ligg i funna om kompleksitet og kontekstuelle samanhengar; at det ikkje er mogleg å kome fram til kunnskap som eignar seg i alle samanhengar, ei slags ‘one-size-fits-all’-kunnskapsform. Særleg når det gjeld funna og diskusjonane knytt til barnevernets møte med voldssaker er denne utfordringa viktig å påpeike.

I eit land som Noreg, der det er store forskjellar i ressursar og organisering mellom kvart enkelt barnevernkontor, mellom by og bygd, når det gjeld demografi og dermed også i kva type saker som er «vanlege» ved dei ulike kontora, kan det hende det er vanskeleg for alle barnevernstilsette å kjenne seg att i det eg drøftar i denne avhandlinga. Difor er det også viktig

å understreke at kunnskapen frå denne studien medverkar til å utvide kunnskapsgrunnlaget, særleg i sosialt arbeid, ved å tilby fleire kunnskaps*alternativ*, eller kunnskaps*rammer*. Analysane og drøftingane belyser korleis personen-i-situasjonen kan takast i bruk som eit perspektiv å tenke innanfor, og representerer ikkje ein modell som består av fastlagde rutinar framgangsmåtar.

Ei anna kunnskapsramme studien bidreg med kan vere det metodologiske designet i seg sjølv. Ulvik (2014, 58) peikar på at det er ein analogi mellom forskning og praksis, og viser til Gallacher og Gallagher (2008) når ho refererer korleis forskning er ein eksperimenterande prosess heller enn ein på førehand definert metodikk for å avdekke ei gitt og eintydig verd. Dette poenget har også blitt streka under her, der eg gjorde greie for den metodologiske prosessen studien har gjennomgått. I følgje Ulvik er metodologiske utfordringar i forskning ofte analoge med dei utfordringar praktikarar opplever i søking etter kunnskap om eit barn sitt liv. Ein ide om at det er mogleg å avdekke vold som noko gitt og eintydig kan synast å ligge til grunn for rutinisering av undersøkingssaker som ser ut til å vere på frammarsj i det norske barnevernet. Gulbrandsen (2014, 207) peikar på at profesjonell praksis er forventa å vere godt dokumentert, slik at den kan etterprøvast og eventuelt målast opp i mot ønska resultat. Dokumentasjon er riktig nok viktig i ei kvar barnevernssak, uavhengig om det er snakk om vold eller ikkje. Dette handlar om barn og familiar sin rettstryggleik. Men – dersom dokumentasjonen inneber standardisering, gjennom regulerte registreringsordningar og fastlagde rutinar og manualar, kan ein risikere at profesjonsutøveren si skjønnsvurdering ikkje berre blir innskrenka i praksisutøving, men også usynleg i dokumentasjonen.

Gulbrandsen (2014, 208) foreslår eit analytisk rammeverk som støttar profesjonsutøveren sitt empirisk utforskande blikk, og eit teoretisk fundament som utgangspunkt for faglege refleksjonar som kan føre til tiltak til det beste for det spesifikke barnet det er snakk om. Det som vil måtte dokumenterast av fagleg praksis då er nettopp profesjonelle refleksjonar og skjønnsvurderingar undervegs som synleggjer korleis ein har kome fram til dei avgjerder ein tek. Gjennomgangen av det metodologiske designet i denne studien kan fungere som eit døme på analogien mellom forskning og praksis. Det viktige poenget her er korleis ein som forskar, men også som praktikar, endrar og utviklar forståinga av det sosiale fenomenet og problemet etter kvart som ny kunnskap kjem til. Dette ville vere i tråd med narrativ tenking slik den er nytta i denne avhandlinga; kontekstuelle og temporale element medverkar til ei kontinuerleg meiningsdanning, der forståinga av situasjonen blir justert i tråd med nye erfaringar og ny kunnskap som kjem til etter kvart. Ein slik inngang til det å søkje kunnskap er dynamisk og

sirkulær, i staden for den meir statiske og lineære årsak-verknad tenkinga som gjerne ligg til grunn for standardiserte framgangsmåtar.

Det å handtere kompleksiteten i saker der barn og unge har opplevd vold krev både djup og brei kunnskap. I ein diskusjon om evidensbasert praksis i sosialt arbeid, skisserer Backe-Hansen (2009) korleis det sosialfaglege kunnskapsgrunnlaget består av fleire grunnsteinar: Forskingskunnskap, praksisbasert kunnskap (forstått som det praktiskar lærer av klientane sine), erfaringskunnskap (det sosialarbeidaren har lært av eiga erfaring), profesjonsverdiar og det klienten bringer med seg inn i møtet med den profesjonelle. Vidare nemner Backe-Hansen (2009, 5) kor viktig det er å ha ei kritisk reflekterande tilnærming til dei ulike kunnskapsformene. Desse elementa er alle, slik eg ser det, heilt sentrale delar av det sosialfaglege kunnskapsgrunnlaget – kunnskapsbitar frå ulike posisjonar og perspektiv. I lys av dette bidreg avhandlinga til å dekkje nokre delar av eit stort kunnskapsbehov, først og fremst når det gjeld kva unge voldsutsette sjølve kan ha å fortelje, slik at erfaringar med vold i nære relasjonar kan bli forstått og fortolka som eit kontekstuelst situert problem.

Ettersom vold mot barn i nære relasjonar er eit komplekst felt, trengs det kontinuerleg forskning og kunnskapsutvikling. Eg vil særleg hevde at det er naudsynt å prioritere forskning om vold i nære relasjonar nettopp innanfor sosialt arbeid, då så få studiar om vold er forankra i dette feltet. Slik forskning må særleg ta utgangspunkt i dei fokusområde sosialt arbeid har: forståinga av den gjensidig avhengige relasjonen mellom individ og kontekst, respekten for brukaren sitt perspektiv og retten til brukarmedverknad. Når det gjeld vold mot barn vil dette dreie seg om barn sine rettar til deltaking, så vel som vern, men også det å forstå og respektere barn sine kontekstuelle forankringar og relasjonelle identitetar.

I tillegg, for å styrke og kunne ta i bruk slik kunnskap, trengs det forskning om korleis profesjonsutøvarar nyttar og forstår sitt eige kunnskapsgrunnlag. Det er nemleg ikkje sikkert det er mangel på kunnskap som er den største utfordringa i arbeidet med å førebyggje og bekjempe vold i nære relasjonar, men mangel på rammer, strategiar og autonomi til å nyttiggjere seg den kunnskapen sosialarbeidarar allereie har. Dette er ei viktig oppgåve for politikarar: å gjere det mogleg for praktiskar som møter voldsutsette barn og unge å ta i bruk og vidareutvikle sin faglege kunnskap og kompetanse – til det beste for barnet.

9. Litteraturliste

- Adams, Robert, Lena Dominelli and Malcolm Payne. 2009. «Developing integrative practice». I Robert Adams, Lena Dominelli og Malcolm Payne, red. *Practicing social work in a complex world*. 2. utgave. New York: Palgrave Macmillan. s. 1–11
- Andenæs, Agnes. 2004. «Hvorfor ser vi ikkje fattigdommen?» *Nordisk Sosialt Arbeid* 24(1): 19–33
- Anthias, Floya. 2012. «Intersectional what? Social divisions, intersectionality and levels of analysis». *Ethnicities* 13 (1): 3–19
- Backe-Hansen, Elisabeth, Ingrid Smette og Camilla Vislie. 2017. *Kunnskapsoppsummering. Vold mot barn og systemsvikt*. Rapport nr. 4/17. Oslo: NOVA, Høgskolen i Oslo og Akershus
- Backe-Hansen, Elisabeth, Øivin Christiansen og Bente Heggem Kojan. 2016. «Best mulige beslutninger ti best mulig hjelp». I Øivin Christiansen og Bente H. Kojan, red. *Beslutninger i barnevernet*. Oslo: Universitetsforlaget. s.215–229
- Backe-Hansen, Elisabeth, Christian Madsen, Lars B. Kristoffersen og Bjørn Hvinden. 2014. *Barnevern i Norge 1990 – 2010. En longitudinell studie*. Rapport 9/14. Oslo: NOVA
- Backe-Hansen, Elisabeth. 2009. «Hva innebærer et kunnskapsbasert barnevern?» *Fontene Forskning*, 2(9): 4–16.
- Bamberg, Michael. 2004. «Stories. Big or small. Why do we care»? *Narrative Inquiry* 16: 139–147
- Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet. 2013-2016. *Handlingsplan mot tvangsekteskap, kjønnslemlestelse og alvorlige begrensninger av unges frihet*
- Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet. 2014-2017. *Barndommen kommer ikke i reprise. Strategi for å bekjempe vold og seksuelle overgrep mot barn og ungdom*
- Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet. 2014-2017. *En god barndom varer livet ut. Tiltaksplan for å bekjempe vold og seksuelle overgrep mot barn og ungdom*
- Behl, Leah E, Heather E. Conyngham og Patricia F. May. 2003. «Trends in child maltreatment literature». *Child Abuse and Neglect* 27(2): 215–29

- Berg, Anne-Jorunn, Anne B. Flemmen og Berit Gullikstad, red. 2010, *Likestilte norskheter: Om kjønn og etnisitet*. Trondheim: Tapir Akademisk Forlag
- Berg, Berit. 2015. «Hva er sosialt arbeid?» I Ingunn T. Ellingsen et al., red. *Sosialt arbeid: En Grunnbok*. Oslo: Universitetsforlaget. s. 19–35
- Berger, Peter L. og Thomas Luckmann. 2000. *Den samfunnsskapte virkelighet*. Omsett av Frøydis Wiik. Bergen: Fagbokforlaget. Opprinnelig publisert som *The Social Construction of Reality: A Treatise in the Sociology of Knowledge* (New York: Anchor Books, 1966)
- Bredal, Anja. 2007. «Den 'spesielle volden'. Vold mot minoritetsjenter på sidelinjen», I Knut Storberget et al., red. *Bjørnen sover: Om vold i familien*. Oslo: Aschehoug. s. 56–60
- Bredal, Anja. 2009. «Barnevernet og minoritetsjentes opprør. Mellom det generelle og det spesielle». I Eide, Ketil et al., red. *Over profesjonelle barrierer. Et minoritetsperspektiv i psykososialt arbeid med barn og unge*. Oslo: Gyldendal Akademisk. s. 38–58
- Bredal, Anja og Hilde Liden. 2015. Hva med 2017? *Første delrapport I Følgeevalueringen av Handlingsplan mot tvangsekteskap, kjønnslemlestelse og alvorlige begrensninger av unges frihet 2013-2016*. Rapport 2015:3. Oslo: Institutt for samfunnsforskning
- Brinkman, Svend og Steinar Kvale. 2015, *InterViews. Learning the Craft of Qualitative Research Interviewing*. Thousand Oaks, CA: Sage
- Bruner, Jerome. 1990. *Acts of Meaning*. Cambridge, MA: Harvard University Press
- Burr, Vivien. 1995. *An introduction to social constructionism*. London. Routledge
- Butchart A et al. (2006) *Preventing Child Maltreatment. A Guide to Taking Action and Generating Evidence*. Geneva: World Health Organization and the International Society for Prevention of Child Abuse and Neglect.
- Calheiros, Maria M. et al. 2016. «Defining child maltreatment among lay people and community professionals: Exploring consensus in ratings of severity». *Journal of Child and Family Studies* 25(7): 2292–2305

- Callaghan, Jane E.M. og Joanne H. Alexander. 2015. *Understanding agency and resistance strategies (UNARS): Children's experiences of domestic violence*. Report, University of Northampton, United Kingdom
- Charmaz, Kathy og Linda L. Belgrave. 2012. «Qualitative interviewing and grounded theory analysis». I Jaber F. Gubrium et al., red. *The Sage handbook of interview research. The complexity of the craft*. 2. utgåve. Los Angeles: Sage
- Child protection monitoring and evaluation reference group. 2012. *Ethical principles, dilemmas and risk in collecting data on violence against children. A review of the literature*. New York: UNICEF
- Christie, Alistair. 2010. «Whiteness and the politics of 'race' in child protection guidelines in Ireland». *European Journal of Social Work*, 13: 199–215
- Corbin, Juliet og Anselm Strauss. 2008. *Basics of Qualitative Research*. London: Sage
- Cornell, Kathryn L. 2006. «Person-in-situation: History, Theory, and New Directions for Social Work Practice». *Praxis 6* (Fall 2006): 50–57
- Crenshaw, Kimberle. 1994. «Mapping the margins: Intersectionality, Identity, Politics, and Violence against women of colour». *Kvinder, Køn og Forskning*, 2-3: 7–20.
- Czarniawska, Barbara. 2004. *Narratives in social research*. London: Sage Publications
- De los Reyes, Paulina og Dina Mulinari. 2005. *Interseksjonalitet: Kritiska reflektioner över o(jäm)likhetens landskap*. Malmö: Liber
- Dimmen, Siv A. og Henning Tønnesson. 2017. «Gjentar vi det siste ordet hele tiden...? Bruk av samtalemetoder i barneverntjenesten». *Fontene Forskning* 10(1): 87–92
- Dyrhaug, Tone og Vibeke Sky. 2015. *Barn og unge med innvandrerbakgrunn i barnevernet*, Report No.15, Oslo, Norway: Statistics Norway
- Ellingsen, Ingunn T. og Bjørn Ivar Kruke. 2015. «Risikohåndtering i sosialt arbeid». I Ingunn T. Ellingsen et al., red. *Sosialt arbeid: En Grunnbok*. Oslo: Universitetsforlaget. s. 210–226
- Eriksson, Maria et al. 2010. *Barns Stemmer om Vold. Å Tolke og Forstå*. Oslo: Gyldendal Akademisk

- Featherstone, Brid, Susan White og Kate Morris. 2014. *Re-imagining child protection: Towards humane social work with families*. Bristol: Policy Press
- Felitti, Vincent J. og Robert F. Anda. 2010. «The relationship of adverse childhood experiences to adult medical disease, psychiatric disorders, and sexual behaviour: Implications for healthcare». I Ruth A. Lanius, Eric Vermetten og Claire Pain, red. *The effects of early life trauma on health and disease. The hidden epidemic*. New York: Cambridge University Press. s. 77–87.
